

# Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke

Landskapstypeklassifisering og verdisetting i  
samband med fylkesdelplan for vindkraft



Lars A. Uttakleiv



<i>Tittel:</i> Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke; Landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med fylkesdelplan for vindkraft	<i>Rapport nr:</i> 07 - 2009
<i>Forfattar:</i> Lars A. Uttakleiv	<i>Dato:</i> 18.12.2009
<i>Referanse:</i> Uttakleiv, L. A. 2009. <i>Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke; Landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med fylkesdelplan for vindkraft</i> . Aurland Naturverkstad rapport 07/2009	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Regionalavdelinga	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Joar Helgheim
<p><i>Samandrag:</i></p> <p>Aurland Naturverkstad AS, har på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjennomført ei heildekkjande landskapsanalyse inklusive verdisetting av landskapsområde langs kysten av Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for oppdraget er behov for eit betre kunnskapsgrunnlag om landskap i samband med Fylkesdelplan for vindkraft.</p> <p>Rapporten identifiserar og karakterskildrar 399 landskapsområde fordelt på 20 unike landskapstypar. Saman med landskapskartlegginga i Hordaland (<i>AN rapp. 02-09</i>) er Sogn og Fjordane fyrste fylke i Noreg som har full dekning av landskapstypesamansetning innafor heile underregionar og store delar av landskapsregionane 20 og 21, langs kysten av Vestlandet.</p> <p>Rapporten inneholder ei tekstlig skildring av alle landskapstypar innanfor ei avgrensing innover i landet som inkluderar dei landskapsregionane som har areal med potensiale for vindkraftutbygging. Landskapstypene er digitalisert og framstilt i kart.</p>	
<p><i>Medverkande i prosjektet:</i></p> <p><b>Aurland Naturverkstad AS:</b> Morten Clemetsen (M.C). Siri. W. Bøthun (S.W.B). <b>Sweco:</b> Trond Simensen (T.S) og <b>Bjørbekk og Lindheim:</b> Nina Rieck (N.R).</p>	
<i>Forsideillustrasjon:</i> <i>Bremangerpollen mot Frøya</i> <i>Foto:</i> Morten Clemetsen	<i>Emneord:</i> Landskapskartlegging Landskapsområdar Landskapstypar Landskapskarakter Landskapsverdi
<p><i>Produsert av:</i></p> <p>Aurland Naturverkstad AS Postboks 27, 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 <a href="http://www.naturverkstad.no">www.naturverkstad.no</a></p>	
<b>ISBN 978-82-8199-003-6</b>	



## Forord

Det er på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune føreteke ei landskapskartlegging av ytre delar av Sogn og Fjordane fylke. Hovudformålet med kartlegginga er å ha eit landskapsfagleg grunnlag i arbeidet med fylkesdelplan for vindkraft.

Den føreliggande rapporten innehelder ein samla landskapskartlegging med tilhørande verdivurdering for kysten av Sogn og Fjordane. Område dekker ca 4000 km<sup>2</sup>. 399 landskapsområde er identifisert og gjeve karakterskildring og verdi.

Prosjektleiar og fagansvarleg for kartlegginga har vore landskapsgeograf Lars A. Uttakleiv. Han er hovudforfattar og ansvarlig for digitalisering og utarbeiding av analysekarta og har stått for organisering og koordinering av feltarbeidet sommaren 2009.

Resultatet bygger på erfaringar med tidligare landskapskartleggingsprosjekt. Det har også vore behov for eit betydelig metodisk utviklingsarbeid for å kunne etablere ein systematisk og etterprøvbar verdisettingsmetodikk for landskap på regionalt nivå. Dette har tidligare ikkje blitt gjennomført i Noreg.

Denne faglige oppgåva har blitt løyst i et samarbeid mellom Aurland Naturverkstad AS og eksterne fagpersonar, i første rekke landskapsarkitekt Trond Simensen i SWECO, og landskapsarkitekt Nina Rieck i Bjørbekk og Lindheim AS. Frå Aurland Naturverkstad AS har, forutan prosjektleieren, landskapsarkitekt, Dr.sc. Morten Clemetsen og landskapsforvaltar Siri Wølneberg Bøthun vore faglig involvert. Christoffer Knagenhjelm har utarbeidd det digitale registrerings-verktøyet i prosjektet, korrektur er utført av Unni Underdal. Der anna ikkje er oppgitt er foto brukt i rapporten teke av forfattar under feltsynfaring.

Oppdraget er i hovudsak utført i 2009. Kontaktperson hos oppdragsgivar Sogn og Fjordane Fylkeskommune, har vore Joar Helgheim. Vi takker for godt samarbeid underveis.

Aurland 18. Desember 2009

Morten Clemetsen  
Aurland Naturverkstad AS

## **Samandrag**

Prosjektet "Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane" har hatt som målsetting å gi ein regional kartlegging og analyse av kystlandskapet i Sogn og Fjordane, i samband med Fylkesdelplan for vindkraft. Landskapet er analysert og klassifisert i landskapstypar og verdivurdert, helde opp i mot ei regional referanseramme. For å løyse desse oppgåvene er det valt å ta utgangspunkt i metode for romleg landskapskartlegging som det nasjonale referancesystem for landskap byggar på (*Norsk institutt for Skog og Landskap*). Vi har vald å nytte metoden sitt mest detaljerte nivå med inndeling i landskapsområde, der ein arbeidar i skala 1 : 50.000. Sentralt for metoden er korleis romverknadar og skala varierar, og korleis dette påverkar avgrensing og klassifisering av landskapstypar.

Rapporten identifiserar 399 landskapsområde og 20 landskapstypar, fordelt på 3 landskapsregionar og 11 underregionar langs kysten av fylket. Dei 399 landskapsområda er verdivurdert og geografisk stadfesta i ein digital landskapsdatabase.

Hovudinnhaldet i rapporten presenterar landskapstypeskildringar og resultatet av ei overordna verdivurdering. Landskapstypeskildringane er katalogisert inn under sine respektive landskapsregionar. Kapitel 4, presenterar ei tekstleg skildring av dei 3 involverte landskapsregionane og dei 20 landskapstypane som finst i utgreiingsområdet. Kvar av landskapstypane har ei utførleg, tekstleg skildring av dei seks landskapskomponentane som dannar ein samla landskapskarakter. Verdivurderinga byggar på ei samanfatting dei 399 landskapsområda og har gjeve eit hovudresultat der kysten er delt opp i 23 einskilde landskapssamanhengjar av ulik verdi. Resultatet av verdivurderingane presenterast i kapittel 3, med ein kortfatta skildring av dei 23 verdiområda.

I kapitel 2, gis ei kort innføring i den metodiske tilnerminga som er nytta.

Resultatet frå den detaljerte verdivurderinga av dei 399 landskapsområda vert digitalt overlevert Sogn og Fjordane fylkeskommune.

# Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>Innhold.....</b>	<b>5</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>7</b>
<b>2 Metode .....</b>	<b>8</b>
2.1 Nasjonalt referansesystem for landskap; romleg landskapskartlegging .....	8
2.2 Hierarkisk oppbygning .....	9
2.2.1 Landskapsregionar, underregionar og landskapsområde .....	10
2.2.2 Landskapstypar (LT) .....	11
2.2.3 Landskapskomponentar .....	12
2.2.4 Landskapskarakter .....	13
2.3 Skala og romleg visuell inndeling .....	13
2.4 Feltarbeid og datainnsamling .....	14
2.4.1 Digital feltregistrering og landskapsdatabase .....	14
2.5 Landskapsevaluering og verdisetting .....	15
2.5.1 Verdikriteria .....	16
2.5.2 Verdivurdering av større, samanhengjande landskap .....	17
2.5.3 Bruk og tolking av verdisettinga .....	18
<b>3 Resultat.....</b>	<b>19</b>
3.1 Landskapsverdiar i ei regional referanseramme .....	20
3.1.1 Landskapsverdi A – Stor regional og nasjonal betydning- og identitetsverdi.....	20
3.1.2 Landskapsverdi B – Stor regional verdi.....	21
3.1.3 Landskapsverdi C – Representative / vanleg førekommande landskap .....	23
<b>4 Landskapstypar langs kysten av Sogn og Fjordane .....</b>	<b>27</b>
4.1 Landskapsregion 15 Lågfjellet i Sør Norge .....	29
4.1.1 Landskapstype: 15T01 Lågfjellsdalar .....	33
4.1.2 Landskapstype: 15T02 Botn og sprekkedalar .....	35
4.1.3 Landskapstype: 15T03 Lågfjellsheiene .....	37
4.1.4 Landskapstype: 15T04 Storforma fjellmassiv .....	39
4.2 Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet .....	41
4.2.1 Landskapstype: 20T02 Klippekyst .....	45
4.2.2 Landskapstype: 20T03 Storforma viker .....	47
4.2.3 Landskapstype: 20T04 Ytre skjergard .....	49
4.2.4 Landskapstype: 20T05 Våg og smalsund .....	51
4.2.5 Landskapstype: 20T06 Småfjord og storsundlandskap .....	54
4.2.6 Landskapstype: 20T07 Fjordbasseng .....	57
4.2.7 Landskapstype: 20T09 Kystheiene .....	60
4.2.8 Landskapstype: 20T11 Ytre kystfjell .....	63
4.2.9 Landskapstype: 20T12 Kystfjellplatå .....	67
4.3 Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet .....	70
4.3.1 Landskapstype: 21T01 Breie fjordar .....	74
4.3.2 Landskapstype: 21T04 Fjordbotnar .....	77
4.3.3 Landskapstype: 21T05 Elvedalar .....	80
4.3.4 Landskapstype: 21T06 Sprekkedalar .....	82
4.3.5 Landskapstype: 21T07 Skog og åslandskap .....	84
4.3.6 Landskapstype: 21T08 Kystfjelldalar .....	87
<b>5 Litteratur.....</b>	<b>90</b>

**Vedlegg 1:** Landskapsområda fordelt på landskapstype, landskapsregion og kommunar

**Vedlegg 2:** Kart over einskapslege verdiområde

**Vedlegg 3:** Kart over verdi på landskapsområde

**Vedlegg 4:** Kart over landskapstypenfordelinga

## 1 Innleiing

### Problemstilling og bakgrunn for arbeidet

Dei seinare år har tema landskap og opplevingsverdiar knytt til landskap fått ei gradvis aukande fokus i forvaltinga. Opplevingsrike og identitetsskapande landskap er i aukande grad nytta som verdiargument i verneprosessar, og det er ei veksande anerkjenning av at kunnskap om landskapsverdiar er viktig i arealforvaltinga. I samband med utbyggingsplanar knytt til ulike samfunnsinteresser vert det viktig å ta omsyn til kva verknad tiltak og inngrep har på landskap og landskapsoppleving i både liten og stor skala. Eit større omsyn til landskapet i planprosessar er ein del av Noreg sin oppfølging av den Europeiske landskapskonvensjonen. Ein har i Noreg i dag for liten kunnskap om landskapstypar på eit detaljeringsnivå som samsvarar med folks oppfatning av kvardagslandskap. Ein treng kunnskap både om kva for landskapstypar som er alminnelege, kva som er særmerkt i regional- og nasjonal samanheng og kva som er samanhengen mellom ulike landskapstype innad i landskapsregionane og mellom dei.

Sogn og Fjordane har eit svært innhaldsrikt og variert kystlandskap. Fylkeskommunen har sett i gong ein planprosess for fylkesdelplan for vindkraft. God kunnskap om landskapstypar, og landskapsmessige samanhengar er viktig som beslutningsgrunnlag i denne prosessen. Vindkraftverk kan ha stor visuell påverknad av landskapet, avhengig av siktlinjer, horisontar og overordna romlegheit i landskapet, eigenskapar ein kan samanfatte i eit landskapsområde sin landskapskarakter. Vindkrafttemaet synleggjer kor viktig det er å ha eit godt, og heilskapleg vurderingsgrunnlag når det gjeld landskapets innhald, opplevingsverdi og visuell påverknad.

Det er ikkje tidlegare gjort verdivurderingar av landskapskvalitetar i ein så stor skala, og i område som ikkje er under utgreiing for vern. Det var difor trøng for eit betydeleg metodisk utviklingsarbeid inkludert i kartleggings- og analysearbeid.

### Avgrensing

Prosjektet avgrensar seg til å omfatte dei delane av fylket som kan tenkast å vere aktuell for vindkraftutbygging. Nokre av dei indre delane av kartlagd areal er mindre aktuelt for vindkraft, men er inkludert for å få ei naturleg avgrensing i høve til samanhengar i landskapsregionar og -underregionar. Store delar av det kartlagde arealet har og stort potensiale innan vasskraftutbygging, då i hovudsak i form av småkraftverk.

Saman med Hordaland, som fekk fullført landskapskartlegging i 2008 (*AN rapp. 02-09*), er Sogn og Fjordane med dette arbeidet første fylke i Noreg som har full dekning av landskapstypesamansetning innafor heile underregionar. Store delar av landskapsregionane 20 og 21, langs kysten av Vestlandet, er no kartlagt.

## 2 Metode

### 2.1 Nasjonalt referansesystem for landskap; romleg landskapskartlegging

#### Bakgrunn

Det nasjonale referansesystemet for landskap tek utgangspunkt i landskapskartlegging basert på romleg inndeling. Metoden bygger på "Visual Management System" (VMS) utvikla av US. Forest Service (1974). Landskapskartlegging etter denne metoden vart m.a brukt som verktøy for arbeidet med fleirbruksplanar i skogområde og nasjonalparkar i USA. I 1983 vart VMS tilpassa norske forhold av professor Magne Bruun ved Institutt for landskapsplanlegging, NLH (Bruun 1983). VMS låg også til grunn for Bruuns innsats i Nordisk ministerråds prosjekt; "*Natur- og kulturlandskapet i arealplanleggingen*" (1987). Her vert det fokusert på landskapet sitt romlege innhald, og på samspelet mellom dei naturgevne og kulturskapte faktorane. Metoden vart utarbeidd for å påvise verneverdiar og kvalitetar i landskapet. NIJOS (*Norsk institutt for jord og skogkartlegging, no Norsk institutt for skog og landskap*) har vidareutvikla og utprøvd VMS til ein metode tilpassa norske forhold. Den norske metoden vert kalla "*romleg landskapskartlegging*".

Norsk institutt for skog og landskap (Skog og landskap) har, i samarbeid med representantar for landbruk, kultur og miljø i alle fylka, delt Noreg inn i 45 landskapsregionar. Regionane er igjen delt inn i 444 underregionar. Inndelinga og etableringa av landskapsregionar og underregionar la grunnlaget for det "*Nasjonale referansesystem for landskap*" (Puschmann 2005). Siste revisjon av systemet vart gjort i 2005, der alle landskapsregionane vart skildra (Puschmann 2005.)


Aurland Naturverkstad AS har dei siste åra jobba med fleire prosjekt der metoden sitt mest detaljerte nivå vert nytta. Ved slutföringa av fylkeskartlegginga av Hordaland fylke i 2009, og i dette prosjektet, kysten av Sogn og Fjordane, er heile underregionar og store delar av dei ytre kystregionane på Vestlandet kartlagt gjennom metoden sitt mest detaljerte nivå. Ein jobbar på kommunalt nivå i skala 1:50.000. Det er fyrste gongen denne detaljerte metoden vert nytta i fylkes- og regionale kartleggingar av landskap. Erfaringane har gjeve ny kunnskap og praksis om korleis romleg landskapskartlegging vert utført og kva nytteverdi ein slik kunnskap representerar i utfordringar knytt til forvaltninga av landskap i dag.

Det nasjonale referansesystem for landskap har gjennom desse prosjekta vist seg å vera eit sentralt verktøy og ei rettesnor å jobba etter når ein skal gjere storskala og regionale landskapsevalueringar. Landskap vert analysert og verdivurdert i ei regional referanseramme. Det vil seie at likt landskap vert analysert og verdivurdert opp i mot kvarandre.

## 2.2 Hierarkisk oppbygning

Romleg landskapskartlegging vert utført i ein hierarkisk struktur. Det nasjonale referansesystem er sett saman av tre nivå. Noreg er delt opp i 45 landskapsregionar, med fellestrek i landform, naturforhold og kultур preg, som utgjer fundamentet på eit nasjonalt nivå. Landskapsregionane er igjen delt opp i 444 underregionar som utgjer det regionale og fylkeskommunale nivået. Inndelinga følgjer same prinsipp som for inndeling i landskapsregionar, men landskapets skala er meir detaljert. Underregionane utgjer vidare fundamentet for inndelinga av landskapsområda på lokalt og kommunalt nivå. Denne framgangsmåten får fram lokale eigenskapar, samanhengar og kvalitetar i landskapet, halde opp i mot eit regionalt eller nasjonalt samanlikningsgrunnlag.

Figur 1, syner deler av landskapsregion 20, *Kystbygdene på Vestlandet* og underregion 20.4 *Solund*, som eksempel på den hierarkiske oppbygginga. Landskapsregion 20 er sett saman av 8 underregionar der 4 av dei representerar kysten av Sogn og Fjordane; frå sør til nord; 20.3 *Gulen*, 20.4 *Solund*, 20.5 *Bulandet/Flora* og 20.6 *Bremangerlandet /Stad*. Underregion 20.4 Solund er eit vekslande landskap med ein stor variasjon av landskapstypar, med open kysthei, markerte kystfjell, små fjordar og tronge sund som skjer seg inn mellom øyane. I dei ytre delane ligg skjergarden i møte med ope hav. Mot nord ligg eit meir storskala landskap med fjordbasseng og store fjordmunningar. Gjennom arbeidet med landskapskartlegginga vert underregionen 20.4, delt opp i 72 landskapsområde på kommunalt nivå.



**Figur 1.** Hierarkisk oppbygning i det nasjonale referansesystem (raud strek markerar underregionsgrensa til 20.4, Solund). Landskapsregionar på nasjonalt nivå (1 :500.000), underregionar på regionalt- og fylkesnivå (1 : 250.000) og landskapsområde på kommunalt nivå (1 : 50.000). Frå venstre mot høgre; **1**; landskapsregionar; 20 Kystbygder på Vestlandet, 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet, 22 Midtre bygder på Vestlandet og 15 Lågfjellet i Sør-Noreg. **2**; Underregion 20.4, Solund. **3**; underregion inndelt i landskapsområde.

## **2.2.1 Landskapsregionar, underregionar og landskapsområde**

### **Landskapsregionar (LR)**

Noreg er delt inn i landskapsregionar med utgangspunkt i dei store og samlande karaktertrekka i landskapet. Landskapskomponentane; *hovudform, småformer, vatn og vassdrag, vegetasjon, kulturpreg og arealbruk* blir skildra kvar for seg. Saman dannar dei regionen sin landskapskarakter. Deretter vert samspelet mellom dei ulike landskapskomponentane skildra. På nasjonalt nivå er skildringa av kvar komponent overordna, og forståinga av landskapet sterkt forenkla. Landskapsregionar er først og fremst ei referanseramme.

Grensene mellom ulike landskapsregionar er avhengig av kva landskapskomponentar som dominerer. På nasjonalt nivå har landskapet si hovudform ofte ei avgjerande tyding for den romlege inndelinga. Ein landskapsregion kan være sett saman av fleire separate område med like landformer som dannar repeterande mønster. Grensa mellom to landskapsregionar vil då bli trekta der landforma endrar karakter. Ofte vil grensa følgje markante høgdedrag, spesielt på Vestlandet og i Nord-Noreg (Puschmann 2005).

### **Underregionar (UR)**

Ein landskapsregion er sett saman av fleire underregionar. Eksempelvis er *LR 15 Lågfjellet i Sør-Noreg*, fordelt på 40 UR, frå *Rogaland* i sør til *Nord-Trøndelag* i nord, der 3 ligg i *Sogn og Fjordane*. Avgrensinga følgjer same prinsipp som for landskapsregionar, men målestokken for avgrensinga er endra. Inndelinga i landskapsregionar skjer oftast på grunnlag av ei repeterande landform. Dersom landforma i eit område får tilført eit nytt element, eller på anna måte avvik frå resten av landskapsregionen, blir ein underregion skilt ut. Der f. eks høgdedrag deler område med ulik karakter vil grensa mellom underregionar oftast følgje høgdedraget. Dei fleste stader i landet er landskapet si hovudform det viktigaste kriteriet for inndelinga av underregionar. Der landforma er lite framtredande vil ei avgrensning mellom to underregionar bygge på andre landskapskomponentar enn landforma. Dette skjer dersom ein eller fleire landskapskomponentar medverkar til å endre den overordna landskapskarakteren i større område. Med få unntak strekk landskapsregionane seg over fleire fylker, og på tvers av administrative grenser (Puschmann 2005).

### **Landskapsområde (LO)**


For at landskapsinndelinga også skal være funksjonell på eit lokalt nivå er ei detaljert avgrensing nødvendig. Det nasjonale referansesystemet sitt mest detaljerte nivå, er landskapsområda. Landforma er også her avgjerande for å trekke grenser mellom to område. Her er betydinga av komponentane *vegetasjon, kulturpreg og arealbruk* meir sentrale i grensesettinga. Eit landskapsområde kan også være sett saman av eit eller fleire mindre landskapsrom med samlande karaktertrekk. Analysen av komponentane *hovudform, småformer, vegetasjon, vatn/vassdrag, kulturpreg og arealbruk*, dannar grunnlaget for å klassifisera landskapsområda i tilhøyrande landskapstypar. Samspelet mellom komponentane dannar det enkelte område sin landskapskarakter.

For landskapsforvaltning på lokalt nivå har *landskapsområda* størst relevans. Her gjer ein ei inngående datainnsamling av landskapsområda sine landskapskomponentar, samt ei vurdering av landskapskvalitetar. *Inndelinga* av landskapsområda dannar grunnlag for *klassifisering* i landskapstypar.

## 2.2.2 Landskapstypar (LT)

Landskapsområde vert klassifisert og gruppert i landskapstypar (LT). Ein landskapstype er ikkje eit eige geografisk nivå, men; *ei gruppe landskapsområde med fellestrekk i innhald, samansetting og form*. I landskapsregion 20 *Kystbygdene på Vestlandet*, ligg f.eks. landskapstypar knytt til kyst som "ope hav", "ytre skjergard", "indre skjergard", "klippekyst" og "våg- og smalsund m.fl". Landskapstypar knytt til innland kan til dømes vere "kysthei", "kystfjell", "skogsås" m.fl. Ofte omfattar nokre få landskapstypar mange landskapsområde. Slike landskapstypar speglar ofte regionen sin vanlegaste landskapskarakter. Enkelte landskapstypar vil også kunne bestå av éin eller nokre få landskapsområde. Dei har anten sitt representative tilhøyre i andre regionar eller dei er sjeldne. Å sortera landskapsområde i klassifiserte landskapstypar gjer høve til å operasjonalisere uttrykk som *representativitet, særpreg og sjeldanheit* ut i frå ei regional eller nasjonal landskapsfagleg referanseramme.

Resultatet av landskapstypklassifiseringa vert skildra. Kvar landskapstype får ei utførleg skildring av dei seks landskapkomponentane. I det *nasjonale referancesystem for landskap* vert det brukt eit fast oppsett der dei seks *ulike landskapkomponentane* vert skildra. Dette dannar grunnlaget for ein samla evaluering av landskapstypen sin landskapskarakter.



**Figur 2.0.** Landskapsområda vert definert, analysert og klassifisert i tilhøyrande landskapstypar.

## 2.2.3 Landskapskomponentar

### Betydning for klassifisering av landskapstypar


"Byggesteinane" i det nasjonale referansesystem er dei seks landskapskomponentane. Gjennom feltarbeid vert det gjort ei datainnsamling av landskapskomponentane si samansetning og innhald. Datamaterialet vert analysert og er grunnlag for klassifisering i landskapstypar. Kvar av landskapstypane får ei utførleg skildring av alle seks komponent delane som til slutt dannar grunnlaget for evaluering av ein samla *landskapskarakter*.

I skildringane er *betyding* av de ulike landskapskomponentane vist ved bruk av stjerner:

- \*\*\* Dominerande landskapskomponent, avgjerande for oppleving av landskapskarakter og avgrensing
- \*\* Viktig landskapskomponent, vesentleg for oppleving av landskapskarakteren
- \* Vesentleg for oppleving av deler av området / landskapsrom
- Inga stjerne viser at landskapskomponenten er utan betyding i landskapet eller ikkje finns.


#### Hovudform

Storforma i landskapet



#### Småformar

Innhald i hovudforma med geologiske detaljar




#### Vatn og vassdrag

Innsjøar, fjordar og hav. Bekkar, elvar og fossar. Vassflate og strandlinje



#### Vegetasjon

Naturleg og kulturpåverka skog og anna vegetasjon. Strukturar og mosaikk.




#### Kulturpreg

Kulturlandskap og kulturminne. Samanheng og heilskap i natur- og kulturelement




#### Arealbruk

Arrondering og arealbruk. Eng, åker og beitemark. By og tettstader. Infrastruktur.



## Landskapskarakter

Til saman utgjer landskapskomponentane det totale landskapsbiletet. Dannar grunnlag for vurdering av landskapskarakter.



**Figur 3.** Landskapet si heilskap er bygd opp og satt saman av landskapskomponentane.

### 2.2.4 Landskapskarakter

Til saman dannar dei ulike landskapskomponentane eit landskap sin landskapskarakter; romleg innhald og visuelt uttrykk. Medan dei fire komponentane *hovudform*, *småformer*, *vatn/vassdrag* og *vegetasjon* nærmast alltid er til stades og dannar dei naturlege hovudstrukturane for eit landskap, vil dei to kulturkomponentane *kulturpreg* og *arealbruk* variere i førekost, tettleik og synlegheit, både innan ein landskapstype, men mest mellom de ulike landskapstypane. Nokre landskapstypar har omfattande kulturpreg, medan andre nærast ikkje har noko. Skildringa av *landskapskarakter* skal være ei samanstilling og ei form for oppsummering som søker å framheva både heilskap, sær preg, mangfald og inntrykksstyrke (Puschmann 2005).

## 2.3 Skala og romleg visuell inndeling

### Betyding for avgrensing av LO og klassifisering av LT i romleg landskapskartlegging

Når ein ferdast på kryss og tvers i eit ope landskap som ute ved kysten, eller høgt oppe på fjellet, vil ein oppleve at landskapet gradvis skiftar karakter. Skala i landskapsromma varierar. Svært ofte er det ein avgjerande faktor ved avgrensing av de ulike LT.

Dei mest opne fjellandskapa fins naturlig nok der terrenget er forholdsvis flatt, slik ein vil oppleve det i eit viddelandskap. Her dannar himmelen eit stort kvelva tak, vatn og småformer med lavt relief eit golv, medan meir fjerne fjellmassiv og nære småformer dannar veggane i landskapsromma. Eit ope landskap gjer at bygningar og tekniske inngrep *kan* være godt synleg på lang avstand i landskapsområde med ei slik utforming (Puschmann 2005).

Dess større høgdeskilnadar dei enkelte landformene har, dess meir markant blir landskapsromma. Høgd på dalsidene og breidda på dalbotn avgjer om landskapsromma vert opplevd som breitt og roleg eller trøngt og dramatisk. I forskjellige LR i Sogn og Fjordane ligg fleire ulike dal- og botn formar, klassifisert i ulike LT. Topografisk utforming, gjev ulike landskapsrom og innhald, og deler dei ulike dal-formene frå kvarandre og i forskjellige LT.

*Nasjonalt referansesystem for landskap*, tek utgangspunkt i ei romleg inndeling av landskapet. Eit av dei viktigaste kriteria for typeinndeling er derfor den romlege opplevinga landskapet gjev. Dette gjer at den *enkelte* LT ikkje nødvendigvis berre har "like" område, men opplevinga av landskapsromma er nokolunde lik. Eit eks. er 21T05 *Elvedalar*. Her gjev store og langstrake dalrom ein att kjenneleg karakter, medan ulike førekommstar av vatn kan gje enkeltområda særeigen identitet og oppleving. Nokon område har f. eks rolege og store elvar, andre vekslar med stryk og fall eller større og mindre vassflater i dalbotn.

Ei romleg visuell inndeling er sentral for defineringa og inndelinga av LO. Dei romlege og visuelle eigenskapane dannar rammene og avgrensingane mellom LO, og identifiserar viktige overgangar i landskapet. Grensedragninga og overgangane mellom LO er ein sentral kunnskap som landskapskartlegging bringer fram. Avgrensingane vil i mange tilfelle synleggjera dei mest visuelt sårbarane delane av eit LO. Dette fordi ein på ei grense vil ha visuell kontakt med meir enn et rom. Stadvis vil grensene være samanfallande med horisontlinjer og viktige silhuettar i landskapet.

## 2.4 Feltarbeid og datainnsamling


Feltarbeidet vart gjennomført somrane 2008 og 2009. I 2008 vart heile kystleia synfare frå båt, medan hovudtyngda av feltarbeid på land vart gjennomført sommaren 2009. I forkant av feltarbeidet vart det gjort eit skrivebordsarbeid, der alle landskapsområda (LO) blei definert på førehand ut frå kart og flybilete. Desse inndelinga vart så verifisert og justert i felt.

På bakgrunn av tidlegare erfaringar vart alle inndelingane av LO strukturert i tilhøyrande landskapsregionar (LR) og underregionar (UR). Ei predefinering av landskapstypar vart gjort før feltarbeidet. Dette for å lette strukturen og halde orden på alle LO. Predefineringa vart så verifisert i felt og i den vidare analysen av innsamla landskapsdata.

### 2.4.1 Digitalfeltregistrering og landskapsdatabase

Innsamlinga av landskapsdata vart gjort for alle landskapskomponentane dei enkelte LO er sett saman av. I store regionale- og fylkeskartleggingar må ein handtere ei stor mengd LO, som igjen genererer ei stor mengd informasjon om dei enkelte LT. Data om dei einskilde LO vart registrert i eit digitalt registreringsskjema. Registreringsskjema er bygd opp som punktregistreringar på relevante tema til kvar av komponentsdelane, i tillegg til skala/romleg informasjon. Punktregistreringane vert summert opp med ei sluttføring av landskapskarakter til dei einskilde LO. Resultatet dannar grunnlaget for verdisettinga av kvar enkelt LO.

Praktisk erfaring frå feltarbeid har vist at det i fleire tilfelle vart naudsynt å bruke tradisjonell registrering på papir, på bakgrunn av tilgjengeleg ressursar og kva som viste seg mest praktisk der og da. Som etterarbeid vart alle data samla i det digitale registreringsskjema og strukturert og lagra i ein digital database. Data om kvart enkelt LO si samansetning av landskapskomponentar er geografisk stadfesta og knytt til tilhørende UR og LR.



Figur 4. Digital feltregistrering av komponentdelane i landskapsområda

På denne måten har ein vidareutvikla metoden ved å kunne analysere detaljar for kvart enkelt LO, i ein stadfesta og regional samanheng. Ein god struktur og bruk av felldata, vil kunne betre grunnlaget for å gjere kvantitative analysar i sjølv arbeidet med klassifisering av landskapstypar og vidare sikkerheit i dei kvalitative verdivurderingane av landskapet. Ein database kan danne underlag for å gjere vidare statistiske analysar på eigenskapar i landskapsområda og landskapstypane, på bakgrunn av relevante forvaltningsbehov.

## 2.5 Landskapsevaluering og verdisetting

### Verdivurdering av regionale landskapsdata i nasjonalt referansesystem

Inndelinga i LO og klassifiseringa av kvart LO til ein bestemt landskapstype (LT), dannar grunnlaget for den vidare analysen. Kvart einskild LO er vurdert ut frå heilskap og samansetting av landskapskomponentar. Det einskilde LO har og fått ei eigen, sjølvstendig karakterskildring (sjå kap. 2.2.4). Kvar landskapstype (LT) har også fått ein landskapskaraktær som famnar typen sine samla eigenskapar. Dette dannar grunnlaget for verdivurdering av kvart LO.

Landskapsområda (LO) er vidare grupperte i større eininger på bakgrunn av romleg samanheng. Denne grupperinga har i denne kartlegginga gjeve 23 einskilde, større landskapssamanhangar. Kvar

av dei 23 overordna områda er gjeve verdi på grunnlag av den samla verdien på landskapsområda dei innehold (sjå kapittel 3).

Ein slik framgangsmåte sikrar ein metodisk "tråd" gjennom heile systemet, der verdivurderinga vert underlagt same hierarkiske struktur som sjølve referansesystemet er bygd opp av. Vidare fylgjer ei meir detaljert skildring av framgangsmåten.

### 2.5.1 Verdikriteria

#### Landskapskarakter som utgangspunkt for verdivurdering

Landskap som omgrep rommar mange dimensjoner, både fysiske forhold, pågåande endringsprosessar, ulike romlige og tidsmessige (historiske) samanhengar. Å beskrive og tolke eit nærmere avgrensa landskapsområde, skjer ved hjelp av landskapskarakter (kap. 2.2.4). Eit landskap sin verdi byggjer på området sine opplevingsmessige kvalitetar og identitetsskapande eigenskapar (kulturell identitetsverdi; kulturell tyding, allment regionalt eller nasjonalt)<sup>1</sup>. Dette er understreka av Landskapskonvensjonen sin definisjon av landskap: "...eit område slik folk oppfattar det...". Det handlar ikkje det eksakte innhaldet av objekt, element eller funksjon i eit område, men korleis desse vert oppfatta og gjev grunnlag for opplevelingar. Det vert altså gjort ei kvalitativ vurdering / analyse av innhaldet som vert summert opp i ei tekstleg skildring av landskapskarakter.

Verdien vert vurdert i ein nasjonal og regional (*landskapsregion*) samanheng. Samanlikningsgrunnlaget kvart område vert målt opp i mot er det representative og forventa innanfor den aktuelle landskapsregionen. Det representative ved eit landskapsområde er beskrive i den aktuelle landskapstypen (LT) som området tilhøyrer (kap 4. Beskriving av landskapstypar). Dette gir eit konsistent og etterrettelig vurderingssystem.

Verdisetting av landskap skjer på to nivå (i to trinn):

- 1) Verdisetting av kvart enkelt landskapsområde i relasjon til den aktuelle landskapsregion
  - *Landskapsområda sin representativitet og sjeldanheit innanfor ein landskapstype betrakta i ein regional kontekst.*
  - *Heilskap og samanheng innafor det einskilde LO.*
  - *Heilskap og samanheng mellom dei einskilde LO på tvers av tilhøyrande LT.*
- 2) Verdisetting av større samanhengande landskapsrelasjoner
  - *Landskapsområde sett saman til større eininger på bakgrunn av romlege og regionale samanhengar og relasjoner. Ei overordna verdisetting på grunnlag av landskapsområdeverdi.*

Verdklassane er delte inn etter følgjande kriteria;

#### A Landskap med (stor regional eller) nasjonal betyding og identitetsverdi

Landskap med kvalitetar som er eineståande i regionen og som også har stor verdi ut over sin region. Område som har element eller kvalitetar som gjer at landskapet står fram med

---

<sup>1</sup> Vurdering av spesifikke lokale/ individuelle identitetsverdier krev andre metoder for kunnskapsinnsending og vurdering, og blir derfor ikkje fanga opp av denne metodikken

usedvanlig stort opplevingspotensial. Dette kan være ein uvanlig stor variasjon, intense/kontrastrike landskapskomponentar og/eller ein ubroten heilskap.

**B Landskap av stor regional verdi**

Landskap med opplevingskvalitetar som ligg over gjennomsnittet i den aktuelle landskapsregionen. Landskapet kan vere ein sjeldan variant av landskapstype, eller eit spesielt heilskapleg og representativt landskapsområde som illustrerer landskapstypen på en svært god måte. Eller området kan innehalde unike element, prosesser eller samanhengar som sett preg på område og gjev det særlig stor opplevingsverdi

**C Representative/vanlig førekommande landskap**

Landskap som er førekjem vanleg i landskapsregionen med gode opplevingskvalitetar. Til denne kategorien fører ein også landskap med evt. reduserte opplevingskvalitetar.

Resultatet av verdsettinga av landskapsområde er digitalisert og geografisk stadfesta. Den overordna verdsettinga vert presentert i kart i kapittel 3.

### **2.5.2 Verdivurdering av større, samanhengjande landskap**

Direkte bruk av verdsettinga av enkeltvise landskapsområde (nivå 1 over, kap. 2.5.1), kan være føremålsteneleg i forhold til å vurdere tiltak der verknadane først og fremst har punktvis eller avgrensa lokal betyding.

Arbeidet som her føreligg har hatt som oppgåve å identifisere og verdisette større landskapsrelasjonar og samanhengar som kunnskapsgrunnlag for ein fylkesdelplan for vindkraft. Ei slik samla verdivurdering, med ei heildekkjande landskapskartlegging i botn, er ikkje tidlegare gjennomført i Noreg. Det *nasjonale referansesystem for landskap* er bygd opp i ein hierarkisk struktur. Det er dermed logisk å følgje oppbygningen i verdivurderingane.

Underregionar representerar større landskapseiningar som fungerar som logiske inndelingar av det overordna landskapet. Dei er større romlege einingar som inneheld ein lik samansetning og samanheng i landskapstypar og komponentssamansetning innanfor landskapsområda. Å ta utgangspunkt i underregionane som einingar for verdivurderingar av større samanhengjande område er ein metodisk god framgangsmåte.

#### **Generalisering innafor underregionsavgrensingane, på bakgrunn av landskapsområdeverdi**

I denne utredninga skal verdivurderinga av landskap nyttast som underlag for regional planlegging. I den samanheng er det formålsteneleg å fastsette verdi for større landskapssamanhangar (nivå 2 over, kap. 2.5.1). Det stiller ein ovanfor to viktige vurderingar:

- a) korleis identifisere og avgrense "større landskapssamanhangar"
- b) korleis fastsette verdi for større landskapssamanhangar.

*a) Avgrensinga av større landskapssamanhangar.*

Avgrensinga vert gjort med bakgrunn i metoden for romleg landskapskartlegging og tek utgangspunkt i underregionnivået. Utredningsområdet inkluderar i alt 10 underregionar, som vert omtalte.

I dei fleste tilfelle vil underregionen omfatte så store og varierte landskap, at ei ytterlegare oppdeling, som grunnlag for verdivurdering, vil vera formålsteneleg. Inndelinga vil i slike tilfelle ta utgangspunkt i avgrensinga av ei gruppe landskapsområde med felles overordna karaktertrekk, som dannar ein naturleg og romleg heilskap (*Figur 5. Kart over landskapsverdiar*).

*Grupperinga av større samanhengjande landskap, følgjer i nokre tilfelle UR grensene, medan dei i andre tilfelle er sett saman i mindre einingar på bakgrunn av romlege og regionale samanhengar.*

*b) Fastsetting av verdi.*

Vurdering av verdi for underregion eller ein avgrensa landskapssamanheng tek utgangspunkt i verdisettinga av dei enkelte landskapsområda. Samanstilling av verdi på bakgrunn av den detaljerte LO verdien, er ikkje statistisk vekta. Ei kvalitativ vurdering er lagt til grunn, der verdisettinga av kvart av dei større landskapssamanhengane er gjeve ei kortfatta skildring. Kvalitetssikringa ligg i underlaget med verdisettinga av LO og i at dette materialet er jobba fram i ein regional kontekst.

*Døme:*

- Førekomst av eit eller fleire landskapsområde vurdert til verdien **A** vil heve verdien av underregionen/landskapssamanhengen til minst **B**.
- Innslag av landskapsområde som er vurdert til **B**, på grunnlag av særleg heilskaplege og representative utformingar og knytt til ulike landskapstypar, vil gje vurdering **B** for underregion/landskapssamanheng.


### **2.5.3 Bruk og tolking av verdisettinga**

Eit verdikart over landskap er ikkje eit verktøy for vern, men eit verktøy for målretta bruk og forvaltning. Å arbeide fram eit kunnskapsgrunnlag for landskap i ei regional referanseramme, gjer ei detaljert forståing for landskapet sitt innehald og samanheng. Dette vil vere viktig og avgjerande informasjon når ein vurderar konsekvens av storskala inngrep i landskapet. Landskapskartlegginga frambringar informasjon om dei faktiske forhold om kva ein har, og gjev høve til å gjera vurderingar basert på eit systematisk informasjonsgrunnlag.

Verdsettinga av underregionar/landskapssamanheng er meint å være retningsgjevande for prinsipielle føringar som vert lagt i *Fylkesdelplanen for vindkraft*. Ein bør vere merksam på at det innanfor ein underregion/landskapssamanheng vurdert til verdi **C**, kan vere område med verdi **B** som vil måtte takast omsyn til ved konkrete tiltak. Tilsvarande vil det innan ein underregion/landskapssamanheng vurdert til **B**, vere område med verdi **C** som gjer at eit tiltak lettare kan innpassast i landskapet.

### 3 Resultat

Resultatet frå landskapskartlegginga har lagt grunnlaget for den vidare verdivurderinga. Analysen av dei einskilde landskapsområda har saman med landskapstypesamansetting gjeve eit overordna resultat kor hele kysten er inndelt i samanhengjande verdieiningar. Kartframstilling av resultatet ligg vedlagt. Under følgjer ein kortfatta presentasjon av dei einskaplege landskapssamanhangane.



Figur 5. Kart over landskapsverdiar langs kysten i Sogn og Fjordane. 23 landskapssamanhangar basert på romleg samanheng mellom landskapsområda er vurderte.

### 3.1 Landskapsverdiar i ei regional referanseramme

Dei 399 landskapsområda er verdivurdert opp mot ei regional referanseramme (sjå kap. 2.5 for metode). Dei er strukturert på dei 11 underregionane kysten av Sogn og Fjordane er oppdelt i. Desse er igjen samla i 23 *landskapssamanhengar*, ut frå romleg samanheng på landskapsområdenivået. Landskapssamanhengane skal fungera som tenlege områdeinndelingar for bruk i regional planlegging og forvalting. Presentasjonen av dei 23 landskapssamanhengane er nedanfor strukturert i tabellar som synar overordna verdi og samansetting av landskapsområde verdi (3.3.1).

**Datagrunnlag:** landskapstypeklassifiseringa (Kap. 4) og digital landskapsdatabase med beskriving av landskapskarakter for kvart einskild landskapsområde (*innsamling av feltdata sesong 2008-2009*).

#### 3.1.1 Landskapsverdi A – Stor regional og nasjonal betydning- og identitetsverdi

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	LO fordelt på verdi
	<b>Værlandet / Alden</b>	<b>20.4</b>	<b>8</b>	
	Dannar ei tydleg overgangssone mellom nordleg og sørleg del av kystlinja til Sogn og Fjordane. Øyane strek seg i frå aust mot vest, ut mot ope hav. Eit særprega, unikt og levande kulturlandskap. LO 20T11-14 Alden ( <i>Norskehesten</i> ) er eit av dei mest kjende landemerka langs vestlandsstykket. Bulandet representerar eit velhalde og levande fiskevær og eit ytre skjergardslandskap med ein svært god heilskap og samanheng.			
<b>A</b>	<b>Stor regional og nasjonal betydning- og identitetsverdi</b>			
A				<b>2</b>
B				<b>2</b>
C				<b>4</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	LO fordelt på verdi
	<b>Stad / Sildagapet</b>	<b>20.6</b>	<b>28</b>	
	Består av ei samansetting av nasjonalt sjeldne landskapstypar og særleg eksponerte og veldefinerte landformasjonar. Inneheld fleire velhaldne tradisjonsbunde og stadtilknytte kulturmiljø. Ein svært god samanheng og heilskap mellom natur- og kulturmiljø. Sentral overordna overgangssone mot nordvestlandet. Stor inntrykksstyrke og utsegnskraft. Fleire nasjonalt kjende landemerke med Stadlandet, Sildagapet og Stadhavet.			
<b>A</b>	<b>Stor regional og nasjonal betydning- og identitetsverdi</b>			
A				<b>3</b>
B				<b>11</b>
C				<b>14</b>

### 3.1.2 Landskapsverdi B – Stor regional verdi

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Solund</b>	<b>20.4</b>	<b>56</b>	
	Stor og samanhengjande øygruppe som strekk seg frå aust mot vest nord for utløpet av Sognefjorden. Har ein god overordna samanheng og heilskap i landforma. Ei oppskåren kystlinje gir eit småskala preg med eit mylder av vågar, sund, skjergard og småfjordar. Dette dannar ei indre lei med mange varierte og opplevingsrike ferdslemoglegheitar. Representerar eit spesielt og heilskapleg kystlandskap med ei unik samansetning av landformar og kulturmiljø. Ein samanhengjande geologi med sandstein og konglomerat er sentral for landskapskarakteren i dei fleste av landskapstypane. Fleire særleg velhaldne kulturmiljø med kystlyngheiar og små historiske handelsstader.			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A				<b>1</b>
B				<b>20</b>
C				<b>35</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Åfjorden</b>	<b>21.6</b>	<b>22</b>	
	Åfjorden dannar ei samlande eining der alle LO har ei god funksjonell og romleg samanheng inn mot fjorden. Samanhengjande, velhaldne kulturlandskap og aktive jordbruksmiljø. Lang historisk kontinuitet knytt til kvernsteinbrot. Sentrale landemerke med Gygrekeften og Lihesten dannar viktige identitetsskapande element. Særeigne landformer knytt til konglomerat og sandstein. Lifjorden dannar ei isolert og særeige fjordform til sida for den dominante Sognefjorden.			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A				--
B				<b>5</b>
C				<b>17</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Vilnesfjorden</b>	<b>20.4</b>	<b>8</b>	
	Ei samling svært varierte landskapsområde kring fjordbassenget Vilnesfjorden, i overgongen mellom fjord og skjergard. Viktig oppleveling av møte mellom fjord og hav. Landskapsområda har ulike eigenskapar; - Lutelandet har særeigne flate sump- og myrområde kombinert med fjell som reisar seg som landemerke, som Lammetufjellet. Granesundet er eit smalt sund med markante veggar av bratte fjordlier skapt av Blåfjellet bakom Askvoll og fjellformasjonane på Atløyna. – Jordbrukslandskap med aktiv drift i landskapsområdet Askvika syner eit aktivt jordbrukslandskap, avgrensa av eit tydeleg landskapsrom.			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A				--
B				<b>3</b>
C				<b>5</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Kvamshesten</b>	<b>15.20</b>	<b>17</b>	
	Langsmalt og isolert fjellområde som utgjer heile underregion 15.20. Strekk seg frå aust mot vest ut mellom Dalsfjorden i sør og Førdefjorden i nord. Dei storforma fjellmassiva Blægja og Kvamshesten er sentrale landformer. Dei representerar viktige landemerke med visuell påverknad langt ut over underregionen sine avgrensingar. Stor identitetsverdi og inntrykkstyrke .			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A				--
B				<b>3</b>
C				<b>14</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Kinn/Florø</b>	<b>20.6</b>	<b>23</b>	
	Området samlar øyar og skjergard ut frå Florø i aust/vest aksen, og fjordbasseng og fastland med ein smal fjordbrem i nord/sør aksen. I dei austlege delane ved utløpet av Botnafjorden, strekk skogåsar seg ut på langsmale nes og skapar ei ope, men roleg ramme ulikt for kystlinja i sin heilskap. Like vest ligg ytre skjergard rakt ut mot ope hav. Dei ytre LO markerar ei tydleg overgangssone i mot meir dramatiske kystlandskap. Her dannar øyane Kinn, Batalden og Hovden dei første partia med ytre klippekyst. Fleire av dei ytre LO har velhaldne og aktive kystkulturmiljø. Nasjonalt kjende landemerke og kulturmiljø med Kinn og Skorpefjorden, med ein høg identitetsverdi.			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A				<b>2</b>
B				<b>7</b>
C				<b>14</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Gulesletten/Plogen</b>	<b>15.22</b>	<b>22</b>	
	Del av underregion 15.22 Norddalsfjella. Avgrensning mot nord ved Hjelmevatn og Nibba. Typisk samansett landskapstypefordeling med lågfellsheier og storforma fjellmassiv, der skarpskorne botndalar skjer seg inn. Eit svært samansett og nasjonalt særeige fjellandskap. Nasjonalt unike geologiske strukturar i devonisk sandstein er avgjerande for landskapskarakter gjennom heile området. Ein overordna, skråstilt struktur, skapt i danningsprosessar med sandstein, går igjen både i storformer og småformer. Markerte hyllesystem og trappetrinnsstrukturar ligg på rekke i fjellsidene med eit fall i mot vest. Landskapet er goldt og manglar mest vegetasjonsdekke. I dei vestlege delane mjukar dei skarpe formasjonane av og går over mot store platåflater der Gulesletten er den mest kjende. Her dannar møtet med lågfjell og ytre kystlinje stor kontrast og inntrykksstyrke. Regionalt viktig friluftsliv område.			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A				--
B				<b>6</b>
C				<b>16</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Hornelen/Rugsund</b>	<b>21.8</b>	<b>7</b>	
	Viktige og sentrale kystleier. Inngang frå Frøyssjøen og inn Skatestraumen, aust for Bremangerlandet. Rugsund opnar leia frå Frøyssjøen til Nordfjorden. Nasjonalt viktig landemerke med Hornelen som også skapar stor dramatikk og bevegelse ved inngang frå sør. Rugsundstraumen tilførar ytterlegare rørsle i landskapet med ei tydleg innramming. Rugsund representerar ein handelsstad med ein lang kulturhistorisk kontinuitet.			
	Særleg god romleg samanheng og heilskap der sjøflata dannar det samanbindande element gjennom området.			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A			--	
B			<b>3</b>	
C			<b>4</b>	

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Bremanger</b>	<b>20.6</b>	<b>12</b>	
	Utgjer heile Bremangerlandet forutan Hornelen. Bremangerlandet strekk seg vest i mot ope hav med ei velkjend platåflate avgrensa mot ein stupbratt klippekyst. Småfjordar og pollar skjer seg inn der Bremangerpollen dannar eit storskala rom før landforma smalnar av og går over mot kystfjelldalen med Dalevatnet. Overordna karaktertrekk er ein god samanheng mellom natur- og kulturmiljø. Samanhengjande kulturlandskap og jordbruksmiljø langs Bremangerpollen. Viktige og sjeldne landskapstypar i dei ytre delane med storforma viker og kystfjellplatå.			
<b>B</b>	<b>Stor regional verdi</b>			
A			<b>1</b>	
B			<b>4</b>	
C			<b>7</b>	

### 3.1.3 Landskapsverdi C – Representative / vanleg førekommende landskap

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Gulen</b>	<b>20.3</b>	<b>38</b>	
	Strandflatelandskap dominar område og landforma omfattar dei aller fleste landskapstypane. Skjergarden ligg med ei stort mengd små øyar, holmar og skjer og omkransar området frå nord mot vest. Sentralt er store øyar og fastland i austleg del. Landflata er opprive der små vågar, smalsund og småfjordar skjer seg inn og skapar mange småskala rom. Eit typisk karaktertrekk er vekslinga med kysthei, våg- og smalsund, open skjergard og småfjordar og der ytre kystfjell stikk opp som låge, men markerte paddehattar over strandflata. Den låge ytre strandflata står i kontrast til kystfjella som dannar den grånande, austlege horisonten. Område utgjer start på samanhengjande og typisk strandflatelandskap som pregar store delar av LR 20 sørover gjennom Hordaland og nordleg del av Rogaland.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A			--	
B			<b>5</b>	
C			<b>33</b>	

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Aust Gulen</b>	<b>21.6</b>	<b>18</b>	
	Langsmale og korte fjordløp med eit indre og lukka preg. Opp frå fjordane ligg korte kystfjelldalar omkransa av låge kystfjell. Ei homogen og repeterande landskapstypefordeling pregar området.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
<b>A</b>				--
<b>B</b>				<b>3</b>
<b>C</b>				<b>15</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Sognefjorden</b>	<b>20.3</b>	<b>4</b>	
	Utløp av Sognefjorden der fjordsida med skogsåsar og kystfjell dannar innramming. Teke ut på bakgrunn av viktig og sentral overgangssone i sørleg del av fylket. Eit breidt og storskala rom, der fjordforma gradvis forsvinn og går over mot fjordbasseng i møte med ope hav.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
<b>A</b>				--
<b>B</b>				<b>1</b>
<b>C</b>				<b>3</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Langeheia / Skoraheia</b>	<b>15.18</b>	<b>18</b>	
	Utgjer heile underregion 15.18. Homogent fjellområde som vekslar mellom dels store og samanhengjande lågfellsheiar og mellomstore lågfjellsdalar. Typisk og representativ landskapstypefordeling for LR 15 på vestlandet.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
<b>A</b>				--
<b>B</b>				<b>1</b>
<b>C</b>				<b>17</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Fjaler</b>	<b>21.6</b>	<b>28</b>	
	Utgjer ein stor del av underregion 21.6. Dalsfjorden er samlande element som dei aller fleste LO orienterer seg mot. Skil seg frå resten av landskapsregion 21 i fylket, med samanhengjande skogsås landskap og store elvedalar. Dette er eit meir sentralt trekk ved LR 21 i Hordaland. Ein god samanheng og heilskap gjennom LO og LT. Kontrast i møte med breie fjordar og småfjordar.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
<b>A</b>				--
<b>B</b>				<b>4</b>
<b>C</b>				<b>24</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Ryggsteinhavet/Brufjorden</b>	<b>20.5</b>	<b>18</b>	
	Storskala og ope område med ei oppbrote kystlinje mot ope hav. Ytre del dannar eit storskala og homogen LO med ope hav. Kystlinja representerar det typiske sentrale karaktertrekk ved ytre Sogn; der fjord møtar hav. Frå fastlandet ligg fjordane med munninga ut mot ei open og vidstrakt horisontlinje. Veksling med mindre øyar og nes med skogsåsar oppdelt av små vågar og smalsund.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A			--	
B			<b>2</b>	
C			<b>16</b>	

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Førdefjorden</b>	<b>21.7</b>	<b>8</b>	
	Ytre del av Førdefjorden dannar ein heilskapleg eining. Eit breitt fjordløp munnar ut i mot eit storskala fjordbasseng med ein vidopen horisont. Svanøya og Askorva dannar blikkfang ute i det opne landskapsrommet mot vest. God samlande heilskap med fjordform og veldefinerte og slake fjordskuldrar med skogåsar. Kystfjell og lågfjellsheier dannar tilbaketrekte avgrensingar.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A			--	
B			<b>1</b>	
C			<b>7</b>	

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Høydalsfjorden/Osa</b>	<b>21.7</b>	<b>24</b>	
	Utgjer eit varierte og dels storskala landskapsrom. Samlande eining med Høydalsfjorden, Eikefjorden og Norddalsfjorden. Mot aust ligg ein indre del med ei typisk landskapstypefordeling for LR 21 i sin heilskap. Enkeltståande kystfjell dannar avgrensingar mot sør og aust. Frå aust mot vest markerar området ein tydeleg overgang frå det vestlandske fjord og dallandskap, til det ytre kystlandskapet.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A			--	
B			<b>2</b>	
C			<b>22</b>	

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Gulen/Frøyssjøen</b>	<b>21.8</b>	<b>9</b>	
	Utgjer sørleg del av underregion 21.8 der Frøyssjøen og Gulen er sentrale romlege eininger. Dei indre fjordbotnane utgjer små landskapsrom som orienterer seg nordover og ut mot dei større fjordløpa til Midt- og Nordgulen. Eit ytre kystpreg med vekslande vegetasjonsdekke er sentralt. Markante og formmessig varierte og inntrykkssterke innrammingar mot lågfjella av devonsk sandstein.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A			--	
B			<b>2</b>	
C			<b>7</b>	

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Sørdalen/Dombesteinsegga</b>	<b>15.22</b>	<b>9</b>	
	Nordleg del av underregion 15.22. Sørdalen dannar eit aust/vestgåande dalføre. Vekslande og svært varierte landformer knytt til devonsk sandstein pregar store delar av fjellområdet. Eit unikt formuttrykk, men med fleire brot knytt til vasskraft, vegar og bergverksdrift. God romleg eining som markerar slutten på dei ytre fjellområda i fylket, med tydeleg avgrensing mot Nordfjorden.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A				--
B				<b>2</b>
C				<b>7</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Vågsøy</b>	<b>20.6</b>	<b>14</b>	
	Området dannar midtre del av underregion 20.6. Ei jamm fordeling av landskapstypar. Austleg del ligg med eit skjerma preg med Måløy som sentrum. Vestleg del er typiske og representative landskapstypar for underregionen, men sjeldne i regional og nasjonal samanheng ( <i>sjå type beskriving kap 4</i> ). Storforma viker og kystfjellplatå med ein dramatisk klippekyst. Kystfjellplatåa mot aust har mindre formmessig samanheng enn kva som er typisk landskapstypen. Unntak er Mehuken som har ein god heilskap og samanheng med omkringliggende landskapstypar. Fleire velhaldne kulturmiljø med ein lang historisk kontinuitet. Delar av område er prega av tettstader og infrastruktur.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A				--
B				<b>2</b>
C				<b>12</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Nordfjord</b>	<b>21.8</b>	<b>6</b>	
	Storforma fjordløp dannar sentral romleg eining. Avslutning av Nordfjord der vestleg del ligg med avtakande fjordform i overgang mot storsund og ope hav. Slake skogkledde fjordsider og dels fjordskuldrar, der bakomliggjande kystfjelldalar ligg hengjande ut mot fjordrommet. Ei samanhengjande fjordside mot nord, og meir oppbrote med smalsund og kystfjell i sør. Området dannar ein typisk eining for ytre del av LR 21 som heilskap.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A				--
B				--
C				<b>6</b>

Verdi	Landskapssamanheng	UR	Tal landskapsområde	Verdi LO
	<b>Vanylven</b>	<b>21.9</b>	<b>2</b>	
	Nordlegaste området og ei storforma og open fjordavslutning. Sørleg del startar med ein kort og lukka fjordbotn. Ut Vanylvsfjorden opnar området seg raskt opp før det avsluttar med ein vidopen horisont mot storhavet. Samanhengjande fjordsider i sørvest med velhaldne kulturlandskap og grender. Tydleg overgangssone mot nord, med eit markant landskapsskilje før starten på dei karakteristiske Sunnmørsalpane.			
<b>C</b>	<b>Representative / vanlig førekommende landskap</b>			
A				--
B				--
C				<b>2</b>

## 4 Landskapstypar langs kysten av Sogn og Fjordane

### Skildring og regional fordeling

Resultatet frå landskapskartlegginga har klassifisert 20 unike landskapstypar, fordelt på 3 landskapsregionar langs kysten av Sogn og Fjordane. Kvar LT er katalogisert og nummerert. Nummereringa peikar til den landskapsregionen landskapstypen ligg i. For eksempel syner 21T08-12 *Kystfjelldalar* følgjande; *Landskapsregion 21, landskapstype 08 og landskapsområde 12*. Alle LO og LT har definerte, stadfesta geografiske avgrensingar som er digitalisert i kart. LO er nummerert stigande frå sør til nord.

Landskapskartlegging i det nasjonale referansesystem for landskap grupperer og strukturerer analysane av alle landskapsområda under sine respektive landskapsregionar (*kap.2 metode*). Like LT på tvers av regionane, vil ha små forskjellar i eigenskapar som t.d. i sin størrelse og utforming. I dei fleste tilfella er største forskjellen likevel knytt til mengd av LO innanfor landskapstypen. Slik vert det identifisert kva LT som er typisk for den enkelte region og kva som er utypisk for regionen. Ein LT som er representert med mange LO innfor ein landskapsregion, vil uttrykke at dette er eit typisk landskapstrekk ved regionen og dermed ein sentral LT.

I beskrivinga av resultatet frå landskapstypeklassifisinga er det dei LT som er sentrale (*størst mengd*) for regionen som får ei utførleg beskriving av alle komponentsdelane. Same LT i naboregionar vert beskrive i ein tilhøyrande appendiks. Her vert ei kort skildring av landskapsregionale variasjonar ved LT framheva.

Landskapskartlegginga har klassifisert kysten av Sogn og Fjordane i *20 unike landskapstypar* fordelt på 399 *landskapsområde*. 19 av landskapstypane vert beskrive. *20T01 Ope hav*, er ikkje gjeve ei eigen beskriving. Landskapstypen består av tre store landskapsområd med ope hav i sørleg del av kysten og er berre omtalt i den digitale landskapsdatabasen.

Landskapstypane presenterast med beskriving av komponentsdelane og landskapskarakter i kapittel 4.1 til 4.3. Fordeling av landskapstypar på landskapsregionar og regionale variasjonar er presentert i tabell i figur 6. Fordeling av landskapsområda på landskapstypar og kommunar er vedlagt i *vedlegg 1*. Kart over landskapsverdi på landskapsområdane er vedlagt i *vedlegg 2*, og ei samla presentasjon av landskapstypefordelinga langs heile kysten i *vedlegg 3*.

### Vedlegg til kapittelet: 3

Vedlegg 1: Landskapstypar fordelt på landskapsområda og kommunar.

Vedlegg 2: Kart over landskapsverdi av større samanhengjande landskapsrelasjonar.

Vedlegg 3: Kart over landskapstypefordeling

## Landskapstypefordeling gjennom regionane langs kysten av Sogn og Fjordane

<b>Landskapsregion 15 Lågfjella i Sør Noreg: Underregionar: 15.18 Langheia/Skorheia, 15.20 Kvamshesten, 15.22 Norddalsfjella</b>	<b>Regionale variasjonar</b>
15T01 Lågfjellsdalar (20 LO)	
15T02 Botn- og sprekkedal (16 LO)	
15T03 Lågfjellheiene (18 LO)	
15T04 Storforma fjellmassiv (12 LO)	


<b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet Underregionar: 20.3 Gulen, 20.4 Solund, 20.5 Bulandet/Flora, 20.6 Bremangerlandet/Stad</b>	<b>Regionale variasjonar</b>
20T01 Openhav (3 LO)	
20T02 Klippekyst (5 LO)	
20T03 Storforma viker (9 LO)	
20T04 Ytre skjergard (22 LO)	
20T05 Våg- og smalsundlandskap (36 LO)	LR 21: 21T03 Våg- og smalsundlandskap (8 LO)
20T06 Småfjord og storsund (24 LO)	LR 21: 21T02 Småfjord og storsund (7 LO)
20T07 Fjordbasseng (13 LO)	
20T09 Kystheiene (25 LO)	
20T11 Ytre kystfjell (25 LO)	LR 21: 21T09 Kystfjella (21 LO)
20T12 Kystfjellplatå (18 LO)	

<b>Landskapsregion 21 Ytre Kystbygder på Vestlandet Underregionar: 21.6 Fjaler, 21.7 Norddalen, 21.8 Hornelen og 21.9 Søre Sunnmøre</b>	<b>Regionale variasjonar</b>
21T01 Breie fjordar (13 LO)	
21T04 Fjordbotnar (8 LO)	LR 20: 20T08 Fjordbotnar (2 LO)
21T05 Elvedalar (15 LO)	
21T06 Sprekkedalar (6 LO)	
21T07 Skog og åslandskap (20 LO)	LR 20: 20T10 Åslandskap (12 LO)
21T08 Kystfjelldaler (29 LO)	LR 20: 20T13 Kystfjelldalar (12 LO)

Figur 6. Fordeling av landskapstypar gjennom landskapsregionane og regionale variasjonar.

#### 4.1 Landskapsregion 15 Lågfjellet i Sør Norge



Figur 7. Kart over landskapsregion 15, fordelt på 40 underregionar (O.Puschmann 2005)


	<b>LANDSKAPSREGION 15 LÅGFJELLET I SØR-NORGE</b> Landskapsregionen består av 40 underregioner 1	
<b>LANDSKAPETS HOVEDFORM</b> * samlegruppe for lavfjellsomr. u. 1500 m. * stor variasjon & geografisk spennvidde * <i>Langfjella</i> et skille * mange ulike landformtyper	Regionen er en samlegruppe for store snaufjellsområder opp til 1500 m.o.h, men her finnes også enkelte topper med høyfjells karakter + smådaler under skoggrensa. Regionen har en stor variasjon av landformer og berggrunn. Lengst sør i <i>Ryfylke</i> - og <i>Setesdalsheiene</i> dominerer storkuperte heier. På vestsida av <i>Langfjella</i> 2, lenger nordover, overtar paleiske fjellformer, stedvis i mosaikk med storkupert hei og vidder. Karakteristisk her er at de ofte gjennomtenges av små og store U-daler, noe som gir fjellene et grovere relieff med store høydeforskeller. Øst for <i>Langfjella</i> har landformene et langt mildere preg, med klar dominans av småkuperte vidder. Typisk i dette viddelandskapet er et stort innslag av lange, grunne paleiske elvedaler. I overgangen mot lavereliggende strøk overtar ofte storkupert hei, særlig i <i>Telemark</i> . Også øst i både <i>Hedmark</i> og <i>Sør-Trøndelag</i> er viddeformene vanligst. I fjellområdene i nord mellom <i>Oppland</i> og <i>Hedmark</i> er paleiske fjellformer og storkuperte vidder vanlig. Også her med flere gjennomgående U-daler. Mot kysten i <i>Sør-</i> og <i>Nord-Trøndelag</i> har regionens fjellområder en grov mosaikk av både storkupert hei, ulike vidder og enkelte lavere liggende åser.	**
<b>LANDSKAPETS SMÅFORMER</b> * store løsmasseforskj. * i vest; mye bart fjell og usammhe.dekker * i øst; mer løsmasser mer avrundet preg * kjente landemerker	Regionen har store forskjeller når det gjelder løsmasser. Vest for <i>Langfjella</i> (se fotnote) preges mange underregioner av bart fjell, eller av fjell med tynt eller usammenhengende løsmassedekke. Enkelte fjellstrøk er ekstremt golde, spesielt i sør, og her er nakne terrenget formasjoner karakteristisk. På motsatt side, i de <i>Østnorske lågfjellsområdene</i> , er preget annerledes. Her fins mer av både blokkmark og morener. Det gir terrenget et jevnere og mer avrundet preg, bl.a. fordi utallige småsprekker, slukter og senkningser er fylt opp og jevnet ut av løsmasser. I Nord-Trøndelag kommer grunnfjellet igjen, også her med lite løsmasser. Spredt i mange underregioner ses også markante morenerygger som randmorenener, terrasser og eskere. Mest markant av "småformene" er små og store enkeltstående fjelltopper og høydedrag. De rager ofte høyt over omkringliggende landskaper, og danner både blikkfang og landemerker. Kjente eksempler er <i>Gaustatoppen</i> , <i>Håriteigen</i> og <i>Sølen</i> .	***
<b>VANN OG VASSDRAG</b> * mest vannrike region * titusener vann/elver * Ø & V for vannskillet * V; kortere vassdrag * Ø; lengre vassdrag * kraftutbygging	Dette er den mest vannrike av landets 45 landskapsregioner. Her finns titusener av små og store vann, og mellom disse renner enda flere elver og bekker. Siden regionen strekker seg ut på begge sider av <i>Langfjella</i> , samt fortsetter nordover som både "fjord- og innlandsfjell", så varierer vassdragene forholds mye i utforming. Underregioner vestafor vannskillet har ofte korte vassdrag. Og pga større høydeforskeller renner vannet her ofte raskere. Forekomsten av mer storslagne fosser og stryk er følgelig vanligere her. Øst for vannskillet er terrenget ofte roligere, og vassdragene vesentlig lengre. Dette ses gjerne i form av større innsjøer i vide fjellsenknninger. Men her finns også partier hvor elvene renner i hastige stryk, og stedvis ses også imponerende fossefall. Felles for regionen er imidlertid utallige småvann, pytter og tjern, - uavhengig om de ligger i dype botn eller i grunne senknninger på flate vidder. Svært mange vassdrag er berørt av kraftutbygging. Flere steder ses dette i form av store reguleringssmagasin eller ved at overføringstunneler har tørrlagt en rekke større elvestrekninger.	***
<b>VEGETASJON</b> * stor variasjon i reg. * vått i vest / tørt i øst * fjellskog – se reg.14 * <i>lavalpine veg.sone</i> ; Lyng- & rishei, myr * <i>mell.alpin veg.sone</i> ; 1150 m, mer spredt dekke, ikke blåbær	Vegetasjonen varierer avhengig av klima (oseanisk i vest, kontinentalt i øst), høyde, berggrunn, løsmasser og kulturpåvirkning. Selv om regionens vanligste landskapstyper ligger overfor skogbeltet, så vil de fleste u.regioner av arronderingsmessige hensyn også ha spredte områder med fjellskog. De har ofte typetilhøighet i region 14. Fjellområder ovenfor skoggrensen deles normalt i tre vegetasjonssoner med hvert sitt sær preg. I den lågalpine sonen dominerer vierkratt på fuktige steder, her er også mye gras- og rismyr. Dvergbjørk og lyng overtår på tørrere partier. I hellinger med god drenering og morenejord, ses ofte ulike artsrike engsammfunn. Lågalpin sone avgrenses normalt mot mellomalpin sone der blåbærlyngen slutter. I regionen er det på +/- 1150 m.o.h. Plantene i mellomalpin sone består av urter, rabbesiv, gress- og starrarter. Noen få lyngarter klarer seg så godt, bl.a. grepelyng og krekling. I vestligere fjellstrøk med større snømengder er særlig museøre, verdens minste "tre", vanlig i snøleier. Høgalpin vegetasjonssone finns kun på regionens høyeste partier. Den er derfor beskrevet under region 16.	***
<b>JORDBRUKS-MARK</b> * tradisjonell høsting * seterbruk i nedgang * nydyrkinger * gjeve fjellbeiter * sau + reinsdyr * svært få bofaste bruk * bofaste fjellgårder	Regionens fjelltrakter har tradisjonelt vært brukt til jakt, fiske og ulike typer utmarksbruk som beite, slått, lavsanking, torvtekts, hogst til gjørder og brenne m.m. Særlig stod seterbruket sterkt i noen av regionens lavereliggende deler. I løpet av siste 100 år har seterbruket gått tilbake over hele landet, også her. Likevel kan både jordbruks- og beitepåvirkningen fortsatt være stor lokalt. I noen lavereliggende fjellskogs- og snaufjellsområder er spredte teiger med oppdyrka grasmark utbredt. Dette skyldes bl.a tilskuddsordning for nydyrkning i fjellet, og arealene kan ses både på eldre setervoller eller spredt langs drifts- og kjøreveier. Arealene eies helst av gårder nede i hoveddalene. Regionen har noen av landets gjeveste fjellbeiter. Her går bl.a titusener av sau på utmarksbeite, samt store tamrein- og villreinflokker. De fleste u.regioner mangler bofaste gårder, og i hele regionen finns kun ca. 100 aktive bruk igjen. Ofte er dette spredtliggende gårder i små lune og lavereliggende fjelldaler. På disse gårdene dominerer grasproduksjon, samt husdyrhold med storfe, sau og noe geit. Nedlegging av dyrka mark på regionens egne gårder varierer, men flere u.regioner har store areal med eldre dyrka mark ute av drift.	-/*
<b>BEBYGGELSE OG TEKNISKE ANLEGG</b> * ingen/lite bebygg.	Regionens vanligste landskaper ligger over skoggrensa. Det er normalt områder hvor det fra gammelt av har vært tilnærmet ingen bebyggelse, særlig mellom 1250 – 1500 m.o.h. Dette varierer imidlertid fra landsdel til landsdel avhengig av evt. ressurser som kunne utnyttes. Setrene utgjør det meste av den eldre bebyggelsen, særlig i lavereliggende deler, dvs like over/under tregrensa. Som følge av endret	-/*

<ul style="list-style-type: none"> <li>* bygn.type avheng. av høstingsressurs</li> <li>* setrene tidl. vanligst tilskog.; seter/hytter "synker" ned i skogen</li> <li>* jakt- &amp; fiskebuer</li> <li>* hyttebebyggelse</li> <li>* damanlegg, veier</li> </ul>	<p>ressursutnyttelse eller bruksoppfør (evt. klimaendringer), er mange lavereliggende snaufjellsområder i ferd med å tilskoges. For setrene og utallige hytter, betyr det at de gradvis "synker" ned i skogen. En annen type bebyggelse er gamle jakt-, fangst- og/eller fiskebuer. Veldig ofte oppfylte ei bu samtlige tre funksjoner. Også båtnaust kan stedvis ses. I de siste 100 årene har også hyttene gjort et betydelig inntog i fjellet, men disse følger gjerne samme høydelag som setrene. Mens de første hyttene ble lokalisert i aktive setergrender eller lå spredt, så er bygging i felt mer utbredt i dag. Her er også enkelte hotell. Med sine rike vannressurser, er regionen også betydelig påvirket av kraftutbygging. Tekniske installasjoner, reguleringsdammer og store kraftlinjer kan derfor prege lokale landskapsområder. Her er også mange veier, fra eldgamle får, via nyere anleggsveier til moderne riksveier. Enkelte toglinjer krysser regionen, og disse strekningene er ofte svært populære. Av eldre kulturminner nevnes særlig gamle fangstanlegg og jernblåsterplasser.</p>
<p><b>LANDSKAPS-KARAKTER</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>* snaufjellslandskap over tregrensa</li> <li>* store treløse vidder, heier &amp; lågfjellsdaler</li> <li>* sesongvis oppsøkt i tilknytning til høsting av lokale ressurser</li> <li>* høst, sommer, vinter</li> <li>* seter- og beitebruk</li> <li>* jakt, fangst, fiske</li> <li>* reinsdyrgraver</li> <li>* dagens bruk; både lik og annerledes</li> <li>* rekreasjon, fotturist</li> <li>* turistforening, stier</li> <li>* gamle sommerruter, holdes ofte i hevd av dagens fotturisme</li> <li>* fjellet krever <i>tid</i></li> <li>* hastige overgangsveier</li> <li>- gir likevel storlagne inntrykk</li> <li>* småskala veinett for økt sykkelturisme</li> <li>* damanl./kraftgater, har kun betydning.</li> </ul>	<p>Som nevnt ligger det aller meste av regionen over skoggrensa. Dette er normalt fjellområder hvor det fra gammelt av har vært spredt og lite bebyggelse, og hvor storlagne og ikke minst <i>treløse</i> vidder, heier og høytliggende daler har dominert. Det er likevel ikke ensbetydende med at her har vært folketomt, men heller at den har vært sesongvist oppsøkt og brukt på en måte som ikke har satt igjen for mange synlige spor. Som regel var aktivitetene knyttet til ulike typer sommer- og høstbruk, men også noe om vinteren, bl.a. til snarefangst av ryper i lavereliggende deler. Tradisjonelt har regionens fjellområder blitt brukt avhengig av hvilke ressurser som kunne høstes. Seterbruk og utnyttelse av frodige snaufjellsbeiter har vært dominerende.</p> <p>Men det er ikke bare rike grasressurser som opp gjennom tidene har lokket folk til fjells. Både i tilknytning til seterdrift og som en mer selvstendig næring, har det vært drevet et utstrakt fiske, og enkelte gamle naust og fiskebuer ved innsjøer og tjern i snaufjellet viser at dette er en virksomhet med gamle tradisjoner, og som fortsatt blir opprettholdt i dag. De eldste av de synlige kulturminnene er likevel reinsdyrgravene som man i dag vil finne i fjelltrakter der villreinen for lengst er borte. Dyregravene var en stor ressurs, og i mange bygder verserer historier om gutten som fikk valget mellom å arve gården eller retten til dyregravene i fjellet, og som valgte dyregravene. Bruk av fangstgraver ble forbudt tidlig på 1900-tallet, men det jaktes fortsatt rein.</p> <p>Dagens bruk av fjellet er fortsatt noe av det samme, men likevel betydelig annerledes. For folk flest forbindes regionens fjellområder med fritid – og ikke nødvendig arbeid. Ferdsel er knyttet til rekreasjon, noe som bl.a. ses av et svært omfattende rutenet som turistforeningene har lagt gjennom regionens mange fjellområder. Mange steder er røde <b>T</b>-er, en kronglete sti samt en og annen varde det eneste man møter, men som fører fra hytte til hytte eller til og fra fjellet.</p> <p>Tidligere var sommerveiene enten gang-, kløv- eller ridestier som ofte gikk over mer lettgåtte fjellterring. I nyere tid har fotturismen bidratt til å vedlikeholde mange av de gamle ferdelslinjer over fjellet. Gamle veifar og moderne turstier har likevel det til felles at de krever at man har tid ved ferdsel. Tid til å komme fram, og tid til å oppleve landskapet på nært hold. Dagens moderne fjelloverganger er annerledes med sine brede, strake veier anlagt for stor fart. Likevel, pga. landskapenes vide og storforma karakter, vil man også fra disse få se mye fjellnatur. Her er også mange mindre seter-, hytte-, drifts- og anleggsveier. De ligger gjerne mer nøkternt til, men er bl.a. godt egnet for sykkelturer i variert terreng – en aktivitet som har økt sterkt de siste åra.</p> <p>Storsamfunnets bruk av regionen har og vært omfattende, noe som bl.a. ses ved store damanlegg og kraftgater. Anleggene er likevel innordnet i fjellheimen, og selv om de ruver i landskapet ser de mange steder ut til å ha mindre betydning for folks rekreative bruk av resten av fjellet.</p>

1 U.reg. er; 15.1 *Dyraheio*, 15.2 *Kvannefjellet*, 15.3 *Lifjell*, 15.4 *Vindfjell/Brattegen/Tuddalsfjella*, 15.5 *Saudafjella*, 15.6 *Vestvidia*, 15.7 *Austvidia*, 15.8 *Norefjell*, 15.9 *Kvitingane/Gråsido*, 15.10 *Vossaskavlen*, 15.11 *Stølsheimen/Kvitaniøsi/Såte*, 15.12 *Bleia*, 15.13 *Filefjell/Tyin*, 15.14 *Gruvefjellet*, 15.15 *Refjell/Valdresflya*, 15.16 *Skaget*, 15.17 *Vulufjell*, 15.18 *Langeheia/Skorahøia*, 15.19 *Høyangerfjella*, 15.20 *Kvamshesten*, 15.21 *Gjengedalsfjellet*, 15.22 *Norddalsfjella*, 15.23 *Gråsida/Vulufjell*, 15.24 *Alvdal vestfjell*, 15.25 *Rendalen østfjell*, 15.26 *Isfjord/Eikedalsfjellet*, 15.27 *Aursjøen/Torbudalen*, 15.28 *Store Orkelhøa*, 15.29 *Forollhogna*, 15.30 *Hyllingen/Kjølfjellet*, 15.31 *Sylane/Skarðdørsfjella*, 15.32 *Trollheimen/Blåøret*, 15.33 *Ilfjellet*, 15.34 *Vardfjellet/Omnfjellet*, 15.35 *Todalsfjellet*, 15.36 *Fongen*, 15.37 *Kjølhaugan*, 15.38 *Fosenfjella*, 15.39 *Snåsafjella* og 15.40 *Geitfjellet*.

2 **Langfjella**; brukt som værvarslingsområdet; dvs følger vannskillet mellom Øst- og Vestlandet fra Jotunheimen og sørover.

(O.Puschmann. NIJOS rapport 10/05. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner)



Figur 8. Kart med fordeling av landskapstypar i landskapsregion 15. Lågfjellet i Sør-Noreg.

#### 4.1.1 Landskapstype: 15T01 Lågfjellsdalar



15T01-08 Steiestølen, *Fjaler*. Open i nedre del kor LO munnar ut i mot elvedalen nedanfor. Glissen fjellbjørkeskog i dalsidane og tykke torv- og myrdekket i dalbotn. Aktivt gardsbruk med grasmarker S.W.B.



15T01-17 Storevatnet, *Flora* LO utgjer eit storskala landskapsrom, kor storforma fjellmassiv dannar ei markerte innramming. Open furuskog, store vatn samanbunde med breie fossefall over terskelar, er sentralt karaktertrekk. N.R.



15T01-18 Svelgsvatnet, *Bremanger*. Store vatn i dalbotnane er vanleg, og i enkelte av LO er desse regulert vassmagasin. Her kjem reguleringssona tydeleg fram. M.C.



15T01-20 Sørdalen, *Bremanger*. I mange av LO ligg velhaldne stølsmiljø. Karakteristisk, skråstilt fjellprofil rammar inn områda omkring Bremanger. M.C.



15T01-01 Ø-Lavikdal, *Høyanger*. LO representerar ei meir utypisk utforming med ein storforma open dal. Busette fjellgardar utgjer aktive kulturmiljø. Ein mosaikk med vatn, gras- og beitemark, myrflater og spreidd furuskog skapar stor variasjon i dalbotn. Ei ope innramming med skogkledd åsar, fjellheiar, og lågfjella i bakgrunn.



15T01-10 Norddalen, *Fjaler*. Aktive gardsbruk med fast busetting finst i enkelte LO, med størst tetthet i UR 15.18. Her ligg gardane heilt opp mot tregrensa med gras- og beitemark i dalbotn. I tilknyting til gardane står granplantefelt tett i dalsidane.

	<p><b>Landskapstype: 15 T 01 Lågfjellsdalar</b></p> <p><b>Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet</b> <span style="color: red;">■</span></p> <p><b>20 landskapsområdar i LR 15</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li><b>15.18 Langeheia/Skoraheia (10 LO)</b></li> <li><b>15.20 Kvamshesten (6 LO)</b></li> <li><b>15.22 Gulesletten (4 LO)</b></li> </ul>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <b>*U-form</b> <b>*Storskala</b>	I dei tre UR til LR 15 i ytre Sogn, ligg dei fleste LO inn mellom lågfjellheiari og storforma fjellmassiv, og munnar ut i mot fjordar eller større elvedalar. Ei klar definert U-form, med ein lang og open dalbotn, og slak eller inga stigning i lengdeprofilen. LO vekslar ofte med fleire underordna rom, oppetter dalføra, men kor lågfjella og store fjellmassiv dannar ei overordna og tydeleg avgrensing av LO. Dalsidane vekslar frå jamne og markerte, med ei klar horisontlinje (eks; 05, 06, 07, 11), til meir usamanhangande, kor store fjellryggjar og skar strekk seg inn og bryt opp dalromma (eks; 12, 13, 15, 17, 20).	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>SMÅFORMAR</b> <b>*Lausmassar</b> <b>*Randmorenar</b> <b>*Trappetrinn formar</b>	Eit samanhengjande lausmassesdekke er sentralt i dei aller fleste LO. Tjukke torv- og morenedekker ligg nedetter dalbotnane med gradvis tynnare dekker i dalsidene og i dei høgareliggjande LO. Dels store randmorenar og sidemorenar ligg stadvis synleg nedst i dalmunningane. Store fjellryggjar strekk seg inn i dalromma og skapar fleire underordna rom og overgangar (Eks; 02, 03, 08, 17, 20). Små rabbar og langsgåande rygger står fram nede i dalbotn, med stadvis blankskura og store rundsva, og mindre klipper i lesida. Overgangane mot lågfjella er typisk avrunda og slake. LO som tilgrensar dei store fjellmassiv, ligg delar av dalsida med store fjellveggjar som dannar markete avgrensingar. I LO i UR 15.22, står dei karakteristiske skråstilte trappeformasjonane tydeleg fram. Bekkeløfter og markerte, bratte skar med store skredvifter og rasmark er vanleg i mellom fjellryggjar i dalsidene.	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VATN OG VASSDRAG</b> <b>*Botnvatn</b> <b>*Små fossar</b>	Vatn og vassdrag er ein sentral komponent gjennom dei aller fleste av LO, med varierande storleik og intensitet. Der LO ligg som ein markert sidedal vekslar det mellom mindre botnvatn, og ein jamt hellande dalbotn, med rettlinja elveløp gjennom lausmassar (eks; 05, 06, 10, 11). I dei større og meir opne LO, ligg store vatn i forskjellig høgdenivå. Små fossar fell breitt over terskelkantar, ofte synleg på lange avstandar. I dalsidene ligg ei mengd små og store fossefall og småbekkar og bidreg til rørsle i den ytre innramninga (eks; 01, 15, 17, 20).	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VEGETASJON</b> <b>*Fjellbjørk</b> <b>*Furu</b> <b>*Gras- og lynghei</b>	Det typiske særpreget for LT er ein tett og frodig blandingskog med bjørk og furu i nedre delar. Vidare opp dalføra vert skogen meir glissen og open fjellbjørkeskog med spreidde furutrær tek over. Over tregrensa dominar grasheiari, einer- og viekraft i veksling med lyng av blåbær og krekling. UR 15.22, har næringsfattig berggrunn og vegetasjonsbilete i LO her, har eit skrinnare preg. Furua er meir framtredande, men framleis finn ein fjellbjørk i dalsider med tjukkare lausmassedekke.	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>KULTURPREG</b> <b>*Stølsdrift</b>	Aktiv stølsdrift har tradisjonelt vore knytt til LT. I dag er aktiv stølsbruk mindre utbreidd, men framleis finn ein velhaldne stølsmiljø. (Eks; 05, 06, 11, 20).	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>AREALBRUK</b> <b>*Jordbruk / fjellgardar</b> <b>*Småkraft</b> <b>*Små vegar</b> <b>*Riksvegar</b>	I dei lågareliggjande LO i UR 15.18 ligg nokre små bufaste fjellgardar. Desse er småskala bruk kor gras- og beitebakkar ligg i nedre del av dalbotn. Skogbruk er og vanleg og dalsidene er kledd med tette granfelt. Mange LO ligg mellom sentrale fjordstrok, og riksvegar går gjennom LO. Fleire LO er sentrale innfallsportar til fjellheimen. Desse er ofte lett tilgjengelege med små bomvegar opp i dalane. LO er attraktive for etablering av småkraft og særleg i dei bufaste LO er det ofte etablert mindre damanlegg i dalmunningane. Berre eit fåtal av LO ligg i dag med eit urort preg (eks; 04, 17, 19)	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <b>* Fjellpreg</b>	Når ein kjem inn i lågfjellsdalane forlet man dei store og samanhengjande landskapsromma i fjord- og dallandskapet nedanfor og overgangen mot fjell-landskapet er tydeleg. Mange av LO ligg som viktige innfallsportar mot fjellheimen og er fleire stader lokalt viktige utfartsområde for friluftsliv i fjellet. Ein gjennomgåande kontakt med fjellområda er sentralt .	

#### 4.1.2 Landskapstype: 15T02 Botn og sprekkedalar



15T02-15 Førdrssætra, Bremanger. Ein ope og hengjande dalmunning, men langstrakt botnvatn er typisk i fleire av LO. M.C



15T02-15 Førdrssætra, Bremanger. Omkring botnvatna i nedre del av LO veks småbroten fjellbjørk og viekrott i dei tjukke skredavsetningane M.C




15T02-15 Førdrssætra, Bremanger. I øvre del smalnar landskasrommet inn i mot den indre botn, med eit lite skar over mot LO 16 Hjelmevatnet. M.C




15T02-03 Grytadalen, Flora. I dei lågaste LO står fjellbjørka heilt opp i botn av dalen. Her ligg riksvegen tvers gjennom LO. Høgspennsmaster skimtast øvst i kanten av LO. Vasskraft har stor påverknad i fleire av LO. N.R



15T02-06 Grøndalsstøylen, Flora. Høgreiste fjellmassiv omkransar LO og speglar seg i botnvatnet. S.W.B



15T02-06 Grøndalsstøylen, Flora. Botndalen munnar hengjande ut mot eit større dalrom. S.W.B

	<p><b>Landskapstype: 15 T 02 Botn- og sprekkedalar</b></p> <p><b>Landskapsregion 15 Lågfjella i Sør-Noreg</b> <span style="color: red;">■</span></p> <p><b>16 landskapsområde i LR 15</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <p><b>15.20 Kvamshesten (2 LO)</b></p> <p><b>15.22 Norddalsfjella (14 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <b>*Korte botnar</b> <b>*Trau-utforma</b>	<p>LT varierar mellom ein klar trauutforma botndal, til meir langsmale, lukka og markerte sprekkedalar. Botndalane ligg ut mellom dei storforma fjellmassiva, og munnar ofte ut høgt over fjordane eller i mot lågareliggjande lågfjellsdalar. Dei meir lukka sprekkedalane ligg inn i mellom fjellmassiva, og dannar naturlege overgangssoner og passasjar mellom to større dalformer (eks; 02, 04, 09, 12). Fellestrekk for både landformene, er ein skarpskåren og lukka trauutforming, med ein jamn dalbotn. LT er direkte knytt til større område med storforma fjellmassiv (15704). I ytre delar av Sogn og Fjordane finst LT med størst samanheng og heilskap i <i>UR 15.22 Norddalsfjella</i>. LO ligg relativt lågt i forhold til kva som er vanleg i dei indre delane av LR 15. Dei lågaste LO ligg mellom 200-400 moh og dei høgaste ligg opp mot 800 moh.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>SMÅFORMER</b> <b>*Randmorenar</b> <b>*Trau-utforma</b> <b>*Store hyllesystem</b> <b>*Fjellvegar</b>	<p>God visuell kontakt gjennom landskapsromma og eit skrint vegetasjonsdekke, gjer småformene svært framtredande. Lausmasse dekka er meir usamanhengjande og varierande enn i dei meir opne og lågareliggjande lågfjellsdalane. Tynne dekke av morene finst stadvis, anten i eine sida eller i enden av botnvatna. Vanleg er godt synlege randmorenar og sidemorenar i fleire av LO. Skred og forvitningsmateriale er vanleg og ligg stadvis store i overgangen mot dalbotn. Aktive skredvifter ligg høgare opp i dalsidene, og over står vertikale fjellvegar og danner ei markert og lukka innramming. Eit stadeige og karakteristisk preg i fleire av dalsidene, er skråstilte hyllesystem som ligg som store trapetrinn oppetter.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VATN OG VASSDRAG</b> <b>*Botnvatn</b> <b>*Fossar</b>	<p>I dalsider og ned fjellvegar kjem mellomstore fossefall, og smeltevassbekkar breier seg ut over store svaflater ned mot dalbotn. Her samlar dei seg i eit felles elveløp, som drenerar ut i mot mindre botnvatn eller direkte ut over dalmunninga. Typisk er mellomstore botnvatn i nedre delar mot dalmunninga. I enkelte av LO ligg botnvatn trinnvis oppetter, med små stryk og fossefall i mellom. I enkelte av LO drenerar mellomstore elvar rolig ut i botnvatn med små forgreina løp over mindre deltaavsetningar.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VEGETASJON</b> <b>*Skrint</b> <b>*Fjellbjørk</b>	<p>Den næringsfattige sandsteinen forvirrar langsamt og gjev opphav til relativt ordinære vegetasjonstypar. Over skoggrensa, dominar bart berg med innslag av gras- og heivegetasjon i dalsidene og ned mot vatna. I nedre delar med betre vasstilgang og tynne morenedekke står fjellbjørkeskog langs elvane og i dalbotn og skapar eit noko frodigare preg. Tregrensa varierer noko. I dei lågareliggjande LO, står ho midt opp i dalsidene.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>KULTURPREG</b> <b>* Lite synleg</b>	<p>LT har lite kulturpreg. Fleire av LO ligg svært vanskeleg tilgjengelege, inn mellom fjellmassiva. Kombinert med høgda over havet og eit svært skrint vegetasjonsdekke har det vore lite eller inga stølsdrift. Berre i dei lågareliggjande LO finn ein mindre stølsmiljø (eks; 04, 06)</p>	<span style="color: green;">*</span>
<b>AREALBRUK</b> <b>*Vasskraft</b> <b>*Høgspenn</b>	<p>LT er svært påverka av vasskraftutbygging. I fleire av LO ligg botnvatna som regulerte vassmagasin. Ved lav regulering vert inngrepet svært synleg med tydeleg reguleringsrand. Nokre av vatna ligg utan ytre inngrep, og er drenert gjennom vasstunellar, medan dei største og lågastliggjande LO er demma opp. Større høgspennlinjer ligg gjennom nokre av LO (eks; 03, 14, 15). Berre fire av LO i <i>UR 15.22</i>, ligg utan tekniske inngrep (04, 06, 10, 13)</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <b>* Lukka</b> <b>* Intenst</b> <b>* Bevegelse og dramatikk</b>	<p>Mange av landskapsområda ligg utilgjengeleg og isolert til. Å ta seg inn her er ofte krevjande og bidreg ytterligare til eit isolert preg. Eit vell av framtredande småformer, elvar og aktive rasprosessar, skapar dramatikk og rørsle i landskapet. Stupbratte fjellvegar gjev ei intens og lukka innramming. I kontrast til rørsle og dramatikk dannar botnvatna av ulik storleik, ei roleg og samlande flate. Mindre elveosar og forgreina løp skapar rolege pausar og mindre grøne grasflater i eit elles karrige vegetasjonspreg.</p>	

#### 4.1.3 Landskapstype: 15T03 Lågfjellsheiene



15T03-15 Guleslettene, Flora/Bremanger. Eit vidstrakt blokkhav pregar store delar av overflata. LO ligg ope ut mot den ytre kystlinja, som er eit unikt stadeige preg for denna del av LR 15. M.C



15T03-15 Guleslettene, Bremanger. LO står tydeleg fram i det omkrinliggjande fjord- og kystlandskapet.



15T03-11 Langvassheia, Askvoll. Ein meir kompleks og samansatt geologi, gi ein meir grovkupert overflate i LO her. S.W.B




15T03-16 Myklebustfjellet, Bremanger. Små opne dalrom danner difusse og jamne overgangar mellom LO. Bart berg dominar i den næringssfattige berggrunnen, med ein mosaikk av gras- og mosehei. T.S



15T03-07 og 08 Svdheia og Norddalsheia, Fjaler. Lågfjellsheiene ligg over elvedalar og fjordar, og under dei høgreiste fjellmassiva (15T04), her med Kvamshesten i bakgrunn.



15T03-07 og 06 Svdheia og Styggeheia, Fjaler. Terrengdekkjande myrar og grasheiari gjer eit frodig preg i UR 15.18.

	<p><b>Landskapstype: 15 T 03 Lågfjellsheiene</b></p> <p><b>Landskapsregion 15 Lågfjella i Sør-Noreg</b> <span style="color:red;">█</span></p> <p><b>18 landskapsområdar i LR 15</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li><b>15.18 Langeheia/Skoraheia (8 LO)</b></li> <li><b>15.20 Kvamshesten ( 6 LO)</b></li> <li><b>15.22 Norddalsfjella (4 LO)</b></li> </ul>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <b>*Avrunda</b> <b>*Konveks</b> <b>*Platå</b> <b>*Viddepreg</b>	Lågfjellsheiene er den mest utbreidde LT i lågfjella. LT markerar starten på dei samanhengande fjellområda vidare austover. Dei aller fleste LO ligg samla i større gruppe. Her utgjer dei den lågaste delen av den avrunda paleiske overflata som er vanleg sør i Hordaland og vidare aust for langfjella. I ytre Sogn, utgjer, LO mindre grupper ut mot kysten, og dannar fortroppar til dei større og meir dominerande fjellmassiva og alpine fjellformane vidare austover i fylket. Hovudforma er ei godt avrunda og småkupert overflate. Store opne flyer og heiari, med stadvis viddepreg, strekk seg ut, ovanfor eit omkringliggjande dal- og fjordlandskap. Bratte lesider dannar markerte og tydlege avgrensingar av dei enkelte LO. LO ligg mellom 500- 900 moh.	*
<b>SMÅFORMAR</b> <b>*Småkupert</b> <b>* Flyttblokker</b> <b>*Blokkhav</b> <b>*Sva- og berghamarar</b>	Ein svært homogen overflate gjer at småformane vert mindre framtredande og glir inn som del av ein større heilskap. Lausmassefordelinga er svært forskjellig mellom dei tre UR. I UR 15.18, ligg flere LO med ei terregndekkande overflate av tynne morene- og torv dekker (eks; 03, 04, 07, 08). Mengdar av små flyttblokker ligg spreidd utover dei graskleddheiane. I UR 15.20 og 15.22 ligg meir næringsfattige og harde bergartar og overflata er dominert av bart fjell. Store svaflater, små berghamarar og skar er typisk i 15.20. Devonisk sandstein dominarar berggrunnen i dei nordlege områda, og er einaste stad i Noreg LT har denne bergrunnssamansetninga. Her ligg svært jamne og vidstrakte platå kor overflata er dominert av eit særeige blokkhav i veksling med fast berg og lyng- og grasheiari.	*
<b>VATN OG VASSDRAG</b> <b>*Småvatn, tjern og pyttar</b>	Ein del småvatn finst i forseinkingar på heiari, men større vassdrag utover småbekkar finst ikkje. Ei meng av pyttar og tjern er vanleg, i mosaikk med bart berg, myrar og grasheiari. Enkelte stadar finn ein små bekkefar som slyngar seg gjennom myrflater nede i mindre daldrag.	*
<b>VEGETASJON</b> <b>*Mosaikk preg</b> <b>*Grashei</b> <b>*Myrveg.</b>	Samanhengjande botn- og feltsjikt der lyng, gras og urter ligg i mosaikk med bart berg, myr og blokk- hav er vanleg fellestrekke. Feltsjiktet i UR 15.20 og 15.22, er særleg skritt og dominerast av blokkhav og bart berg grunna næringsfattige bergartar. UR 15.18 framstår med eit frodigare preg, med terregndekkande myrar og store samanhengjande grasheiari. I overgangane mot dal- og fjordstroka strekk open fjellbjørkeskog og einkratt seg opp på lune lokalitetar. Beitepreg har ei viss påverknad.	*
<b>KULTURPREG</b> <b>*Friluftsliv</b>	Dei sørlege LO i UR 15.18, har lang tradisjon med utmarksbeite på heiari. Elles er kulturpreget knytt til friluftsliv og utfart sommar og vinter. LO er lett tilgjengeleg og dei slake og vidstrakte heiari ligg med fleire merka stiar og turløyper.	*
<b>AREALBRUK</b> <b>*Lita betyding</b>	Fleire av LO ligg med liten grad av inngrep og arealbruk. Merka turstiar er vanleg i fleire LO, men desse er av lita landskapsmessig betyding.	*
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b>  <b>* Open og vidstrakt</b> <b>*Kyst og fjellheim</b>	<p>LTens sær preg innafor LR 15 i sin heilskap, er ein open og vidstrakt fjellheim med eit tydeleg indre fjellpreg. LT i ytre Sogn skil seg frå denne karakteristikken med ein tydeleg nærleik til kysten i dei aller fleste av LO. Oppe i lågfjella, på dei høgaste nutar og flyer, har ein god visuell kontakt med fjordar og ytre kyst. I nokre av LO er den nære kystkontakten gjennomgåande og er her det sentrale karaktertrekk ved LO (Eks; 09, 15, 16). Desse LO er dei einaste i LR 15, i Noreg, som inneheld desse eigenskapane.</p> <p>Inne i sjølve LO varierar landskapsopplevinga mellom det opne og vidstrakte, til overgangar med mindre opne botnar og daldrag. Overgangane opplevast ofte som diffuse slik at ein har ei god samanbinding innafor LO. Dei enkelte LO opplevast med ein god sjølvstendig framtoning og landforma gir ein god samanheng og heilskap mellom LO.</p>	

#### 4.1.4 Landskapstype: 15T04 Storforma fjellmassiv



15T04-02 Kvamshesten, *Naustdal*. Kvamshesten er eit særskilt framtredande og velkjend landemerke med stor regional betydning. Danner her stor kontrast i mot meir rolege landformar inst i Dalsfjorden.



15T04-02 Kvamshesten, *Naustdal*. Står markert opp over dei lågareliggende lågfjellsheiene. Her mot nord frå Svdheia (15T03-07).



15T04-01, *Askvoll*. LO er ikkje blandt dei høgaste, men likefullt eit framtredande landskapselement langs indre del av Dalsfjorden.



15T04-16 Myklebustfjellet, *Bremanger* Dei markerte og særegne trappe- og hylleformasjonane gjer eit unikt preg og stor opplevingsverdi. Dei geologiske formasjonane er knytt til danningsprosesser i sandstein og er unik i nasjonal samanheng. S.W.B




15T04-04 Smalelægdene, *Flora*. LO står sentralt fram i det omkringliggende dal- og fjordlandskapet. Ein markert sagtann profil i horisontlinja.

N.R




15T04-08 Plogen, *Bremanger*. Inne i fjellmassiva ligg små botnar og botnvatn i fleire trinn etter kvarandre. Desse botnformane inngår i heilskapen mellom fjellmassiva, og ligg som mindre overgangar og avgrensinger mellom LO.

S.W.B.

	<p><b>Landskapstype: 15 T 04 Storforma fjellmassiv</b></p> <p><b>Landskapsregion 15 Lågfjella i Sør-Noreg</b></p> <p><b>12 landskapsområdar i LR 15</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <p><b>15.20 Kvamshesten (3 LO)</b></p> <p><b>15.22 Norddalsfjella (9 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	--	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <b>*Storkupert</b> <b>*Sentralt toppområde</b> <b>*Sjølvstendig framtoning.</b>	LT er vanleg i Sogn og Fjordane, i LR 15, aust i fylket. I dei ytre delane av LR 15, utgjer LT ein stor del av UR 15.22 med 9 LO. Som namnet tilseier, er dette storforma fjellmassiv, med stadvis alpin utforming. Sentralt for LT er landformar som opptrer med ein stor grad av sjølvstendig framtoning i det omkringliggende landskapet. LO er ofte kjende landmerke, med visuell influens langt ut over eigne avgrensingar. LT skil seg klart frå dei avrunda lågfjellsheiane, som ligg i eit lavare nivå, omkring fjellmassiva. Hovudforma er storkuperte fjellmassiv, kor store og bratte fjellryggar støttar opp eit markert og sentralt toppområde. Ut frå toppane står ei eller fleire av sidene med vertikale fjellvaggar på fleire hundre meter. LO ligg i høgd over havet, mellom 900-1400 moh. Særtrekk ved LT i begge UR, er ein unik geologi. Alle LO består av devonsk sandstein som har lagt grunnlaget for særegne og unike formasjonar.	*
<b>SMÅFORMAR</b> <b>*Botnar og trinnbotnar</b> <b>*Skråstilla hylle/rampar</b> <b>*Fjellveggar</b>	Småformane vert ofte ubetydeleg mellom dei storforma landformasjonane. Dei mange små botnformasjonane som ligg som avgrensingar mellom LO, og stadvis sentralt inne i sjølve fjellmassiva, er viktige småformar. Trinnbotnar er typisk for LT i sin heilsak, men ikkje i den talrike samansetninga som her. I LO 09, ligg over ti botnvatn i skråstilte hyllesystem etter kvarandre, samanbotne til eit vassdrag med terskelfossar mellom kvar av botnvatna. Eit systemet av storforma, skråstilte ramper og hyller går igjen i fjellsider, toppar og botnar og gjer LT eit unikt og stadeige uttrykk. Dei skapar eit svært utfordrande terreng å bevega seg gjennom. Hyllekantane kan vere frå nokre titalls meter til fleire hundre meters høge fjellveggar.	*
<b>VATN OG VASSDRAG</b> <b>*Småvatn, tjern og pyttar</b>	Botnvatn er den mest utbreidde vassforma. Opp mot toppflatane ligg ei mengd små pyttar og smeltevassbekkar. Snø og snøbrear er vanleg i dei høgaste delane.	*
<b>VEGETASJON</b> <b>*Mosaikk preg</b> <b>*Grashei</b> <b>*Myrveg.</b>	Kombinasjon av næringsfattige bergartar i alle LO, og høgd over havet, gjer eit svært skritt vegetasjonsdekke. Omkring botnvatn og langs små forsenkningsar og skar, finn ein stadvis samanhengjande flekker med mosesnøleie, grashei og enkelte lyngartar som greplyng og krepling. Opp mot toppområda finn ein berre ulike typar skorpelav og ekstreme mosesnøleie. Sjølve toppområda ligg nakne, med blokkmark eller store samanhengjande svaflater.	*
<b>KULTURPREG</b> <b>*Lite kulturpreg</b>	Berre knytt til friluftsliv. Merka stiar. Liten betyding.	*
<b>AREALBRUK</b>	Utan betyding.	-
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <b>*Dramatikk</b> <b>*Inntrykks-sterk</b> <b>*Stor visuell kraft</b>	Ein indre og ein ytre karakter. Fleire av LO er viktige og sentrale landskapselement med formasjonar, som ofte har stor visuell innverknad langt ut over eigne grensar. LO representerar viktige landemerke med stor lokal identitetsverdi og er ein viktig del av landskapsopplevelinga i tilgrensande landskapstypar. LT står fram med ein gjennomgåande god heilsak mellom LO, kor urørtheit, vanskeleg tilgjenge og dramatiske landformasjonar gjev ein sterkt intensitet og høg autensitet.	

## 4.2 Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet




Figur 9. Kart over landskapsregion 20, fordelt på 8 underregionar (O.Puschmann 2005)

	<b>LANDSKAPSREGION 20 KYSTBYGDENE PÅ VESTLANDET</b> Landskapsregionen består av 8 underregioner 1	
<b>LANDSKAPETS HOVEDFORM</b>  * småknudret relief * storøyjer/halvøyer * strandflate * variert berggrunn gir ulik hovedform * skjærgård & øygard * brattkyst & hattfjell	Regionen strekker seg fra <i>Boknafjorden</i> i sør til <i>Romsdalsfjorden</i> i nord. Kysten har ofte et småknudret relief, og preges av øyer, halvøyer og skjærgård. Ved <i>Boknafjorden</i> starter en lavlandsbrem som strekker seg videre oppetter kysten og når sin mest typiske utvikling på <i>Møre</i> - og <i>Trøndelagskysten</i> og på <i>Helgeland</i> (lsk.reg. 24 og 29), dvs strandflatene som er et dominerende fellestrekk i flere kystregioner. På Vestlandet er berggrunsvarsiasjonen størst nærmest kysten. Det er utslagsgivende for hvordan landskapsformene ser ut, og skaper de underregionale forskjeller. Fra <i>Karmøy</i> til <i>Bergen</i> er terrenget ruglete og oppdelt i mange øyer og sund. Rundt <i>Bergen</i> nord til <i>Fensfjorden</i> , ligger smale langstrakte øyer og halvøyer i en bue mot vest, og terrenget er godt avrundet og småkupert. Langs kysten av <i>Sogn og Fjordane</i> gir harde bergarter høyreiste og nakne fjellformasjoner, og kysten framstår her som et ugjestmildt land med lite løsmasser og vegetasjon. Langs ytre <i>Nordfjord</i> ses fjellplatå med høye stup helt ut i havgapet. Her mangler skjærgård. Fra <i>Stadtlandet</i> dreier kysten mer i østlig retning. Ytterkysten på <i>Sunnmøre</i> preges særlig av ruvende hattfjelløyer.	***
<b>LANDSKAPETS SMÅFORMER</b>  * utallige nakne svaberg og fjellknauser * lite løsmasser * marine leirer * bunnmorener * lynghumus & torv	Mest iøynefallende av småformene er mange oppstikkende og ofte nakne skjær, knauser eller berggrygger som gir regionen et grått og til dels karrig preg. Landhøyden varierer fra nærmest havnivå til godt over 100 m., ofte avhengig av avstand til åpent hav – fastland. Enkelte høye brattskrenter (næringer) og hattfjelløyer fins også, men helst spredt. Løsmasser er det generelt svært lite av. Etter istiden stod havet inn over deler av strandflatene, og avsatte sand og leire i grunne senkninger i le for bølgjeutvaskingen. Marin grense ligger lavt, ca 30 moh. Spredt i regionen finnes også enkelte større morenergygger, som stedvis danner karakteristiske forhøyninger i landskapet. Større bunnmorenedekker har gjerne høyt innhold av både leire og stein, noe man bl.a. ser av jordbruksområdene sine mange steingjerder. Vanligste løsmassetype er torvjord og lynghumus, som fins utbredt over det meste av regionen. Slike dekker er normalt nokså grunne, men fins også i kombinasjon med tykkere havavleiringer. Et fåtall steder har mindre områder med sandstrender og sanddyner.	***
<b>HAV OG VASSDRAG</b>  * mange sund & våger * storsund/fjorder, ofte m. oppdrettsanlegg * Norskehavet utofor * værharde havstrekkn. * småvann på øyene	Fordi skjærgård og øykompleks er blant regionens vanligste landskapstyper, så utgjør utallige små våger og sund de vanligste vannflateformene. Der øylene ligger særlig tett danner disse langsmale sjøflatene gulvet i ofte små landskapsrom. Her finnes imidlertid også en rekke storsund og middels store fjorder omkranset av lave øyer. Det er særlig i sistnevnte man ser denne kystens mange oppdrettsanlegg, og regionen utgjør et av landets kjerneområder for akvakultur. I de ytterste deler møter man det åpne <i>Norskehavet</i> , og regionen har enkelte åpne havstykker uten en skjermende øykrans. Her finns også flere værharde sjøstrekninger, som det særlig om vintrene kan være stritt å ferdes over. Det gjelder særlig i munningen av større fjorder i <i>Sogn og Fjordene</i> , bl.a. <i>Sognesjøen</i> , <i>Stayfjorden</i> og <i>Frøysjøen</i> m.fl. Fra <i>Stadtlandet</i> dreier kysten mer i østlig retning. Rundt dette høye og vestlige hjørnet er <i>Norskehavets</i> strømmer sterke, og stormsentrene raser ofte forbi her. På øylene ses ofte små tjern og vann inne mellom bergknausene.	***
<b>VEGETASJON</b>  * milde vinter * helst snaut & karrig * myr- & heivegetasjon * purpurlynghei * brennetorvmyrer * stedvis rikmyrer * gjengroing, planting * endes fra snaut til forbusket/tilplantet * umodent veg.preg	Klimaet er sterkt oceanisk med milde vinter. Her vokser flere arter som ikke tåler vinterkulde. Næringsrik grunn gir enkelte steder frodig vegetasjon, men det regionale preget er snautt og karrig, særlig ved ytterkysten. Lyngheier, fukthei og myr dominerer, men det treløse landskapet er nå i gjengroing. De fleste myrer er næringsfattige flatmyrer som ligger i søkk omgitt av kystlynghei, ofte med gradvis overgang til fukthei. Myrene langs kysten er helst næringsfattige. Torv var tidligere viktigste brensel, og mange myrer bærer fortsatt preg av det. I områder med mindre oppbrutt topografi ses fremdeles ombrotrofe (nedbørs) myrer, men siden de var mest ettertraktet til brennetorv er de mer sjeldne. På kalkberg eller på skjellsandavsetninger finns stedvis rikmyrer og reine kalkmyrer. Fra <i>Rogaland</i> til <i>Sunnmøre</i> kan purpurlyng være et fargerikt innslag i tørre, sør vendte skråninger. Nord for <i>Stadt</i> skifter lyngheiene karakter da flere typiske vestlandsarter forsvinner og enkelte fjellplanter kommer inn i stedet. Her blir også gråmose etter hvert mer dominerende. Hevdholdt lynghei ses mer unntaksvis, og de fleste gror til med einer, lauv- og barskog, eller er gjødslet opp til grasrike beiteheier. Granplantinger er svært utbredt, særlig på oppgrøfta myrer. Få, om noen regioner har endret landskapskarakter så mye som her, og den nye bartre- og lauvvegetasjonen har enda ikke rukket å sette et modent preg på regionen.	***
<b>JORDBRUKS-MARK</b>  * tidl. kombi.bruk; allsidig ressursbruk og helårs lyngbeite * I 1999 ca. 2 450 gårdsbruk i drift. * omfatt. gjengroing * grasproduksjon dom. * storfe- og sauehold	Kysten har gammel bosetting, og mange helleristninger vitner om et rikt dyreliv både i sjø og på land. Tradisjonelt har gårdene vært fiskebondebruk med mest små bruk. Eng og åkerstykker lå ofte spredt i et lappeteppe mellom oppstikkende knauser. Her fantes også gilde gårder, både innenfor en lunende skjærgård eller ut mot storfjordene som f. eks på <i>Vågsøy</i> og <i>Stadt</i> . Tang og fiskeslo ga ført og gjødsel, og de fleste torvmyrer ble brukt til brensel. Milde vinter ga grunnlag for et helårs lyngbeite. Den ekstensive kombinasjonsdrifta har nå opphört. Mange småbruk er nedlagt, eller drives ekstensivt av den eldre generasjonen. Unntak finns og jordbruksmark står ennå sterkt mange steder. Dyrka mark dekker 8,2 % av regionens totalareal (= ca 246 700 da). Dette er nærmest utelukkende arealer brukt til grasførproduksjon. Utmarksområdene var tidligere kulturbetinget snau lynghei, men disse har vært i veldig tilbakegang. I løpet av bare 50 år har det vært en enorm gjengroing av lynghei og andre utmarksbeiter, noe som har endret store deler av regionen radikalt. Regionen hadde i 1999 vel 2450 gårdsbruk i drift, hvor vel 60 % var under 100 da. Både storfe- (vel 29 000 dyr) og sauehold (ca. 116 000 sau/lam) er utbredt. Mange sauer sendes imidlertid ofte ut av regionen på sommerbeite.	-/***

<b>BEBYGGELSE OG TEKNISKE ANLEGG</b> * rike fornminneomr. * bosettingen varierer * oljeindustri & sjøtilknytta bygg * naust & gårdstun * moderne ferdighus	Regionen har rike fornminneområder, særlig <i>Karmøy-Fitjar</i> og langs <i>Sunnmørskysten</i> . Middelalderkirker står ofte strategisk i landskapet. Dagens bosettingsvariering varierer veldig, med enkelte store befolkningssentrer bl.a. i <i>Rogaland</i> og <i>Hordaland</i> , mens kysten i <i>Sogn og Fjordane</i> er tynt bosatt. <i>Sunnmørskysten</i> er tettere befolket med <i>Ålesund</i> som hovedstad. Flere steder har oljeindustrien tilført landskapet landbaserte anlegg og verksteder. Andre steder igjen har livnet til gjennom økt fiske eller pga. av mange oppdrettsanlegg. En sentral plass i landskapet har sjøtilknytta bygninger; verft, fiskerianlegg, sjøhus og kaier med boder eller som små gårdsnaust i lune viker, båtoppdrag og landfester for båt og not. Flere fiskevær ligger spredt langs kysten, og her ses ofte eldre handels- og gjestgiversteder. Fra jordbruksområdet kommer mange bygg i stein, ikke minst i utmarka. Steingjerder og sommerfjøs er vanlig. Gårdstuna ligger ofte lavt i terrenget, med gavlvegg i mur mot værsida på både våningshus og fjøs. Nye boligfelt/bolighus preges av moderne ferdighus. Stedvis er spredt hyttebebyggelse utbredt.	-/***
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> * skiftende landskapskarakter og flere ulike landskapstyper enn i f.eks. fjordregioner * fargeespill i berg og vegetasjon avhengig av årstid, lysforhold og vegetasjonstype * havoverflate med ulike uttrykk; fra stille til frådende * kontrast; sjø og land * oppskåren landflate gir ofte småkalapreg * sjøflatene ulike bredder og lengde gir ulike landskapsrom * utallige sund og småfjorder gir båtfolk mange ferdselsvalg * store områder uten sjøkontakt, tidl. lysåpne myr & lyngheier * buskheilandskap i utvikl. mot skog, naturlig frøsetting * j.br./fiske; spredte gårder/tette fiskevær, nye teknolandskap	<p>Regionens landskapskarakter er skiftende, og her fins flere ulike landskapstyper enn f.eks. inne i fjordene. Kommer man med båt fra storhavet framstår regionens øyer og holmer som en lav, men effektiv perlerad i kontrast mot innlandets mer blåsvarte fjell. De lave landformene veksler i fargeespill fra gråhvitt til svart der bart fjell dominerer, til mosaikker i grønt, guloransje, brunt og rødlilla avhengig av årstid, lysforhold og vegetasjonstype. Mot havflaten, som veksler fra speilblank til frådende med hvite bølgetopper, utgjør de lave landformene et kontrastfylt skue. Her er også store motsetninger hvor det flate og blide veksler med det steile og harde, men også når det gjelder vær og vind som kan slå om på kort varsel.</p> <p>Strandflatens lave høyde og oppskårne struktur gir kysten et småkalapreg, noe som ses av de mange små landskapsrommene. Den oppstykkede strandflatens resulterer også i sjøflater med høyst ulik form, dvs. lengde og bredde. I ytre regiondeler møter både skjær, holmer og øyer storhavet, og herfra trenger vind og bølger inn for å tidløst tære på fjell og stein. I ytre holmekransen finner man imidlertid et mylder av ulike vågor, sund og småfjorder, og som til sammen danner en indre lei med mange ferdselsmuligheter, særlig for småbåter. Fenomenet gjør regionen attraktiv i opplevelsessammenheng, da det ofte er små avstander mellom landskaper med ulike visuelle inntrykk. De mange ferdselsvalg som disse sjøflatene gir gjør samtlige av Norges kystregioner attraktive for båtferdsel, rekreasjon og friluftsliv. I denne regionen er likevel ikke arealpresset like stort som i f. eks reg.20.1 <i>Skagerrakkysten</i>, og mange steder er reg.20.7 <i>Ytre fjordbygder på Vestlandet</i> mer påvirket og pressutsatt av f.eks. hytte- og fritidsbebyggelse. Det siste har selvsagt mest med tilgjengelighet å gjøre, men også en mer ustabil værsituasjon.</p> <p>I tillegg til de sjøvendte områdene har regionen også store landareal uten visuell kontakt med sjøen. Tidligere ga et skogløst og lysthedominert vegetasjonsbilde disse områdene en helt særpreget og åpen landskapskarakter, og som bl.a. stod i skarp kontrast til fjordregionenes mer skogkledde fjordsider. I dag er mye av regionens tidligere åpne heirområder skogkledd eller i naturlig gjengroing eller tilplantet. Benevnelsen buskheilandskap er treffende i dag, men på sikt vil store deler av regionen gradvis utvikles til et mer lukket lauv- og barskogslandskap. Naturlig frøspredning fra mange modne plantefelt og leskjermer er viktigste faktor i denne utviklingen.</p> <p>I dette nakne og engang så treløse landskapet har menneskenes bosetninger vokst fram etter to hovedmønstre; fiske og jordbruk. En ting har de imidlertid felles; avstanden til sjøen og de livsviktige fiskeplassene skulle være minst mulig. I jordbruksdistrikten ligger hus og enkeltgårder spredt i det dyrkede området fra sjøen og oppover land, mens fiskeværene på sin side gjerne har tette husklynger. Enkelte steder kan det nesten synes som om hus og fabrikkanlegg stiger rett opp av havet. Så nært er menneskenes tilværelse her knyttet til havet, et hav som til alle tider har vært både matkilde, ferdselsvei, men også tidvis kirkegård. Regionen har en stor kulturrikdom tilknyttet fiske og jordbruk, men her er også store forandringer – bl.a. mot nye teknolandskap.</p>	

<sup>1</sup> Underregionene er; 20.1 Øygarden/Karmøy, 20.2 Lygra, 20.3 Fedje/Gulen, 20.4 Solund, 20.5 Bulandet /Flora, 20.6 Bremangerlandet/Stad, 20.7 Ytre Sunnmøre og 20.8 Ålesund og Nordøyane.

(O.Puschmann. NIJOS rapport 10/05. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner)



Figur 10. Kart over fordeling av landskapstypar i landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet

#### 4.2.1 Landskapstype: 20T02 Klippekyst



20T02-01 Kvannhovden, *Flora*. Markerar start på klippekysten med ein gradvis ovregang frå dei opne fjordbassenga og ope hav mot fastland. Her med den karakteristiske Kinnaklova. T.S



20T02-01 Kvannhovden, *Flora*. Batalden er eit markert landemerke. Bratte kystklipper støttar opp ei slak og skråstilt platåflate. T.S




20T02-04 Stad, *Selje*. Like på LO grensa mot Sildagapet, ligg Furestranda. Nokre små nes skapar rom for beitebakkar og nokre hustufter. Husa er i dag fråflytta, men vert haldne i god hevd.



20T02-03 Bremangerlandet, *Vågsøy*. Akkurat på grensa mellom LO 03 og 04, ligg Kråkenes med ei utypisk kystlinje mellom dei bratte kystklippene. Eit aktivt og velhalde kulturlandskap.



20T02-03 Bremangerlandet, *Vågsøy-Bremanger*. LO strekk seg frå Vågsøy og sør mot Olderveggen på Bremangerlandet. Øya Klovingen ligg som siste stopp før Atlanteren.



20T02-03 Bremangerlandet , *Vågsøy-Bremanger*. Kystfjellplatåa, her med Mehuken, avsluttar brått i mot kystklippene. Typisk del av LT med vertikale klipper rett i mot ope hav. M.C

	<p><b>Landskapstype: 20 T02 Klippekyst</b>  <b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet</b>  <b>5 landskapsområde i LR20</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>20.5 Balandet/Flora (1 LO), 20.6 Bremangerlandet/Stad (4 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
--	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Stupbratte klippeveggar</li> <li>*Ope hav</li> <li>*Sterkt formuttrykk</li> </ul>	<p>I dei to nordlegaste UR i fylket ligg kystlinja med stupbratte klipper stadvis rakt ned imot ope hav. Frå sør endrar kystlinja seg frå ope hav og fjordbasseng og går ved Kinn i Flora, gradvis over i ein samanhengjande klippekyst. Fyrst ligg LT med mellomstore bratte klipper og stup på yttersida av dei mellomstore karakteristiske øyane Batalden og Hovden. Ved Bremangerlandet ligg LT samanhengjande med stadvis klipper på fleire hundre meter rakt ned i havet. Hovudforma er knytt til dei formgivande prosessane der ein stadig bølgje erosjon har forma og omarbeidd klippene. LT er sjeldan i nasjonal samanheng og finst berre på korte strekningar langs norskekysten der LT her representerar dei sørlegaste områda. LT ligg i samanheng og relasjon til dei andre nasjonalt unike LT 'ane langs den nordlege kystlinja. I overkant av klippene ligg dei bølgjande platåflatane til Kystfjellplatåa (20T12) og langs kystlinja vert dei veldig klippene oppbrotna av dei storforma vikene (20T03).</p>	*
<b>SMÅFORMER</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Raskjeglar</li> <li>*Fjellryggar</li> <li>*Renner og skar</li> </ul>	<p>Småformene er i stor grad knytt til erosjonsprosessar frå ras- og bølgjeaktivitet. Store, aktive raskjegler ligg høgt oppe i djupe, bratte skar og stadvis heilt ned mot havkanten. Sjølve klippeveggene varierar bortetter med store bratte renner og skar og vertikale ryggar og fjellveggar. Nede mot havkanten står bølgjene konstant inn og klipper og fjellveggar rakt i havet dominarar. Stadvis varierar strandlinja med store rasblokker eller mindre strekk med grove rullesteinstrenger. I nokre av LO slakkar dei bratte fjellryggane av i møte med havet og stikk ut med små nes bortetter (eks; 04, 05).</p>	*
<b>FJORD OG HAV</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Vidope horisont</li> <li>*Bevegelse</li> <li>*Bølgje</li> </ul>	<p>LT utgjer eit av dei mest vêrharde kyststrek i landet. Ein konstant bølgjeaktivitet arbeidar sjølv på dei finaste sommar dagane mot klippene. Når det verste vestavêret står rakt i mot er det mest ikkje rå å ferdast her for verken folk, fe eller båt. Bølgjene slår fleire titals-meter oppetter klippeveggene og berre frå Kråkenes fyr kan ein trygt bivane slikt vær. Sjølv om det opne havet skapar eit vidope rom og utsyn, er ein alltid skarpt avgrensa i møte med klippeveggene. Møte mellom dei vertikale klippene og den horisontale havflata skapar stor kontrast og bevegelse.</p>	*
<b>VEGETASJON</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Grasbakkar</li> <li>*Kystlynghei</li> </ul>	<p>I dei brattaste og mest rasaktive sidene finn ein berre mindre grasbakkar og moselyng. I meir slakke lier og fjellsider er kystlynghei med lavlandstypar av tørrhei og fukthei vanleg. Typisk vegetasjonssuksesjon??, er lavlandshei øvst i skar like i overgangen mot kystfjellplatåa. Nedetter på mindre slake parti, finn ein varmekjær hei og eng. Det einaste ein finn av trevegetasjon er stadvisie viekraft.</p>	*
<b>KULTURPREG</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*God heilskap</li> <li>*Velhaldne kystkultur-miljø</li> </ul>	<p>Til tross for eit ekstremt og konstant vêrutsett landskap, finn ein i enkelte av LO velhaldne kulturmiljø, med ein lang tradisjon. På LO grensa til LO 04, ligg Furestranda som representerar typiske kombinasjonsbruk med fiske og jordbruk. Slåttemarkene er lokalisert i dei bratte li sidene mellom stupbratte fjellryggar. I dag vert kulturmiljøet halde i god hevd og har stor regional verdi. På Kråkenes (LO 04 og 03) flatar dei bratte klippene av og ei mindre strandflate ligg som ein liten brem på nedsida av klippene. Grenda representerar eit aktivt og velhalde kulturlandskap.</p>	*
<b>AREALBRUK</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Lite</li> </ul>	<p>Arealbruken er knytt til dei få kulturmiljøa og enkelte aktive gardsmiljø (eks; 03, 04).</p>	*
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Sterkt formuttrykk</li> <li>*Dramatikk og bevegelse</li> <li>*Store kontrastar</li> <li>*Inntrykks-strerk</li> </ul>	<p>Landskapskarakteren er knytt til eit særleg kontrastfylt møte mellom den horisontale havflata og den vertikale klippeveggen. Kvart av elementa innehar ein like stor grad av bevegelse og dramatikk og gjev ei inntrykkstrek oppleving uansett årstid og vær. Dei få kulturelementa og den strekte romlege tilknytinga til tilgrensande LT, skapar ein gjennomgåande heilskap og samanheng. Fleire av LO inneheld stor regional og nasjonal verdi.</p>	

#### 4.2.2 Landskapstype: 20T03 Storforma viker



20T03-06 Hoddevika, *Selje*. Hoddevika er referanseområde for LT. Ein stram og tydleg landskaps dramaturgi formar ein særleg god heilskap og samanheng. Veien vert "naturlege" linjeføringar i landskapet.



20T03-08 Årvika, *Selje*. Tydlege skilla mellom innmark og llynghei. Typisk spredt granplantefelt. Ned mot bukta kan ein skimta ei stor endemorena. LT har fleire slike urørte kvartærgеologiske verdiar.



20T03-09 Honningsvåg, *Selje*. LO ligg med ein mindre open botn i enda. Ein smal fjordbrem ligg med mindre gardar og slåttenger. Fjellsideane er kledd med dels skjøtta llynghestar.



20T03-04 Refvika, *Vågsøy*. Kvite sandstrender er eit sentralt karaktertrekk ved LT. Refvika innheld ein særleg velhaldt kulturlandskap. God samanheng og heilskap mellom kultur og naturelement.



20T03-03 Kvalheimsvika, *Vågsøy*. Storskala vik er samlande komponenten. Historisk kontinuitet i landskapet med fleire velhaldne kulturmiljø i god samanheng med meir moderne bustad og gardsmiljø.



20T03-02 Torskangerpollen, *Vågsøy*. Ein mindre samanheng i formkomponenter med ein mindre dal ned mot ei open rullesteinstrand. Ei storforma vik ut mot open hav og velhaldne og aktive kulturmiljø dannar like fullt samanheng med

	<p><b>Landskapstype: 20 T03 Storforma viker</b>  <b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet</b> <span style="color:red;">■</span>  <b>9 landskapsområde i LR20</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>20.6 Bremanger/Stad (9 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	--	-------------------

<b>HOVUDFORM</b>  <b>*Storskala vik/bukt</b> <b>*U-form</b> <b>*Markerte avgrensingar</b>	LT består av få, med særlig kjente og karaktersterke landskapsområde. LT er lite utbreidd i kystregionane på Vestlandet og fins her berre i nordleg del av LR 20 i Sogn og Fjordane og nokre spreidde område i Møre og Romsdal. Elles langs kysten er LT representert i Nordland og spesielt i Lofoten der den er typisk på yttersida mellom markerte alpine kystfjell. I Sogn og Fjordane er LT knytt til UR 20.6 <i>Bremangerlandet/Stad</i> , der LO ligg mellom bratte kystklipper og flate kystfjellvidder ut i mot ope hav. Sentrale referanseområde er Hoddevika i Selje og Refvika i Vågsøy. Hovudforma er ein markert U-forma open dal med skarp trau- og botnutfoming, eller ein meir open, men markert terskelovergang mot eit bakanfor liggjande eid. Inngangen frå land går over eit mindre eid eller fjellpass. Herfrå vert ein næraast trekt inn i landskapsromma, leia av dei bratte fjell- og dalsidene og ein vidopen utgang i mot storhavet. Sjølvé dalbotnen ligg flat og jamt nedetter mot bukta med store kvite sandstrender.	*
<b>SMÅFORMER</b>  <b>*Tjukke lausmassar</b> <b>*Sandstrand</b>	Lausmassane i dalbotnen er fine og svært jamt fordelt, og er ein sentral landskapskomponent. Til dels tjukke moreneavsetningar ligg inst i dalbotn og går over mot marine- og sandstrandavsetningar i nedre del mot havet. Randmorenar og sidemorenar er vanleg i fleire LO. Grasdekte rasvollar ligg nedetter dalsidene og skapar ei bølgjande overflate like i overgangen mot dalbotnen. Grovare og meir aktive raskjeglar og rasmark ligg lengre opp mot fjellveggane og større rasblokker ligg spreidd inst i botn. Fjellsidene varierar frå jamt bratte til ei vertikal avslutning med store flåg, fjellveggar og berghamrar.	* * * *
<b>HAV OG VATN</b>  <b>*Storforma vik</b> <b>*Sentral havflata</b> <b>*Sandstrender</b> <b>*Klippekyst</b>	Ei brei og open vik eller bukt ligg inn mellom bratte kystklipper. Overgangen frå dalbotnen og ut mot havflata er svært glidande, noko som gjer havflata til ein visuelt sentral komponent gjennom heile landskapsrommet. I møte med dalmunningen flater den av i mot ei samanhengjande og brei sandstrand. Til sidan for strendene ligg strandlinja med rullestein og bratt klippekyst. Havflata ligg open ut mot storhavet og ligg sjeldan stille. Her er inga skjerming mot vær og vind og dønningane slår inn frå Atlanteren sjølv på vindstille dagar. I nokre av LO ligg langsmale botnvatn, oppdemma av moreneavsetningane nedanfor. Bekkane er leia gjennom innmark med steinsette kantstøtter (eks; 04, 06, 07, 08)	* * * *
<b>VEGETASJON</b>  <b>*Kultur-påverka</b> <b>*Beitebakker</b> <b>*Lynghei</b>	Det meste av vegetasjonen er kulturpåverka. Dalbotnen ligg med samanhengjande innmarksareal med gras- og slåtte teigar. Her er grønskerande beitebakkar som inneholder eit artsrikt feltsjikt med gras og urter. Lengre opp er lyngheiar og spreidde einer- og viekratt. Ein del granplantefelt står tydeleg fram i nedre del av dalsidene og stadvis i dalbotnen. Naturleg skogsvegetasjon finst ikkje i dette vêrharde miljøet, men planta rogn er vanleg kring husa. Enkelte av LO ligg med sanddyneområda med spesielle og artsrike plantesamfunn (eks; 06, 07).	* *
<b>KULTURPREG</b>  <b>*Heilskapleg</b> <b>*Stadbunde</b> <b>*Heilskapleg</b>	LT utgjer eit heilskapt, stadtypisk og tradisjonelt kulturlandskap. Lokalisering av bygningar, naust og kvernhus er særlikt og typisk. Steingjerde, vegar, gjerde og stolpar, og steinsett bekke- og elvefar, understrekar og markerar den karakteristiske kulturmarksstrukturen. Velhaldne slåtte enger og beitemarker sett preg på dalsidene og dannar sterk kontrast i til rasmarker og fjellveggar ovanfor og det opne hav. Bygningsmiljøa er varierte med gamle vestlandshus med naturstein til meir moderne hus og gardsbygningar.	* * *
<b>AREALBRUK</b>  <b>*Jordbruk</b> <b>*Veg</b>	Dei samanhengjande og lett dyrkbare lausmassane er grunnlaget for den lange historiske bruken av desse vêrutsatte LO. Det aller meste av arealbruken er knytt til jordbruk. Her ligg typisk hus og gardar etter kvarandre med eigedomsgrensene og teigane på tvers av dalen. Veiene ligg som midtlinjen mellom gardsbruka. Ned mot sjølvé bukta strekk ein mindre molo seg og like ovanfor og i le, ligg velhaldne naustrekker.	* * *
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b>  <b>*Sterke kontraster</b> <b>* Heilskap/samanheng</b>	LT er lett kjenneleg og har ein svært god samanheng og heilskap. Sterke kontrastar mellom velhalde kulturlandskap, markerte landformer og ope hav. Kulturlandskapa syner ei gjennomgåande historisk kontinuitet frå tradisjonelle vestlandske kulturmiljø til meir moderne kulturlandskap og nyare bygningsmiljø. Den jamne overgangen frå dalbotnflata til bukta og havflata er eit samlande karaktertrekk. Vanleg er tydlege og verdifull kvartærgeologiske former. Ein særlikt god samanheng mellom natur- og kulturelement innanfor dei enkelte LO og på tvers av LT. Desse eigenskapane gjev LT stor formidlings- og opplevingsverdi	

#### 4.2.3 Landskapstype: 20T04 Ytre skjergard



20T04-08 Steinsøysundet, *Solund*. Inn mot dei store øyane ligg LO skjerma frå storhavet med ei barriere av øyar og holmar rundt. I desse lune LO ligg små fiskevær.



20T04-13 Drivøyna, *Solund*. Her mot Saltskoren der eit lite vær ligg lunt til i ei lita vik. Lyngheia bit seg fast i sprekker og forsenknings i berget like over bølgjeslagssona. Typisk planta sitkagran omkring bolighusa.



20T04-02 Vatnaøyna/Hille *Gulen*. LO utgjer ein større samanhengjande skjergard med ei mengd små øyar og holmar. Her ut mot Vatnøya og Vassøyna.



20T04-08 Steinsøysundet, *Solund*. Ein kort veg frå væra til fiskebankene har alltid vert sentral for fiskevær i ytre skjergard. Sjarkfiske er i sterkt tilbakegang, men framleis finst enkelte som hold i hevd denne tradisjonsrike næringa.



20T04-05 Husøy, *Solund*. Tronge sund skjer inn mellom øyane og gjev skjerming mot storhavet like utanfor. Gran -plantefelta vart planta rundt husa for å gje ei lunare innramming her ute i eit av Noregs mest vêrharde kyststrok.



20T04-01 Djuposen, *Gulen*. Små holmar dekt med tett kystfuruskog. Øyane her ute veksler mellom kystlynghei og open kystfuruskog.

	<b>Landskapstype: 20 T04 Ytre skjergard</b> <b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet</b> <b>22 landskapsområde i LR20</b>	<span style="color: red;">■</span>  <b>20.3 Fedje/Gulen (3 LO) 20.4 Solund (14 LO) 20.5 Bulandet/Flora (5 LO)</b>	<b>BE-TYDNING</b>
---	--	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <i>*Knytt til strandflata *Havflate og skjergard</i>	Landskapstypen ligg langs den ytre strandflata og øyane her. LT er svært vanleg i LR 20 i nordleg del av Rogaland og gjennom heile Hordaland. I Sogn og Fjordane er LT først og fremst knytt til dei to sørlege UR 20.3 Gulen og 20.4 Solund. Her strekk eit øy- og skjergardslandskap seg nordover til og med Værlandet og Atløyna i Askvoll. Nord for dette ligg tre LO i Flora. Mest alle LO ligg eksponert ut mot storghavet der dei ytre væra kan ha diffuse overgangar og avgrensingar. Hovudforma er ei samanbinding av havflata og lave øyar, holmar og skjer. Dei lave øyane og holmane dannar låge vegger i landskapet. Når ein ferdast med båt, opplever ein dei glidande overgangane meir tydeleg (eks; 01, 02, 10, 13). LO som ligg inn mot større øyar er mindre, og har meir markerte og stadvis lukka rom, der dei ligg omkransa av meir grovkuperte holmar og skjer (eks; 05, 06, 08, 09).	<span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>
<b>SMÅFORMER</b> <i>*Øyar, holmar og skjer *Bratt- og svaberg kyst *Knausar</i>	LT er bygd opp ved samansettninga av småformer. Fleire av LO utgjer samla store areal, med ei mengd av små øyar, holmar og utallige skjer (eks; 01, 02, 03, 10, 13, 16). Dei mindre LO ligg med ei mindre sjøflate, omkransa av veldefinerte små øyar og holmar. Nord for Solund og vidare mot Værlandet, er eit typisk karaktertrekk ei mengd små øyar og holmar der bratte knausar av konglomerat stikk markant opp frå havflata. Strandlinja ligg med ein oppiven og flikete struktur. Ei mengd med små viker, kilar og pollar skjer inn i øyane og holmane. Mellom holmar og skjer ligg små og grunne lagunar med fin sandbotn og små sandstrender (eks; 01, 02, 13, 14). Strandkanten er brattkyst med svaberg og småklipper. Øyane vekslar mellom flate kystheiar med små myrflater og open lynghei, til små, grovkuperte øyar med eit virvar av knausar, sprekkar og skar og store rundsva. På enkelte av dei større øyane ligg bergknausane mellom 60 – 100 moh.	<span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>
<b>HAV OG SMÅSUND</b> <i>*Vêrhardt *Lune viker og sund</i>	LO er avgrensa til havflata innaskjers. Sjøen utgjer det meste av totalarealet og opne havstrekks er vanlig innafor dei største LO. Inn mellom øyane ligg fleire mindre sund og tronge kilar. Stadvis er farvatnet så grunt og smalt at det berre er dei minste farkostane som kan ta seg gjennom. Desse områda er også eit eldorado for små fritidsbåtar og kajakpadalarar. Mellom dei større øyane ligg lune viker og vågar. Her ligg og mindre fiskevær. Farvatnet inne i LO vert opplevd svært forskjellig avhengig av eksponering mot storghavet, vær og vind. Fleire av sunda og kilane gjev gode le og ankringsplassar.	<span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>
<b>VEGETASJON</b> <i>*Skrint *Lynghei *Myr *Beitemark</i>	På øyar og holmar er det svært sparsamt med lausmassar. Overflata framstår naken og vêrbitt, men inn mellom knausar, oppe på kystheiane og i små viker, ligg stadvis tynne lag med jordsmønn. Sjølvé strandkanten er prega av blotte svaberg i bølgjeslagssona. Svaberga dannar ei gråna stripe kring øyane ned mot strandkanten. Inne på øyane er ein mosaikk av lynghei, myr og bart berg. I enkelte LO i UR 20.3 Gulen, ligg det små øyar med dels tett kystfuruskog, som er meir vanleg i den indre skjergarden i Hordaland. Typisk naturtype fleire stader er naturbeitemark, som stadvis vert halde i god hevd	<span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>
<b>KULTURPREG</b> <i>*Stadvis velhaldne, tradisjonsrike kulturmiljø.</i>	Her ytst i havgapet ligg dei vestlegaste busetnadane i Noreg. Tradisjonelt har det vore fiskarbonden som virka her ute, med ein kombinasjon av fiske og sauehald. Holmar og øyar har gjennom århundre vore brukt til beite, innsamling av vinterfôr, tørke av klippfisk, lyngslått og torvskjæring i myrane. Enkelte av væra er fråflytta, men haldne i god hevd då dei vert brukt som sommarbustad (Eks; 02, 03, 04, 21, 22). Fleire av LO har livskraftege fiskerisamfunn. Desse miljøa er med å oppretthalde ein tradisjonsrik busetnad med ein lang historisk kontinuitet i fylket.	<span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>
<b>AREALBRUK</b> <i>*Småbruk *Turisme *Oppdrett</i>	Arealbruk er i hovudsak knytt til busetnader og småbruk. Endringar i næringsgrunnlaget frå tradisjonelt kombinasjonsbruk til fiskeforedling, oppdrett og turisme er tydeleg fleire stader med større kai-anlegg, rorbuver og havbruksanlegg (eks; 08, 16, 17, 21, 22). Vegsamband mellom øyane og ferjekommunikasjon med fastlandet bidreg til oppretthalde av øysamfunna. Vegane kan ofte opplevast som attraksjonar i seg sjølve her ute i havgapet. Privat hytteutbygning er ikkje særleg utbreidd og nyare hyttefelt er berre registrert i LO tilgrensande større øyar i Gulen (Eks; 01).	<span style="color: red;">*</span>  <span style="color: red;">*</span>
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <i>*Ope og vêrhardt</i>	Den overordna landskapskarakter er sterkt prega av kontakten med storghavet. Her er det snaue, forblåste og vêrharde eit samlande karakterpreg. Fleirtalet av øyar og holmar ligg såpass eksponert til at her finst inga busetnad eller brukstradisjon. Likevel er fleire LO kjent for sin lange og tradisjonsrike brukstradisjon. Enkelte av desse LO er i dag nasjonalt kjente og viktige LO, med ein stor opplevings- og formidlingsverdi.	

#### 4.2.4 Landskapstype: 20T05 Våg og smalsund



20T05-03 Klauvvågen, *Gulen*. Enkelte av LO er svært smale og skarpt avgrensa. Her dannar det smale sundet eit markert skilje mellom to kystheimområde. Slike småsund dannar flotte ferdselskorridorar mellom skjergardane, med stor opplevingsverdi.



20T05-04 Byrknes, *Gulen*. I dei sørlege LO skjer våg- og småsund seg inn i den låge strandflata, med kystheiar og myr. Typisk for LT er fleire små og ofte velhaldne kulturmiljø til sida, eller som her, på ei øy midt i sunta



20T05-13 Dalesundet, *Solund*. Typisk velhalden kulturmiljø. Vitnar om ein lang historisk kontinuitet knytt til samferdsel langs sunta og tradisjonell kombinasjonsdrift med fiske og jordbruk.



20T05- 33 Smørhavnvågen, *Bremanger*. Ein ope og småskala våg som grensar ut mot fjordbasseng i sør. Kystheiar dominert av bart berg omkransar LO.  
M.C.




20T05-14 Bjørnefjorden, *Solund*. I enkelteav LO strekk grunne pollar seg inn med leir botnar og mudderstrender. Eit aktivt kulturlandskap med beitemark og lynchheiar er typisk for LO i Solund.



20T05-30 Årebrotsvågen, *Flora*. I Flora ligg fleire av LO i mot skogsåsar med lune vågar og viker.

T.S.

	<p><b>Landskapstype: 20 T05 Våg- og smalsundlandskap</b></p> <p><b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet.</b></p> <p><b>36 landskapsområde i LR20</b> <span style="background-color: red; color: white; padding: 2px;">■</span></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <p><b>20.3 Fedje/Gulen (8 LO) 20.4 Solund (17 LO) 20.5 Balandet/Flora (7 LO)</b></p> <p><b>20.6 Bremanger/Stad (4 LO)</b></p> <p><b>8 landskapsområde i LR 21</b> <span style="background-color: orange; color: white; padding: 2px;">■</span></p>	<b>BE-TYD-NING</b>
---	---	--------------------

<b>HOVUDFORM</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Knytt til strandflata</li> <li>*Småskala</li> <li>*Skjerma og lukka rom</li> </ul>	<p>Ein svært vanleg og småskala LT i LR 20. Mest vanleg i tilknyting til småfjordane og smalsunda eller den indre skjergarden, men dannar og små lune LO ut mot ope hav eller fjordbasseng. Det som skil dei fra den opne skjergarden er eit meir lukka og veldefinert landskapsrom. Inne i vågen og smalsunda vert landskapsrommet skjerma og småskala. Avstanden til land er alltid kort og dei små vassflatene gjer at ein ofte har lita eller ingen visuell kontakt ut av LO. Unntaka er dei LO der vågen eller sundet opnar seg opp mot fjordbasseng eller ope hav. LO er direkte knytt til den overordna formstrukturen i den låge strandflata her ytst langs kystlinja. Strandlinja har ein flikete karakter. Ofte startar LO med eit smalt og snirklande småsund som skjer seg inn mellom dei låge kystheiane, før ein kjem inn til ein open og lun våg. Dei små LO som formar gjennomgåande smalsund, dannar rolege og tronge ferdelskorridorar mellom småfjordar og storsund. Lågt relief frå strandkanten og opp mot dei låge kystheiane er vanleg, men stadvis grensar LO i mot bratte fjellveggar til dei ytre kystfjella.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>SMAFORMER</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Svaberg</li> <li>*Nes, tanger og kiler</li> <li>*Leire</li> </ul>	<p>Småformene er knytt til den flikete strandlinja. Brattkyst med låge svaberg er eit typisk karaktertrekk. Små nes og smale tangar stikk ut overalt og gjev ein stor formvariasjon. Enkelte stader står høge klipper rakt ned i smalsunda og forsterkar den smale innramminga. Inst i vågen ligg små grunne pollar som vert store leirer på fjæra sjø. Sjølve landflata ligg med eit bart, lavt og småkollet kystheilandskap. Her vekslar det mellom bart berg og tette lynghei. Typisk regionalt karaktertrekk for sørlig del av Sogn og Fjordane (UR 20.4) er bergknattar inne på land og på små holmar og skjær, som stikk bratt opp og gjev eit skulpturelt uttrykk med dei spesielle koglomeratormene.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>SUND, VÅG OG VASSDRAG</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Smale og små flater</li> <li>*Mudder-strender</li> </ul>	<p>Vassflata har smale løp og gjev avlange og smale golvflater i tronge landskapsrom. Smalsunda kan ofte ha sterke tidevasstraumar der dei ligg mellom to større storsund eller fjordar, og difor ei raskt utskifting av vatn. Der LO endar i ein lukka våg med små grunne pollar, er det ofte grunt og med liten utskifting av vatn. Her finn ein fleire velutvikla havstrandmiljø. Små bekkefar frå myrane innanfor renn stille ut over ei blanding av leire-, grus og mudderstrender. Slike LO er i tillegg ofte sårbar for forureining frå avrenning i jordbruksområdet. (eks; 02, 03, 22, 23, 24)</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VEGETASJON</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Lynghei</li> <li>*Einer</li> <li>*Strandeng</li> </ul>	<p>I LO på øyane i dei ytre delane av kysten, dominerer lynghei i veksling med bart berg. Straks ein kjem litt opp frå strandfata ligg einer, viekratt og småvokse bjørkeskog i forsenkingar og sprekkar i overflata. I dei meir lune vågane og inn mot fastlandet, finn ein meir veksling mellom samanhengande bar- og lauvskog og open buskhei. I tilknyting til gardar og småhamner, står ofte tette gran -plantefelt og planta edellauvskog. Havstrandmiljø i pollar og grunne vågar ligg med strandengvegetasjon ned mot leira og med ein kort overgang mot små myrområde og lynghei.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>KULTURPREG</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Fiske og jord-bruk</li> <li>*Velhaldne kulturmiljø</li> </ul>	<p>Historisk har kombinasjonen av fiske og jordbruk vore livsgrunnlaget her ute. I fleire av dei lune vågane ligg mindre og ofte velhaldne kulturmiljø med gardar og små hamneanlegg (eks; 04, 10, 13, 15, 33). Desse miljøa representerar anten mellomstore gardar eller små husmannsplassar. Større handelsstadar er ofta lokalisert i dei større ferdelskorridorene i storsunda (20706). I dag er fleire av LO halde godt i hevd med utmarksbeite og skjøtsel (eks; 03, 04, 10, 14, 33).</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>AREALBRUK</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Vegar</li> <li>*Oppdrett</li> </ul>	<p>Riksvegane som bind saman øyane går gjennom fleire av LO. Her ligg dei like i overkant av strandlinja og er ofte godt synleg. Ute på øyane fins jordbruksmark berre som stadvis grasmarker, spesielt opp frå pollen eller i sida på dei opne vågane. I enkelte av dei ytre LO ligg mærer ute i sunda, og større hamn- og oppdrettsanlegg på øylene.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*God heilskap</li> <li>*Stor variasjonsbred</li> </ul>	<p>Sentrale karaktertrekk er den småskala og intime kontakten ein har med hele landskapsrommet. Samspel mellom velhaldne kulturmiljø og varierte og inntrykkssterke landformasjonar gjev ein god heilskap og samanheng innanfor LO og gjennom heile LT. Godt tilgjenge, sikrar stor oppleavingsverdi for fleire brukargrupper.</p>	

<b>*Ferdelskorridorar</b>	
---------------------------	--

<b>REGIONALE VARIASJONAR</b>	<b>LR 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet 21T03 Våg- og smalsundlandskap ( 8 LO)</b>
<b>*Indre preg *Tett vegetasjon</b>	<p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>21.6 Fjaler (5 LO), 21.7 Norddal (2 LO), 21.8 Hornelen (1 LO)</b></p> <p>LO i LR 21 ligg meir spreidd enn i dei ytre kystområda i LR 20. Her representerar dei anten små og skarpe sund som dannar overgangssoner mellom to storforma LT (eks; 06, 07, 08), eller opne og grunne vågar ut mot dei opne fjordbassenga. Ein tettare vegetasjon skapar eit meir indre preg med ein skogkledd horisont. Dei opne vågane har typisk strandlinje med grus- og mudderkanter. I utkanten av Vilnesfjorden i Askvoll, ligg LO med tjukke avsetningar av marin leire eller morenejord. Her ligg fleire storskala jordbruksareal på slake eid som omkransar vågen (eks; 04, 05). I LO 05 Askvika, utgjer den indre delen av vågen eit såkalla "estuar". Dette er eit delvis lukka ferskvassområde, men der det er ei fri opning til sjøen der elva munnar ut over saltvannsleira. Naturtypen er svært sjeldan i Noreg og fins berre nokre få stader på Vestlandet (DN 2003).</p>



21T03-05 Askvika, Askvoll. Typisk er gruntvatnområde. LO her er ein sjeldan naturtype kalla "eustar". Slike landskapsformer er svært viktige trekk- og overvintringslokaltetar for fugl.



21T03-06 Leversundet, Flora. Typisk overgangssone mellom to større landskapsrom. Smalt sund skjer gjennom eit skogkledd åsar. N.R

#### 4.2.5 Landskapstype: 20T06 Småfjord og storsundlandskap



20T06-06 Ytre Steinsund, *Solund*. LT dannar fleire stader ferdelskorridorar for skipstrafkken. Her frå den ytre leia i Solund, mot sør der LO munnar ut i mot fjordbassenget til Sognesjøen (20T08-02).



20T06-07 Nessefjorden, *Solund*. Ein aukande innsnevring mot fjordbotn. Typisk er lausmassar og jordbruk knytt til små areal inst i poller eller små viker i fjordsidane.



20T06-02 Ånnelandssundet, *Gulen*. I dei sørlege LO dominarar den låge strandflata med kystheiane (20T10), hovudforma, med slake og opne fjordsider.




20T06-09 Herviksundet-Hagefjorden, *Solund*. Fjordsida vekslar mellom opne avrunda overgangar i møte med kystheiene (20T10), til bratte sider der kor LO grensar mot dei ytre kystfjella (20T12).



20T06-13 Granesundet og 15 Stongfjorden, *Askvoll*. Frå Askvoll og nordover ligg dei fleste LO ut mellom dei ytre kystfjella (20T12), med ei meir markert innramming. Her munnar begge LO ut mot det meir opne og storskala landskapsrom i den ytre skjærgården (20T04). SWB



20T06-20 Fåfjorden, *Vågsøy*. LO omkring vågsøy og Selje, strekk seg rakt ut mellom bratte klippeveggar og mindre øyar ut mot ope hav utanfor.

	<p><b>Landskapstype: 20 T06 Småfjord- og storsundlandskap</b></p> <p><b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet.</b></p> <p><b>24 landskapsområde i LR 20</b> </p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <p><b>20.3 Fedje/Gulen (5 LO) 20.4 Solund (8 LO) 20.5 Balandet/Flora (4 LO)</b></p> <p><b>20.6 Bremanger/Stad (7 LO)</b></p> <p><b>7 landskapsområde i LR21</b> </p>	<b>BE-TYD-NING</b>
---	--	--------------------

<b>HOVUDFORM</b> *Strandflate *Langsmal *Lav fjordside *Sund og kil	<p>Hovudforma vekslar mellom ei open, men ofte langsmal fjordform med ujamne og slake fjordsider til jamne og langstrakte sund som skjær seg inn gjennom skjergarden eller store øyar og nes. Mot sør (UR 20.3 Gulen og 20.4 Solund) ligg LT langsetter markerte sprekkeforkastningar i N-S retning. Hovudforma ligg her inn i den låge strandflata som dominerer i det overordna landskapet. Eit svært lågt relief gir slake fjordsider som ofte ikkje ligg høgre enn 60 – 100 moh. Frå Askvoll og vidare nordover (UR 20.5 Balandet/Flora og 20.6 Bremangerlandet/Stad), er ikkje hovudforma like knytt til strandflata som i sør. Fjordsida og sunda har eit generelt brattare relief mot dei tilgrensande kystfjella, på dei store øyane og inne på fastlandet. Felles for alle LO er ein til dels rak og rettlinja formstruktur. LO dannar korridorar og overgangar mellom meir storskala LT ut mot ope hav.</p>	*
<b>SMÅFORMER</b> *Øyer, holmar og skjer *Flikete strandlinje	<p>I LO knytt til strandflata i sør, ligg strandlinja med ein flikete karakter med ei mengde av små nes, tangar, pollar og små opne viker. Spreidde holmar og skjær krydrar og skapar små lune rom inn mot strandlinja. Små øyar ligg ofte midt i fjorden eller sundet og skapar små passasjar gjennom hovudleia. Sjølve strandlinja er dominert av blankskurt svaberg og små klipper. Dei nordlegaste LO har enkelte stadvise steinstrender og mindre sandstrender i små bukter som ligg eksponert for ope hav (eks; 15, 14, 19 og 20). Fjordsidene er stadvise bratte. Der eksponeringa mot ope hav er størst, ligg til dels samanhengande klippekyst (eks; 16, 19, 20).</p>	*
<b>FJORD OG HAV</b> *Breie sund *Smale fjordløp	<p>LO i sør skjær seg inn gjennom standflata med relativt smale løp. Sjølve fjordflata er i den sentrale del av LO ikkje meir enn nokre hundre meter brei på det smalaste. I overgangen mot tilgrensande LO opnar sunda seg gradvis opp, innan formstrukturen forsvinn heilt i møte med dei storskala og opne LT ute i skjergarden eller fjordbassenga. Frå Askvoll og nordover er storsunda meir opne med ei brei havflate, men like fullt med tydelig kontakt med begge sidene og på langs av heile landskapsrommet.</p>	*
<b>VEGETASJON</b> *Open *Skrift *Lynghesi	<p>Vegetasjonsbildet er prega av å ligge langs den ytre og vêrharde kystlinja. Her er nesten ingen skog og bart berg, opne grasbakkar og lynchear dominarar. Også her varierar det svært mellom den sørlege del med strandflate og dei nordlege områda. I dei opne og vêrharde LO knytte til strandflata i sør er mosaikkar med open lynghesi, småkjerr og myr vanleg. I dei meir brattlendte fjordsidene i dei nordlege områda dominarar grasbakkar i dei mest vêrutsette delane, medan det i lesider ligg mindre bjørkeskog.</p>	*
<b>KULTURPREG</b> *Kystlei *Sjøfart	<p>LT si geografiske funksjonelle betydning som viktig farlei, har ein lang historisk kontinuitet. Her finns fleire viktige kulturminne knytt til sjøfart og fiske, både frå nyare og eldre historie (eks; 02, 03, 06, 15, 19) Enkelte LO har nasjonalt kjente landskapselement og kulturmiljø, som til dømes Gulathing, Hardbakke og Kinn; (Eks; 04, 08 og 14).</p>	*
<b>AREALBRUK</b> *Skipslei *Oppdrett *Spreidd jordbruk *	<p>Viktigaste arealbruk er knytt til skipsleia. Sentrale skipsleier går gjennom fleire av LO. Vanleg er også oppdrettsanlegg på lune stader i sunda. Generelt har ikkje LT så mange tettstader og gardsbruk, då desse er meir knytt til dei meir indre kystlandskap i LT 20T06 og 05. Eit svært tynt lausmasse- dekke gjer at jordbruk og gardar ligg svært spreidd. Dei fleste stader er dei knytt til indre del mot fjordbotn eller små bukter og viker i sida av sunda. Her finst tynne dekker av marinleire eller morenejord som gjev grunnlag for småskala jordbruksareala. Vanleg er eit gardsbruk på kvar lokalitet. I dei ytre LO ligg fleire LO med berre småskala inngrep som små vegar og mindre linjespenn. Vanleg er oppdrettsanlegg på lune stader ute i sunda. Unntak er Stongfjord og Bremangerpollen med samanhengjande jordbruksområda.</p>	*
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> *Middels breie fjord- og sund *Sentrale	<p>Sjølve landskapsrommet vekslar mellom ei indre, tydeleg innramming i dei små fjordløpa, til eit meir langsmalt, rettlinja og ope sund i dei ytre storsunda. Felles karaktertrekk for alle LO er at dei munnar ut i eit ope og storskala landskap i møte med den ytre skjergard, fjordbassenga og ope hav. Dei store sunda er viktige ferdselskorridorar og fleire sentrale kystleier fylgjer sunda. LT er og viktig som rekreasjonsområde og sommartid er det stor ferdsel med fritids - båtar, små lokalbåtar og kajakkar. I dei meir lukka småfjord løpa er aktiviteten betydeleg mindre. Her endar landskapsromma i ein blindveg i møte med strandflata eller inn</p>	*

<b>ferdselskorridorar.</b>	mellan kystfjella. Det meir isolerte karaktertrekket ved småfjordane gjenspeglar eit mindre mangfold i busetnad og kulturmiljø.
----------------------------	---

<b>REGIONALE VARIASJONAR</b>	<p><b>LR 21Ytre fjordbygder på Vestlandet</b>  <b>21T02 Småfjord- og storsundlandskap ( 7 LO)</b>  <b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>21.6 Fjaler (3 LO), 21.7 Norddal (1LO), 21.8 Hornelen (3 LO)</b></p> <p>Meir indre fjordpreg med markerte fjordsider og eit tydelegare relief. Typisk er ei ope fjordflate med ein tiltakande fjordbotn i dei indre delar. Viktigaste skilnad er vegetasjonspreget og ofte fråvær av visuell kontakt med kystlinja. LO i dei sentrale delane med UR 21.6, ligg fjordløpa ope og omkransa av grovkuperte skogsåsar og kollar. Ein usamanhengande horisont er typisk. I dei nordlege LO i UR 21.8, er innramminga skarpare i mot lågfjellsheiar og kystfjell. Særleg LO 07 Skatestraumen, skil seg ut kor kystklippa til Hornelen kneisar dramatisk opp. Fellestrekks for LO er dels samanhengande skogsvegetasjon. Langs fjordsidane ligg spreidde gardsbruk og enkelte tettstader. Enkelte av LO ligg med særleg velhalde og aktive kulturlandskap, med ein god samanheng og heilskap (eks; 03, 04, 05). Gardsburka ligg spreidd langs dei slake fjordbremmene i begge fjordsidane eller ut på slake nes og oddar.</p>
------------------------------	--



21T02-04 Nordal, Flora. Ein open og indre småfjord med eit smalt og flikete fjordløp. Typisk småskala gardsbruk i dei indre delane av fjordløpet.

N.R



20T02-03 Flekkefjorden, Fjaler. Eit roleg fjordløp der åsryggane strekkjer seg inn i landskapsrommet. Stadvis ligg enkelte gardsbruk prega av forfall og gjengroing.

S.W.B



21T02-06 Nordgulen, Bremanger. LO er prega av industri og kraftutbygging. Bratte fjordsider opp mot lågfjellsheiar dannar ei markert innramming og ein tydeleg fjordbotn.

T.S.



21T02-06 Nordgulen, Bremanger. Lågfjellsheiar med ein karakteristisk skråstilla profil. I dei ytre del av fjordløpa opnar landskapsromma seg opp, med meir usamanhemgjande fjordsidar i møte med fjordbassenga utanfor.

M.C.


#### 4.2.6 Landskapstype: 20T07 Fjordbasseng



20T07-05, Buefjorden, *Solund-Askvoll*. I det overordna landskapsbiletet, vert overgangane mellom LO diffuse og glidande. Her mot Værlandet og Alden. Leknessundet i forgrunnen.



20T07-04 Lågøyfjorden, *Solund*. Når ein ferdast sjøvegen trer overgangane og innhaldet i LO meir tydeleg fram. Her mot nord den ytre skjærgården (20T04-05 *Værøyra*). Alden i bakgrunnen.



20T07-02 Sognesjøen, *Solund/Gulen*. Skiljet frå den storforma og breie Sognefjorden er når sjølve fjordforma avtek og opplevinga av ein fjord ikkje lengre er tilstades. Usamanhengande fjordsider som vekslar mellom fastland og store øyar.




20T07-08 Stavfjorden, *Askvoll-Flora*. Her like i overgangen mellom fjordbassenga og dei breie fjordløpa innanfor. S.W.B



20T07-06 Vilnesfjorden, *Fjaler-Askvoll*. Her i utløpet til Dalfjorden ligg store opne grasmarker på tjukke moreneavsetningar og dannar eit ope kulturlandskap ut i mot fjordbassenget. S.W.B



20T07-13 Sildagapet, *Selje*. Landskapstypen utgjer meir enn det storforma fjordbassenget. Seljesanden med båtnaustrekka og kyrkja. Øya Selja til venstre, og klippeveggen til Stadlandet rammar inn fjordbassenget i nord.

	<p><b>Landskapstype: 20 T07 Fjordbasseng</b>  <b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet</b>  <b>13 landskapsområde i LR21</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>20.3 Fedje/Gulen (2 LO) 20.4 Solund (5 LO) 20.5 Bulandet/Flora (5 LO)</b>  <b>20.6 Bremanger/Stad (1 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	--	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> *Open *Vidstrakt og storskala *Diffuse avgrensingar	Fjordbassenga ligg samla langs ytre fjordstrok. Frå fjordutløpa startar LO der sjølve fjordforma slepp taket og ein kjem ut i eit storskala og ope landskap. Her samlar fjordutløpa seg i eit storskala rom der avgrensingane mellom LO vert opplevde som glidande og diffuse. Frå fastlandet vert dette opplevd som ein meir romleg, definert avgrensing. Fastlandet dannar bakvegg, og kor store øyar, storforma oddar og nes, og den ytre skjergard dannar sideveggar. Mot vest, ligg ein vidstrakt horisont, ut mot ope hav.	*
<b>SMÅFORMER</b> *Øyar, holmar og skjer	Småformane er lite framtredande i det overordna landskapsbiletet. Fleire stader ligg holmar og skjer inne i bassenga, men med låg høgde og breidde er dei ofte lite synlege. Større øyar, skjergard, små enkelholmar og skjer markerar overgangar og dannar tydlege referansepunkt ute på dei opne sjøflatane. I dei sørlegaste LO ligg fjordsida med brattkyst av svaberg og små klipper mot strandflata. Frå Askvoll og nordover varierar det med skjergard og bratte sider mot kystfjell og med klippekyst i dei nordlegaste LO frå Bremanger til Selje. Enkelte av LO ligg med mellomstore øyar inne i sjølve LO(eks; 11, 12, 13).	*
<b>FJORD OG HAV</b> *Vidstrakt flate *Høg horisont	Fjordflata er open og her ute har ein lite skydd for vêr og vind. Avstand mellom sidene i landskapsromma varierar frå 5-6 km til over 10 km i breidd i dei vidaste bassenga (eks; 12, 13). Horisontlinja ligg vidstrakt og høg i møte med ope hav eller oppstykka og variert mellom dei store øyene og fastlandet. Mot sjølve fastlandet i øst dannar fjellområda utanfor LO ein markert og samanhengjande horisont. Når ein ferdast sjøvegen vert overgangane mellom LO mindre diffuse og fjordbassenga står fram som ei meir tydleg eining (eks; 05, 06, 08, 09) .	*
<b>VEGETASJON</b> *Lita betydning	Vegetasjonsbiletet har lita betydning her ute. Avstanden til fjordsidene vert fort lang og ein får lita kjensle med vekslingu i vegetasjonsdekket. Ein stor variasjon i LO og fordeling langs heile N-S aksen av kysten, bidreg til liten samanheng og heilskap. Generelt er dei nære fjordsidene dominert av kystlynghei. Mot enkelte av fastlandssidene finn ein ulik skogsvegetasjon med blandingsskog, stadvis edellauvskog (Eks; 02), og spreidd kystfuruskog. Granplantefelt på øyane er kanskje den mest framtredande vegetasjonen.	*
<b>KULTURPREG</b> *Små fiskevêr *Stadvis svært velhalden *Kystkulturlandskap	Det er ikkje knytt tettstader til LT, då busetnaden i størst grad ligg i dei meir skjerma LT. Dei små vêr og busetnader som grensar inn mot fjordbassenga har typisk preg av tradisjonell kombinasjonsdrift med fiske og jordbruk, lik den ytre skjergard (20T04). Unntaket er LO 13, Sildagapet. Her inneheld LO fleire nasjonalt kjende kulturminne og innehalar fleire tradisjonsrike og svært velhaldne kulturlandskap og bygningsmiljø. Her ligg typiske kombinasjonsbruk med gardsmiljø av innmark, slåtteteigar, llynghestar, steingardar og rydningsrøyser. Ned mot strandkanten ligg naustrekker i tilknyting til gardane. Fleire av lokalitetane har stor opplevings- og formidlingsverdi og syner det representative kystkulturlandskapet ein finn i flere av kystlandskapstypene.	*
<b>AREALBRUK</b> *Lite framtredande	Tekniske inngrep og arealbruk er lite framtredande. Vegar og linjeføringar vert fort kamuflert mot fjordsidene når ein kjem ut i fjordbassenga. Den store avstanden mellom fjordsidene gjer også at installasjonar vert lite synlege på tvers av LO. Spesielt gjeld dette mot fastlandet, der store utanforliggjande landformer har ein god kamuflerande effekt. I N-S akse og ut mot vest ligg ein jamn, open horisont. Her vert LT meir sårbar for inngrep. Horisont linja er i dag lite påverka av inngrep.	*
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> *Høg himmel og lang fjernverknad. *Storskala *Vêrhardt	<p>Det opne og vidstrakte er sentralt for landskapsopplevelinga og karakter. Alle LO representerar avsluttinga på fjordane og er ein storskala overgang i møte med ope hav. Nokre av LO har namn som godt illustrerar landskapskarakteren, som til dømes LO 13, Sildagapet. LT opne karakter gjer at den stadvis kan absorbera større tekniske inngrep. Dette fordi fjernverknadane over den breie fjordflata reduserar blikkfangseffekten. Den omkringliggjande strandflata gjev lite høgdedrag, noko som gjer at eit anlegg her sjeldan kan leggast høgt. Ved ferdsel frå sjøen endrast fjernverknadane, men sjølv herfrå vil LT ofte flikete kystlinje og dei bakanforliggjande kystfjella på fastlandet, bidra til ein god kamuflerande effekt.</p> <p>Den sentrale kystleia går gjennom alle LO, og dei opne bassenga gjer dette til ei av dei mest vêrharde og opne kyststrekki i landet.</p>	

**Landskapstype: 20 T08 Fjordbotnar: Sjå Landskapstype LT 21 T04 Fjordbotnar**

#### 4.2.7 Landskapstype: 20T09 Kystheiene



20T09-05 Grima, *Gulen*. Open kysthei med ein mosaikk av bart berg, gras- og lynghei og mindre myrflater.



20T09-09 Vetenfjellet-Krakhellenipa, *Solund*. Sandstein og konglomerat gjev ei uryddig og kupert overflate. Gras, lynghei og små myrflater ligg i sprekkar og små forsenkningar.



20T09-20 Skinebakkheia, *Solund*. Ope kysthei med mosaikk av bart berg, grashei og små myrar og vatn. Kystfjell (20T12), står markert fram over kystheiene.




20T09-01 Storehaugen, *Gulen*. Einer og små sitkagran kjem gradvis inn i lyngheiene.



20T09-16 Nonsvarden, *Solund*. Vegane snor seg smale gjennom eit kuppert kystheilandskap, kor bergart av konglomerat skapar ei skulpturell overflate der små berknattar og pinakklar stikk opp



20T09-13 Rånøyyna, *Solund*. Lausmassar er lite utbreidd ute på øyane, og der det finst i små forsenkningar og daldrag ligg velhaldne gras- og beitemarker, og skapar fine kontrastar i den ellers grånamende bergoverflata.

	<p><b>Landskapstype: 20 T 09 Kystheiene</b>  <b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet</b>   <b>25 landskapsområda.</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>20.3 Fedje/Gulen ( 6 LO), 20.4 Solund (17 LO), 20.5 Bulandet/Flora (2 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	--	-------------------

<b>HOVUDFORM</b>  <b>*Strandflate</b> <b>*Ope visuell kontakt</b> <b>*Grunnfjell i sør, konglomerat i nord.</b>	Kystheiene er direkte knytt til landforma som utgjer strandflata. LT strek seg samanhengjande langs den ytre del av LR 20 frå Rogaland og gjennom heile Hordaland og avsluttar i Sogn og Fjordane, med Gulen og Solund. I Gulen representerar LO dei sentrale karaktertrekka ved LT. Hovudforma er opne og lågliggjande heiflater med ei svak konkav utforming. I samanheng med LT i Hordaland ligg LO i Gulen dominert av grunnfjellsbergartar. Den nedtærar strandflata gir eit mildt og jamt landskapsdrag. LO i Solund representerar avvik frå den representative samansetting og utforming. Devonsk sandstein og konglomerat gjev LO her eit særegi og unikt uttrykk. Overflata er meir grovkupert og vekslar mellom lågliggjande ytre kysthei til større og meir samanhengjande LO inne på dei større øyane.	*
<b>SMÅFORMAR</b>  <b>*Svaflater</b> <b>*Bergknattar</b> <b>*Klipper</b> <b>*Skulpturelle formasjonar</b>	Typisk karaktertrekk er ein jamn og homogen overflate med lite variasjon av småformar. LO i UR 20.3 Gulen er eit godt døme på det representative uttrykket hjå LT. Den opne heiflata ligg her med store gras- og myrflater, oppbrote av svaberg og bergknattar. Små klipper og skar bryt stadvis opp den jamne overflata. I UR 20.4 Solund, er småformane meir framtredande. Bergknattar stikk bratt opp og gir eit skulpturelt uttrykk. Formasjonar knytt til erosjon av konglomeratstein står stadvis fram med små pinakklar og spir. Stadvis er LO svært grovkupert og kan være vanskeleg å ta seg fram gjennom (Eks; 08, 13, 17).	*
<b>VATN OG VASSDRAG</b>  <b>*Djupe vatn</b> <b>*Små bekkar</b> <b>*Myr</b>	Ei meng av vatn og småbekker ligg nede i kløfter og skar eller i opne daldrag mellom dei nakne bergoverflatane. Her vekslar dei mellom dels djupe vatn, der dei ligg i sprekkesonar i berggrunnen, og grunne vatn med overgangar mot myrflater der lausmassedekket er tjukkare. Fleire små bekkefar renn stadvis i små meandersvingar gjennom myrane mot neste vatn eller ut mot små viker og pollar. Slike vassmiljø utgjer særprega og idylliske landskapselement inne i kystheiene (eks; 10, 11).	*
<b>VEGETASJON</b>  <b>*Lynghesi</b> <b>*Grashei</b> <b>*Myr</b> <b>*Kystfuruskog</b>	Vegetasjonen er generelt skrinn som følgje av næringsfattig berggrunn og tynt lausmassedekke. Overordna dominerer dei grånande bergknattane. Likevel er det vegetasjonstypen og -samansettinga som LT og LO er mest kjend for. Dominerande vegetasjonstypar er kystlynghei og myr, med lokale variasjonar og i arts mangfald og utbreiing. Røsslyng dominerer medan det på tørre og lune stadar i fleire av LO er store innslag av purpurlyng. I blomstringa midtsommars står lyngblomstrane fram med eit fargesprakande lappeteppe i raudtonar. Myrane er for det meste flatmyr og kan utgjere store areal i opne forseinkinger. Stadvis fin ein tuebakkemyr i overgang mot bergflatene. Det tradisjonelle vegetasjonsbilete er ein mosaikk av bart berg, lynghesi, grashei og myr. I nokre av dei indre og meir skjerma lokalitetane finn ein stadvis ope kystfuruskog. Stadvis grov lynghesi att med uskjøtta lynghesi, einar og lauvkratt.	*
<b>KULTURPREG</b>  <b>*Jordbruk og fiske</b> <b>*Stadvis velhaldne lynghieiar</b>	LT har ein lang tradisjon knytt til kombinasjonsbruk med jordbruk og fiske, og utstrakt bruk av lynghesi som ressurs har vore sentral. I dag holdast desse tradisjonane i hevd i varierande grad. I dei sørlege LO ser ein typisk teikn på forfall kor lynghieiane står fram som forveda og gamal, og kor einar og lauvkratt gradvis tek over. Stadvis finst velhaldne kulturmiljø med beitemark og skjøtta lynghesi. I dei nordlege LO i Solund finst fleire særlig godt skjøtta og velhaldne lynghieiar. Desse representerar viktige kulturmiljø med lange historiske linje.	*
<b>AREALBRUK</b>  <b>*Beitemark</b> <b>*Riksvegar</b>	Knytt til jordbruk og beite. Småskala beite- og grasmark. I fleire LO verd det framleis drive aktiv lynghieibrenning. Bygningar og tettstadar ligg ofta ned mot kystlinja like utanfor LT og LO avgrensingane. Av infrastruktur er vegane mest framtredande. Vegane er smale og gjer berre plass til ein bil i gongen og er fleire stadar attraksjonar i seg sjølv, der dei snor seg mellom bergknattar og lynghieiar.	*
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b>  <b>*Ope visuell kontakt</b> <b>*God heilskap og samanheng</b>	Det overordna landskapsrommet står fram med eit mildt og jamt landskapsdrag. På småskalanivå opplevast landskapet meir kupert, oppdelt og med fleire små lune og skjerma landskapsrom. Vekslinga mellom småskala og storskala er sentralt for landskapskarakteren. Det ope landskapsbilete og god visuell kontakt mellom LO og ut mot tilgrensande LT, gjev ein stor sårbarheit for storskala inngrep. Fleire av LO står fram med ein unik kombinasjon av landskapsformasjonar og velhaldne kulturlandskap. Desse representerar særegi og unik geologi, fleire særlig velhaldne lynghieiar og kulturmiljø gjev stor samanheng og mangfald. Variasjonsrikdommen gjev ein stor inntrykksstyrke og opplevingsverdi.	

**Landskapstype: 20 T 10 Åslandskap; sjå Landskapstype: LT 21 T 07 Skog og åslandskap**

#### 4.2.8 Landskapstype: 20T11 Ytre kystfjell



20T11-02 Veten, *Gulen*. I dei sørlege LO stikk kystfjella opp som paddehattar i dei låge kystheiane, og er eit typisk karaktertrekk for LT vidare sør i Hordaland.



20T11-09 Vetenfjellet-Krakhellenipa, *Solund*. Nordsida av LO ligg med markerte fjellveggar og toppområde. Sjølv om fjella berre ligg 569 moh, vert dei markante landskapselement der dei stig opp frå kystheia.



20T11-07 Vardefjellet, *Solund*. LO på Solund har ein karakteristisk og velkjend skråstilt profil. Her langs kystleia mot sør.




20T11-10 Ulvegreina, *Solund*. Sandstein og konglomerat gjev ei særegen overflate med laus smågrus på platå og eit skrint vegetasjonsdekke. Ei skråstilt lagdeling i berggrunnen har danna karakteristiske rampar og furer i fjellsidene på fleire av LO i Solund.



20T11-16 Stavnesodden, *Askvoll*. På fastlandet ligg dei fleste av LO med større areal, men likefull som enkeltståande område med ein open og sterk kontakt med kystlinja.  
S.W.B



20T11-22 Batalden, *Flora*. LO er typisk for dei minste LO som ligg ute mot ope hav. Kystklipper står bratt opp mot eit skrånande, men jamt platå mot toppen.  
T.S

	<p><b>Landskapstype: 20 T 11 Ytre kystfjell</b>  <b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet</b>  <b>25 landskapsområde i LR20</b> </p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>20.3 Fedje/Gulen (6 LO), 20.4 Solund (8 LO), 20.5 Bulandet/Flora (10 LO)</b>  <b>20.6 Bremangerlandet/Stad (1 LO)</b></p> <p><b>20 landskapsområde i LR 21</b> </p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b>  <b>*Markerte landformer</b> <b>*Grunnfjell og sandstein</b>	Dei ytre kystfjella er sentrale og karaktersterke LO og ligg jamt fordelt langs kysten frå Gulen til Bremanger. Her dannar dei markerte landformer der dei anten stikk rakt opp i havgapet eller utgjer sentrale delar av dei større øyane eller det ytre fastlandet. I dei sørlege LO, i UR 20.3 Gulen, står kystfjella markert opp frå kystheiane omkring, noko som er eit typisk karaktertrekk for LT vidare sørover i LR 20. Frå UR 20.4 Solund og 20.5 Bulandet/Flora, dannar LT dei mest sentrale blikkfanga langs heile kystlinja. Fjella står anten som sentrale delar av dei større øyane, med karakteristiske, skråstilte profilar(eks; 08, 09, 10), eller som enkeltståande, små øyar, som står rakt opp frå havgapet (eks; 13, 18, 19, 21). Hovudforma varierar frå mellomstore fjellheiar med eit mindre topp-platå, støtta opp av slake fjellryggar eller vertikale fjellvegar, til heile delar av små øyar. Dei små øyane ligg med bratte kystklipper rakt opp mot ei lita, men like fullt svært markant toppplate i mot ope hav. Høgda over havet ligg oppunder 200 moh i dei minste LO lengst ute, og opp til like over 700 moh i dei høgste og største LO inne på fastlandet. Avvik frå hovudforma er dei 6 LO inne på fastlandet som dannar større, godt avrunda kystfjell, meir lik LT i LR 21.	*
<b>SMÅFORMER</b>  <b>*Fjellvegar</b> <b>*Klipper og sva</b> <b>*Skråstilla rampesystem</b> <b>*Konglomeratformasjonar</b> <b>*Topp-platå</b>	Når ein kjem innpå LO står fleire fram med eit stort mangfold av småformer. Typisk for fleire av LO på dei store øyane og fastlandet, er fjellsider med store vestvendte brattkantar. I nokre av LO dannar vertikale fjellvegger heile fjellsida frå fjordkanten og opp. Nord- og sørsida er ofte slakare og her er det lett å ta seg opp (eks; 01, 02, 03, 07, 08, 09). På Solund ligg Noregs største og mest samanhengjande konglomerat. Særeigne og spesielle mønster og strukturar står fram i fjellsidene. Lagdeling i berggrunnen kjem svært godt fram, med skråstilte, store ramper som kan følgjast langs dei elles bratte sva og bergveggane. Overordna opplever ein nord- og sørsidene som slakare, men her står eit virvar av småklipper, pinakkler og store steinblokker og skapar stadvis ein svært uoversiktleg og krunlete farweg (eks; 07, 08, 09, 10). På toppane kjem ein opp på eit delvis flatt platå av bart berg med store sva og små furur og kløfter i mellom. Dei små LO ute i havgapet ligg støtta opp av robuste, vertikale kystklipper der valmuligheita til topps er få. Toppområda dannar også her ei mindre platåflate.	*
<b>VATN OG VASSDRAG</b>  <b>*Små tjern</b>	Det fins lite vatn og det har derfor liten visuell tyding i LT. Oppå toppane ligg små pyttar og tjern i søkk. Enkelte stader fins små tjern og myrflater i opne daldrag oppå platåa. Rennande vatn er svært lite framtredande. Frå tjerna renn bekkane beskjeden ned små dalar og i skar mellom toppområda.	*
<b>VEGETASJON</b>  <b>*Skrint</b> <b>*Mindre samanheng mellom LO.</b>	Næringsfattige bergartar bidreg til eit svært skrint vegetasjonsbilete. I dei sørlege LO i Gulen vekslar det mellom store areal av bart berg og stadvis gras- og kystfjellhei. I Solund er ei nesten naken bergoverflate dominerande. Her finn ein berre gras- og llyngheti i smale stripa langs sprekker og furur i overflata. På dei mindre øyane i Askvoll og Flora finns ein meir variert og stadvis kulturpåverka vegetasjon. I dei øvre delane av kystklippene finn ein her rasmarkvegetasjon og llyngheti i overgangen mot platå. Floraen har ei blanding av fjell og kystplanter. Enkelte av LO er her dekt av llyngheti heilt opp mot 300 moh med ei blanding av røsslyng, klokkeklyng og krekling i dei øvre delane og purpurlyng lengre ned i fjellsida.	*
<b>KULTURPREG</b>  <b>*Liten samanheng</b>	Dei sørlege kystfjella har lite eller inga kulturpreg i den skrinne og næringsfattige berggrunnen. Øyane i Askvoll og Flora har likevel fleire stader store og sentrale referanseområde for aktiv llynghreibruk (Eks; 13, 18, 19, 23). Fleire av LO er kjente og tradisjonsrike seglingsmerker med stor identitetsverdi langs kysten. Mange av LO er viktige og ofte lett tilgjengelige utfartsområde med stor lokal friluftslivsverdi.	*
<b>AREALBRUK</b>	I nokre av LO står kommunikasjonsmaster av varierande størrelse. I to av LO ligg større master med tilknytt servicebygg og veganlegg opp til anlegga. Vegane er stengde for allmenn ferdsel (Eks; 06, 09)	*
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b>  <b>*Stor utsegnskraft</b> <b>*Høg identitetsverdi</b>	Landskapskarakteren ligg i sjølve utsegnskrafta det einskilde LO innehar. Fleire av LO er små og kan stadvis oppfattast som del av eit større kystlandskap. Her er dei tekne ut og klassifisert til sjølvstendige LO og LT, då dei utgjer landskapsformer som representerar eit viktig karaktertrekk langs kysten av Sogn og Fjordane. Fleire av LO har stor identitetsverdi både i lokal og regional samanheng. Den visuelle influensen strekk seg langt ut over eigne grenser, og kor Batalden, Kinn og Alden ( <i>Norskehesten</i> ) er mellom dei mest kjende (LO 22, 19 og	

	14). Gjennom alle tider har LO vore viktige seglingsmerker langs kysten og som det er knytt ei mengd av mytar og segn rundt. Lokalt har fleire av LO stor friluftsverdi og oppe på toppane har ein, på godvêrs dagar eit formidabelt utsyn over store delar av kystlinja.
--	---

<b>REGIONAL VARIASJON</b> <b>*Fastland</b> <b>*Fjellhei</b> <b>*Saman-hengjande veg.dekke</b>	<p><b>Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet</b></p> <p><b>21T09 Kystfjella (20 LO)</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <p><b>21.6 Fjaler (13 LO), 21.7 Stongfjorden/Norddal (6 LO), 21.8 Hornelen (1 LO)</b></p> <p>I LR 21 ligg LO meir samla inne på fastlandet, men framleis med ein open og god kontakt med kysten utanfor. Her ligg LO enkeltvis og delvis spreidd frå Gulen i sør til Bremanger i nord. Dei aller fleste ligg i eit høgdenvå over dei ytre kystfjella, frå omkring 400-700 moh i dei ytre stroka til opp mot 900 moh i overgangen mot LR 15 og 22. Hovudforma er dominera av ei jamn og open fjellhei. Alle LO er enkeltståande, små fjellområda, typisk omkransa av lågareliggende skogåsar, kystfjelldalar og elvedalar. Mot kysten ligg dei oftast ut i mot dei opne fjordbassenga eller breie fjordløp. Sjølve fjellflata er oversiktlege og kor ein ofte har god visuell kontakt med heile LO. LT er mindre framtredande enn i LR 20, og ligg beskjeden plassert mellom storforma fjordlandskap og i forkant av dei meir dominante fjellområda i lågfjellsregion 15. Unntaket i for LT er Lifjell/Gygrekjeften (07) og Hornelen (20). Desse LO representerar unntaket i LT, med markante fjellprofilar og fjellvegar. Sjølve toppflata er meir lik det representative for LT. Dei to LO har ein særleg stor utsegnskraft og identitetsverdi med stor regional betydning.</p>
--	---



21T09-02 Slettefjellet-Dalsfjellet og 03 Øksefjellet-Samreheia ,Gulen. LO 03 fremst i bildet og 02 like bak. Typisk jamt vegetasjonsdekke med grashei. Dei lågare ytre kystfjella i LR 20 midt i biletet og open kysthei og skjergard utanfor.



21T09-14 Skålefjellet, Flora. Her mot nord over Førdefjorden ligg kystfjella ut mellom fjordane, og med ein open kystkontakt mot vest. Mot venstre i biletet ligg LO 15 Høydalsnipa.



21T09-07 Lifjell/Gygrekjeften. Hyllestад. Skil seg frå det typiske for LT i LR 21. Ein særleg framskutt og markert fjellprofil. Stor identitetsverdi i regional samanheng.



21T09-20 Hornelen. Bremanger. Den velkjende fjellprofilen til Hornelen. Står her markert fram over dei meir typisk og avrunda kystfjella omkring.




#### **4.2.9 Landskapstype: 20T12 Kystfjellplatå**



20T12-12 Mehukken, Vågsøy. Tuemark og grashei. Stadlandet (20T12-16), strek seg ut mot øpst i biletet. Den jevne platåflata avsluttast brått mot klippekyst og øpst hav.



20T12-12 Mehukken, Vågsøy. Tykke torvdekker er vanlig. Tydlege erosjonsfurur ligg i langsgående, parallele mønstre. vindmøllane står oppsett på linje.



20T12-16 Stadlandet, Selje. Frå Kjerringa mot Stadlandet. Grashei dominar dei konvekse toppflatane, medan myr og tjukke torvdekker ligg i sidene og daldrag.




20T012-12 Mehukken og 06 Brurahornet, Vågsøy. Brurahornet ligg med meir markerte landformar. Små botnar og mindre brattkanter bryt opp platåflata.



20T12-17 og 18 Kjerringa og Okla, Selje. LT fortsettar eit stykke NØ, inn i Møre og Romsdal, før meir alpine landskapstypar tek over i møte med Sunnmørsalpane bak i biletet. Tydeleg skille mellom grasbakkar og lynghei i fjellsida midt i biletet.




20T12-04 Bremangerlandet, Vågsøy. På toppområda finn ein mindre blokkmark og stripa med bart berg i det elles samanhengjande torv- og morenedekka.

	<p><b>Landskapstype: 20 T 12 Kystfjellplatå</b></p> <p><b>Landskapsregion 20 Kystbygdane på Vestlandet</b></p> <p><b>18 landskapsområdar i LR 20</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <p><b>20.6 Bremangerlandet/Stadt (18 LO)</b></p>	<span style="color: red;">■</span>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	------------------------------------	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Markert</li> <li>*Platå</li> <li>*Bølgjande</li> <li>*Sjeldne landformar</li> </ul>	<p>Kystfjellplatåa utgjer ein sjeldan og nasjonalt lite utbreid landskapstype. Ein må heilt opp til Finnmark, (<i>med Nordkapplatået som det mest kjende</i>), før ein finn tilsvarende samanheng i LT. Elles finst LT spreidd med enkelte områda langs kysten av Møre og Romsdal og i Nordland. LO utgjer markerte og tydlege landformar der dei strek seg ut i møte med storfjorden. Hovudforma er rest av den paleiske overflata ein finn igjen i lågfjellsheiene lengre aust. Platåa ligg flate eller slakt skrånande, med enkelte markerte høgdedrag og grunne, vide forseinkingar og daldrag mellom. Brattkanten, med kystklippene nedanfor, dannar markerte avgrensingar mot ope hav. LT ligg samla frå Bremanger til Selje, kor Bremangerlandet og Stadlandet utgjer viktige referanseområde (04, 16). Søraust for Sildagapet ligg ei gruppe LO som dannar austgrensa for LT. LO innheld ein mindre samanheng i landform med mindre platå, oppbrote av bratte og små botnar (eks; 07, 08, 09, 10)</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>SMÅFORMAR</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Samanhengjande lausmassar</li> <li>*Torvdekker</li> <li>*Erosjonsfurur</li> </ul>	<p>Eit tjukt og samanhengjande lausmassedekke er eit sentralt karaktertrekk ved LT. Tjukk og terregndekkande torvmyr er vanleg. Myrane ligg som samanhengjande tepper på platåa og i opne daldrag. Stadvis finn ein særleg tjukke torvmyrar med djupforvitra jordsmønn frå jordas mellomalder, noko som tydar på lite eller ingen isdekk gjennom istidene (Eks; 16, 17, 18). Erosjonsfurur dannar tydlege og spesielle strukturar i hellande torvbakkar (Eks; 12). Bart berg finst mest ikkje i det heile. Berre øvst oppe på toppområda er torv- og grasdekka tynne nok til at enkelte små blokkar og stripar av bart berg kjem fram.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VATN OG VASSDRAG</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Tjern</li> <li>*Bekkefar</li> </ul>	<p>Vatn har lita visuell betyding i LT. Likevel finn ein særegne og spesielle dreneringsmønster knytt til myrane i dei mange opne daldraga. Stadvis ligg lengre bekkefar som renn opne med små meanderslyngar gjennom myrflatane, som samanhengjande og urørde vatnmiljø (Eks; 16, 18, 14). Mindre tjern ligg spreidd oppe på platåa, og enkelte små botnvatn ligg i daldrag og opne forseinkingar.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VEGETASJON</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Terregndekkande myr</li> <li>*Gras- og llynhei</li> </ul>	<p>Vegetasjonsbilete er eit sentralt og stadeige karaktertrekk ved LT. Dei store og tykke terregndekkande myrane kler platåa som samanhengjande teppe. Fleire av lokalitetane er særleg spesielle i nasjonal og europeisk målestokk (Eks; 04, 12, 16, 17). Her finst både haugmyr, tuebakke myr, heimyr og flatmyr. Når ein kjem opp på sjølve topp-platået vert lausmassedekke tynnare og gras- og llynhei tek over. Overgangane er ofte glidande mellom myrflater, tørrheiar, fukthei og samanhengjande llynhei.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>KULTURPREG</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Llynhei</li> <li>*Beite</li> <li>*Torv-uttak</li> </ul>	<p>Kulturpreget er knytt til beite og uttak av torv. Aktiv skjøtsel og bruk av llynhei finst i enkelte av LO. Dette er godt synleg i fjellsida opp mot platåa (Eks; 18). I nokre av LO ligg mindre forfalne løer og steingjerde.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>AREALBRUK</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Tele master</li> <li>*Veg</li> <li>*Vindkraft</li> </ul>	<p>LO eksponerte plassering ytst på kysten, som Noregs vestligaste fastlandsområda, gjer dei til sentrale kommunikasjonspunkt. Fleire LO ligg med større og mindre kommunikasjonsmaster og radaranlegg på topp- platåa (Eks; 04, 12, 17). Veganlegg førar opp til anlegga og fleira av desse er opne og gjev ei enkelt tilgjenge opp på platåa. LO er aktuelle for utbygging av vindkraft og fylke sitt første vindkraftverk er etablert her (LO 12). Tradisjonell arealbruk er knytt til utmarksbeite.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Eksponert</li> <li>*Stor utsagnskraft</li> <li>*Vérhardt</li> </ul>	<p>LT ligg med ei ope og sentral eksponering ut mot ope hav. Kystklippar dannar markerte avgrensingar og støttar opp platåa som står fram med ein stor sjølvstende i det ytre kystlandskapet. Fleire av LO har ein stor utsagnskraft både visuelt og kulturelt. Ei roleg og bølgjande overflate skapar stor kontrast mot ein dramatisk klippekyst og vérhardt kystlinje. LT ligg med ein særleg god samanheng og heilskap gjennom LO. Enkelte brott med tekniske anlegg og installasjonar pregar nokre av LO.</p> <p>Ein eineståande kombinasjon av nasjonalt unike landskapsformar, vegetasjonstypar, bruk og kulturell betyding, gjer LT verdifull i nasjonal samanheng.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>

#### 4.3 Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet



Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet.


Figur 11. Kart over landskapsregion 21, fordelt på 10 underregionar (O.Puschmann 2005)

	<b>LANDSKAPSREGION 21 YTRE FJORDBYGDER PÅ VESTLANDET</b> Landskapsregionen består av 10 underregioner <sup>1</sup>	
<b>LANDSKAPETS HOVEDFORM</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>* fra Ryfylke til Romsdalsfjorden</li> <li>* mellom ytterkyst og innlandsfjorder</li> <li>* noe strandflate i sør</li> <li>* grov mosaikk av hei, åser &amp; paleiske fjell</li> <li>* Sunnmøre; villere</li> <li>* Romsdal; mildere</li> </ul>	Regionen strekker seg fra <i>Ryfylke</i> i sør til <i>Romsdalsfjorden</i> i nord. Avgrensingen mot region 20 er dels lagt langs den indre grensa for strandflata, dels ved skogens utbredelse og dels hvorvidt de sjønære bosettingsområdene er orientert mot havet eller innover mot fjordene. Avgrensingen mot midtre fjordregion er mer topografisk, og ender der de ytre fjordgrener samler seg og går videre innover landet i ett enkelt løp. Mens de midtre og indre regionene (22 og 23) omgis av høye fjellmassiv, har region 21 et mer åpent preg med bl.a. vide fjordtrekk og en ofte lavere horisont mot vest. Lengst i sør fins fortsatt mye igjen av strandflata, men reliefet er grovere med innslag av større åser og storkupert hei. Nordover i <i>Hordaland</i> reduseres strandflata og erstattes av flere åser og storkuperte heier. Her er sprekkedaler utbredt. I de indre regiondeler i Nord-Hordaland er også mindre paleiske fjellformer stedvis vanlig. I <i>Sogn og Fjordane</i> har u.regionene ofte en storskåret mosaikk av landformer, dvs. med vekslinger mellom ulike åsformer, storkupert hei, godt avrunda paleiske fjellformer og mindre strandflate fragmenter. Noe av det samme ses på <i>Sunnmøre</i> , men her har regionens innerste fjellområder ofte et glasialt preg. Her er høye og steile bergvegger vanlig. På <i>nordre Sunnmøre</i> (21.10) er landformene atskillig mildere, med dominans av større åser.	***
<b>LANDSKAPETS SMÅFORMER</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>* lite løsmasser</li> <li>* tynt jordlag i mosaikk med bart fjell</li> <li>* spredt morenedekke</li> <li>* steinkyst, øyer</li> </ul>	Regionen har til dels lite løsmasser, men unntak finnes. Et tynt og/eller usammenhengende morenedekke dominerer, ofte i mosaikk med mye bart fjell. Karakteristisk er også utallige sva og bergkoller med en klar rundt støtside og en markert oppsprukket leside. Store, sammenhengende morenedekker er generelt uvanlig, men noen underregioner har enkelte større sammenhengende forekomster. På <i>Sunnmøre</i> ses stedvis større morenebenker langs nedre del av fjordprofilen, mens i <i>Sogn og Fjordane</i> er flekkvise morener i senninger og støtsider mer vanlig. Vitrings-jord finns også, særlig i <i>Hordaland</i> og på <i>Ryfylkeøyene</i> . Til landskapets småformer nevnes også mange nakne skjær og skrinne holmer ute i fjordløp og sund. Selve fjordlinja er variert, og ulike typer steinkyst dominerer med vekslinger av klippe-, bratt- og svabergkyst. Fjordenes bakland har vekslende topografi fra småkuperte flater til stigende terreg opp mot fjell.	**
<b>FJORDER OG VASSDRAG</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>* sjøen sentral komp.</li> <li>* i S: større sjøflater</li> <li>* i N: trangere fjordløp</li> <li>* sund, kiler, viker mm.</li> <li>* korte vassdrag</li> <li>* mange vann</li> </ul>	Fjordene binder regionen sammen, men i form er de til dels svært forskjellig. Mest markant er de vide sjøflatene rundt <i>Ryfylkets</i> øyer. Her kan storhavet stå rett inn fra sørvest og tidvis skape grov sjø. Også de store fjordmunningene i <i>Sunnhordland</i> har vide løp hvor vind og bølger ofte kan få godt tak. Lenger nord blir løpene smalere, og her ligger fjordene ofte trangere til mellom mer lunende landformer. I slike fjordsystemer er landskapsrommene langsmale og tett avgrenset. Små vannformer som vågjer, viker, poller, bukter, delta og elveos, samt utallige små og store sund mellom øyer, holmer og skjær, øker de sjøvendte landskapenes variasjon. Her finns og et fåttall områder med en indre skjærgård. Også ferskvann er viktig for landskapsbildet, og karaktersetter mange steder de indre deler av øyer og fastland. Små og korte vassdrag er mest utbredt, med hyppige vekslinger fra rolige elver i flatt lende til mer hastige løp i terreg med høyere fall. Karakteristisk er også mange vannpytter, tjern, middelsstore vann og innsjøer, - de sistnevnte ofte med langsmal form pga sin senkede beliggenhet nede i sprekkedaler.	***
<b>VEGETASJON</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>* variert vegetasjon</li> <li>* mye nedbør</li> <li>* skogpreget dominerer, særlig lauv- og blandingsskoger</li> <li>* edellaувskoger</li> <li>* beite og tidl. lauving</li> <li>* oceanisk furuskog</li> <li>* mye granplanting</li> <li>* lynghei &amp; atlant.myr</li> </ul>	Variert berggrunn, mye nedbør og ulik avstand til kysten, gir regionen en variert vegetasjon. I områder med vitringsjord, særlig i <i>Hordaland</i> og på <i>Ryfylkeøyene</i> , er artsmangfoldet ofte stort. Skogen dominerer. Typisk er lauv- og furuskoger, men karakteristisk er også et godt innslag av edellaувskog i solvendte fjord- og dalsider. Edellaувskogene innehar gjerne mange oceaniske arter. I mange områder er skogbunnen dekt av tjukke mosetepper med ulike typer mose og lav. Mange lauvskogsområder er betydelig beitepåvirket, særlig på øyer i fjordmunningene. Eldre styvingstrær ses mer spredt, men er likevel forsatt forholdsvis utbredt. Også ulike typer furuskog er utbredt, særlig på lave åser eller dalsider med tynt jorddekk. Oceaniske (også kalt <i>Atlantiske</i> ) furuskoger nevnes spesielt, ofte karakterisert av moserike utforminger i nordhellinger. Kalkbergarter har gjerne kalkfuruskog, særlig i <i>Sunnhordland</i> . Lenger nord er vegetasjonen gjennomgående fattigere med lyngdominerte bjørke- og furuskoger. Naturlig granskog finnes ikke, men her er store arealer tilplantet. Plantefeltene har ofte en skarp avgrensning mot omkringliggende vegetasjon da de ofte har rektangulær form fordi de er plantet etter eiendomsgrensene. Høyeliggende områder med tynt jorddekk har gjerne skrinn lynghei eller fukthei. Myrene består ofte av atlantiske myrkopleks.	***
<b>JORDBRUKS-MARK</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>* sparsomme løsmasser svært godt utnytta</li> <li>* mer jord enn kysten,</li> <li>samt tilgang på skog</li> <li>* 4 650 aktive bruk</li> <li>* grasførproduksjon</li> <li>* mange beitedyr</li> <li>* sau &amp; storfehold</li> </ul>	Regionens sparsomme løsmasser er godt utnyttet til jordbruksformål, og de best egnede forekomstene er gjerne oppdyrka. Fra gammelt av ble mange bruk drevet sammen med ulike sesongvise sjønæringer, men det har avtatt sterkt. Regionen skiller seg fra kystbygdene vestenfor ved mer dyrka mark, og ikke minst bedre tilgang på skog. Her er da også flere bruk i drift sammenlignet med reg.20. Regionen har vel 486 600 dekar dyrka mark, fordelt på ca. 4 650 aktive bruk. Andelen gårdsbruk med mindre enn 100 da innmak utgjør ca. 57 %. Som en kompensasjon til lite innmak har mange gårder gjerne en del beitemark på ikke fulldyrka arealer. Ca. 3 % av regionens dyrka mark er brattlendt areal, og vel 10 % av gårdene får tilskudd for å drive slike areal. Grasproduksjon dominerer på dyrka marka (99 %), og har sammenheng med regionens utstrakte husdyrhold. Her er totalt 273 000 registrerte beitedyr (sau, geit og storfe). Av dette utgjør sau/lam på utmarksbeite vel 202 000 dyr. Storfeholdet er også utbredt, med vel 66 800 dyr fordelt på 2 640 gårder. Geiteholdet er stedvis stort i kun enkelte underregioner (totalt 4400 dyr). Den store andelen av beitedyr gjør at regionen, særlig søndre deler, stedvis har noe av landets mest særprega	**

	beitelandskaper med stor tidsdybde og kontinuitet.	
<b>BEBYGGELSE OG TEKNISKE ANLEGG</b>  * liggende panel * kjerneomr. stavhus * sammenbygde hus * rekke- & klyngetun * naust & naustrekker * gamle bykjerner * tettsteder / boligomr. * samferdsel / ferger	Bruk av liggende panel på trehus er typisk, og er en skikk som strekker seg til <i>Romsdal</i> i nord. Regionen ligger innenfor <i>Vestlandets</i> kjerneområde for stavhus med grindkonstruksjon, og her er fortsatt hus med røtter fra denne middelalderske byggeskikken. Dette er helst små bygg, men også noen store lører og stavkirker. Sammenbygde hus er noen steder et særtrekk. Karakteristisk er også bruken av store gråsteinsmurer under eldre hus, stedvis også som levegger. Vanlig tunform er rekketunet, også kalt gatetun da bygdeveien ofte gikk mellom inn- og uthusrekka. Regionen har også enkelte bevarte klyngetun. Bygningsmiljøer tilknyttet sjø- og sjøbruk preger regionens sjøvendte landskapsområder. Vanligst er naust og sjøbuer, både som enkeltbygg eller i rekker. Her er og flere eldre handels- og gjestgiversteder, særlig i ytre strøk langs hovedleia. Regionen har mange tettsteder, noen med opphav i eldre strandsteder, evt. fiskevær. By- og tettstsedsbebyggelsen er blandet, gjerne med en kjerne av eldre hus og brygger rundt havna og nyere næringsbygg og boligfelt rundt. Regionen har også flere nye tettsteder og boligsatellitter, særlig rundt Bergen by. Veisambandet er kraftig forbedret de siste 10-åra, særlig med bruer og tunneler. Ferger utgjør likevel flere steder fortsatt en viktig del av regionens samferdsel.	**
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b>  * følger region 20; fra Ryfylke - Romsdalsfj. * mer høyreist strandflate danner overgang fra kyst * tydeligere fjordløp; omgitt av åser - etter hvert lave forfjell * strandflata; ofte en lav landrest i fjordene * mer nedbør her enn ute ved kysten * været; betydning for landskapsopplevelsen * frodigere/grønnere enn kystregion 20 * mest lauvskog, men også mye furuskog. Gran i full spredning * jordbruk; sentralelement langs fjordene. Stort husdyrholt. * jevn bosetting, med små & store tettsteder	Regionen følger kystregion 20, og strekker seg fra <i>Ryfylke</i> i sør til <i>Romsdalsfjorden</i> i nord. Her slutter da også på mange måter Vestlandet – både naturgeografisk og kulturelt.  Åpent og mykt begynner det ytre fjordlandskapet med brune og grønne toner, og mye blå sjø ute i grensen mot kystbygdene. Her har fjordens linjer fått en mer tydelig langsmal form, skilt ut fra et utløp i vrimmelen av skjær, holmer og øyer tilhørende region 20. I de ytterste regiondeler ses gjerne en overgang fra en småkupert strandflate til andre og mer høyreiste landformer som lave åser via mer grovkupert hei til mindre fjellformasjoner. Restene av strandflatene ses imidlertid stedvis også som små øyer og holmer i selve fjordløpet, noe som stedvis også kan gi typisk fjordform et visst skjærgårdspreg. På slike steder danner strandflata særegne småformer i kontrast til fjordens storform. Strandflaten danner således ouverturen til fjordlandskapet innenfor, og i regionens indre deler kan dens siste rester kun stedvis ses som smale hyller i fjordsidene.  Landformene skifter altså innover fjordene, men det gjør også været. Når lavtrykk fra Nordsjøen setter sin våte kurs mot Vestlandet møter de først og fremst regionens åser og lave forfjell, noe som tvinger den regntunge lufta til værs. I dette forløpet spiller den lave strandflata igjen en rolle. Skyene farer nemlig over denne og slipper det meste av sitt regn først når de støter mot ås og fjellmuren lenger inn. De største nedbørsmengdene kommer altså først ned et stykke innenfor kysten, noe som gjør regionen til en av de mest nedbørsutsatte i landet. I en slik sammenheng kan det dermed også hevdes at været i større grad kan påvirke folks opplevelser av landskapet.  I motsetning til kystregionen utenfor framstår regionen med et langt frodigere og grønnere preg. Lauvskog dominerer, men også furu er utbredt og dekker mange steder større områder. Gran, som ikke fins naturlig i regionen, ses hyppig i plantefelt. Naturlig frøspredning fra disse vil bidra til at innslaget av gran på sikt vil øke, og etablere seg mer naturlig i terrenget. I de ytre regiondeler var åpen lynghei vanlig for bare 60 år siden, men de er ofte skogsatt i dag. Skogsvegetasjonen karaktersetter regionen, og gir ofte jordbruksmark og bebyggelse en tett innramming.  Jordbruk danner et sentralelement i mange av regionens ulike landskapstyper, og framstår gjerne som visuelle blikkfang langs fjordene eller som åpne lysninger i et skogsdominert bakland. Etter norske forhold er husdyrholtet svært stort, med vel 200 000 registrerte beitedyr (ku, sau & geit).  Regionen har jevn bosetting med forholdsvis stort folketall, særlig i Hordaland. Jevnt over en helhetlig bebyggelse, mange monumentale bygninger. Regionen har rike fornminneområder	

<sup>1</sup> Underregionene er: 21.1 Ryfylkøyane, 21.2 Sveio/Haugalandet, 21.3 Halsnøy, 21.4 Bjørnafjorden, 21.5 Indre Bergensbuene, 21.6 Fjaler, 21.7 Stongfjorden/Norddal, 21.8 Hornelen, 21.9 Søre Sunnmøre og 21.10 Nordre Sunnmøre.

(O.Puschmann. NIJOS rapport 10/05. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner)



Figur 12. Kart over fordeling av landskapstypar i landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet.

#### 4.3.1 Landskapstype: 21T01 Breie fjordar



21T01-02 Åfjorden, *Hyllestad*. Eit ope og breitt fjordløp. Her inn fjorden mot Hyllestad. På nordsida ligg garder og små grender på ein slak fjordbrem med god vitringsjord. Sørsida er skarpt innramma med bratte fjellvegger.



21T01-12 Nordfjord, *Bremanger/Selje*. Ytre del av Nordfjord. Godt avrunda kystfjell og skogsåsar gjev ei open innramming i den ytre del av fjorden. Typisk slåtteeng i lita og open vik. Hornelen kneisar opp i bakgrunnen, utanfor LO.



20T01-06 Høydalsfjorden, *Flora*. Eit storskala og ope rom der overgangane mellom LO er meir diffuse og avgrensa av mindre øyar og sund.

N.R.



20T01-07 Solheimsfjorden, *Flora*. Eit ope og breit fjordløp kor fjordsida veksler mellom slake skogsåsar og kuperte kystfjell. N.R.



21T01-05 Førdefjorden, *Askvoll/Flora*. I dei sentrale områda av kysten har LT eit meir ope preg med småkuperte åsar i fjordsidene og mindre vågar og øyar i fjordløpet.

SWB



21T01-11 Frøyssjøen, *Bremanger*. LO har eit storskala og ope løp, med avrunda lågfellsheier mot øst og kystfjell i vest som dannar innramming. Småfjordar og fjordbotnar munnar ut i LO og skapar ei usamanhangjande fjordside. Her i det ytre fjordløpet avtek fjordformen gradvis i møte med fjordbassenget utanfor.

	<b>Landskapstype: 21 T01 Breie fjordar</b> <b>Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet.</b> <b>13 landskapsområde i LR21</b>	<b>BE-TYD-NING</b>
	<b>Fordeling på underregionar:</b> <b>21.6 Fjaler (4 LO), 21.7 Norddal (6 LO), 21.8 Hornelen (2 LO),</b> <b>21.9 Søre Sunnmøre (1 LO)</b>	

<b>HOVUDFORM</b> <b>*Breie opne fjordflater</b> <b>*Usaman-hengjande fjordsider</b>	<p>Ei tydeleg og jamn fjordform dominar, der markerte fjordsider skapar ei veldefinert innramming og avgrensing av landskapsrommet. Ei jamn strandlinje med få eller ingen brot er eit typisk karaktertrekk for LT. Sentrale referanse område er 02 Åfjorden, ..Førdefjorden og .. Nordfjord. Ein slak fjordbrem strekk seg jamt langsetter fjordsidene, før det raskt vert brattare opp mot kystfjell og hei. Stadvis grensar fjordsida opp mot dei meir storforma fjellmassiva i LR 15 (eks; 04, 11, 12) eller kystklipper med fleire hundremeter høge veggar og stup rakt opp frå fjordkanten (eks; 02, 11). Ytst i fjordløpet forsvinn den markerte fjordforma gradvis før den opnar seg heilt opp i møte med fjordbassenga og LT'ar knytt til ytre kyst. I Flora er dette eit typisk trekk gjennom store delar av LO. Mellomstore øyar deler opp LO og skapar opne og storskala landskapsrom med meir glidande overgangar og slake fjordsider mot det kuperte åslandskapet her ute. (eks; 06, 07, 08, 10)</p>	*
<b>SMÅFORMER</b> <b>*Brattkyst og svaberg</b> <b>*Slak fjordbrem</b> <b>*Kystklipper</b>	<p>I det overordna landskapsbiletet er ikkje småformene så framtredande, i dei svært markerte og tydeleg storforma fjordsidene. Strandtypen er i all hovudsak dominert av svaberg eller brattkyst med klipper og store flåg. Frå strandkanten med brattkyst, stig fjordsida slakt oppetter og formar fleire stader ein veldefinert og slakt stigande fjordbrem. Langs dei områda der storforma fjellveggar og stup står rakt ned i fjorden, fins knapt nokon stad å ta seg i land. Dei dramatiske fjellveggene skapar stor rørsle og dramatikk i det elles ofte opne fjordlandskapet. Enorme klippeveggar står ut og fleire av veggane er markerte og kjende landemerke (eks; Gyrekjeften, Hornelen, Fløyen, Rimma).</p>	*
<b>FJORD OG VASSDRAG</b> <b>*Fjordflata samlande komponent</b> <b>*Sma sideelvar</b>	<p>1-2 km breie fjordflater dominar, og dannar golvflata i det overordna landskapsrom. Sjølve fjordløpet strekkjer seg jamt langsetter utan særleg variasjon, og ein har i fleire av LO visuell kontakt med heile eller store delar av landskapsrommet. Dei indre delane har ofte tydeleg definerte løp, med ei rak strandlinje og ofte ikkje meir enn 1 km brei. I dei ytre delane vert fjorden broten opp med fleire små vågar, viker og til dels store bukter i møte med LT langs kystlinja. Dei indre delane vert ofte opplevde meir einsforma, men dramatiske, medan dei ytre delane får ei meir open og variert fjordflate. Ned fjordsidene er det vanleg med fleire bekkar og fossefall. Dei spektakulære fossefalla er ikkje like vanleg i LR 21, som i dei indre fjordstrøka i LR 22 og 23. Meir vanleg er mindre sideelvar som munnar ut i sida av fjordane, ofte med terrasserte elveavsetningar eller elvesletter og som skapar små øyre der dei munnar ut i fjordsida. (eks; 02, 04).</p>	*
<b>VEGETASJON</b> <b>*Blandings-skog.</b>	<p>Skog er dominerande i landskapsbiletet. I delar av dei ytre strøka finn ein stadvis meir open vegetasjon med kystlynghei og open kystfuruskog. Innover i fjordane vekslar det frå reine storvekst lauvskogar, blandingskog, kystfuruskog og store gran -plantefelt. Langs enkelte bratte fjordsider med mykje skred- og forvitningsmateriale, står store og tette edellauvskogar og representerar her viktige naturtypar.</p>	*
<b>KULTURPREG</b> <b>*Velhaldne kultrulandsk.</b> <b>*Kulturminner</b>	<p>I dei fleste LO ligg samanhengjande jordbrukslandskap langs dei slake fjordbremmane. I dei indre delane ligg dei meir spreidd på dei få slake partia i små viker eller bukter. Fleire av LO har ein lang og godt dokumentert historisk tradisjon. Det meste av kulturminne finn ein i dei ytre delane. Spesielt langs dei opne fjordane i Flora er det ein stor tettleik av registrerte buplassar frå steinalder. Innerst i Åfjorden ligg eit av Noregs største kvernsteinsbrot frå forhistorisk tid.</p>	*
<b>AREALBRUK</b> <b>*Jordbruk</b> <b>*Skogbruk</b>	<p>Forutan jordbruk strekk vegane seg langs anten begge fjordsidene, eller som på dei fleste stader på ei side av fjorden. Sentrale riksvegar går gjennom nokre av LO (Eks; 09, 10). Fleire bygder og tettstadar ligg langs fjordane, og langs enkelte fjordsider ligg samanhengjande gardsbruk og mindre grender og set preg på heile landskapsbiletet. (Eks; 03, 04, 05). Spreidde naust og naustrekker er vanleg. Tettstadane har typisk ei blanding av mindre bustadfelt, gardsbruk, sentralt serviceareal og små hamneanlegg. Det typiske er likevel ein spreidd busetnad, som dannar det overordna busettingsmønstret i LT. Granplantefelt og skogsbruk er vanlig i fleire LO.</p>	*
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <b>*Mindre heilskap</b> <b>*Viktige kulturlandskap</b>	<p>Sjølv om hovudforma med breie fjordløp er samlande karaktertrekk, så bidreg ulike småformer, forskjell i tilgrensande LT og arealbruk til ein mindre samlande heilskap. Dei breiaste fjordløpa er mellom 1-2 km i breidda, skapar ein distanse mellom fjordsidene. Likevel blir dei velhaldne kulturlandskapa i enkelte av LO sentrale blikkfang, der dei ligg eksponert i slake sider ned mot fjordkanten. Delen av kulturbetinga areal er i nedgang, noko som bidreg til at slike samanhengjande og opne fjordsider forsvinn. Særleg på nedsida av veg er dette eit synleg trekk, ved at gjengroing her stengjer for utsyn til motsett side.</p>	*

	<b>Landskapstype LT 21 T 02 Småfjord- og storsundlandskap sjå Landskapstype LT 20 T 06 Småfjord- og storsundlandskap</b>
	<b>Landskapstype LT 21 T 03 Våg- og smalsundlandskap sjå Landskapstype LT 20-T 05 Våg- og smalsundlandskap</b>

#### 4.3.2 Landskapstype: 21T04 Fjordbotnar



21T04-03 Osstrupen, Flora. Bratte og steile fjordsider er typisk, men ikkje like ruvande og dramatiske som for LT lengre inn i landet i LR 22 og 23. Her rekk ikkje fjordsidene høgre enn 4-500 moh. N.R



21T04-06 Berlepollen, Bremanger. Eit markert og tydeleg fjordløp med kort avstand mellom kvar side. Her i det ytre kystlandskapet skil LO seg frå dei andre med eit vegetasjonslaust og svært einsarta landskapsbilete. M.C



21T04-04 Vindspollen, Bremanger. Låge fjellheier med små botnar og mindre fjellveggar rammar inn LO. Slak fjordbrem med småskala og spreidde gardsbruk. T.S




21T04-01 Austgulfjorden, Gulen. I fjordbotnen ligg mindre jordbruksgrender på dei slake elveslettene som munnar ut mot fjordbotn.



21T04-08 Kjødspollen, Selje. Her i det nordlegaste LO ligg fjordarmen inn mellom låge kystfjell med bratte fjordsider. Kombinasjon av fiske og jordbruk har lang tradisjon. I frå dei aller fleste LO er det kort veg ut til storfjordet utanfor.



21T04-02 Nordgulfjorden, Gulen. LT med ei låg og ope innramming, som står i kontrast til dei større og meir dramatiske fjordbotnane i dei indre fjordstroka.

	<p><b>Landskapstype: 21 T04 Fjordbotn</b></p> <p><b>Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet.</b></p> <p><b>8 landskapsområde i LR21</b> <span style="background-color: red; border: 1px solid black; padding: 2px;"> </span></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b></p> <p><b>21.6 Fjaler (2 LO), 21.7 Flora/Norddalen (1 LO), 21.8 Hornelen (4 LO), 21.9 Søre Sunnmøre (1 LO)</b></p> <p><b>2 Landskapsområde i LR 20</b> <span style="background-color: orange; border: 1px solid black; padding: 2px;"> </span></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*U-form</li> <li>*Skarpskåren</li> </ul>	<p>Tronge og djupskorne fjordarmar er ikkje ein vanleg LT i LR 21. LT har sine referanseområde i dei indre delane av vestlandsregionen i LR 22 og 23. Har dannar dei djupe og dramatiske, og fleire stadar verdskjende, LO. I den ytre fjordregionen 21, som her er kartlagt, representerar LT berre 8 LO. Fjordbotnane her er betydeleg mindre enn deira slektningar lengre vest, men likefullt med markerte og stadvis svært lukka landskapsrom. Ei veldefinert fjordform strekkjer seg inn mellom kystfjell eller lågfellsheiar med markerte og bratte fjordsider opp mot 4 – 500 moh. Dei låge fjellsidene gjev LO eit mildare uttrykk enn dei større LO i LR 22 og 23. Typisk skilnad er også eit kort fjordløp, enkelte stadar ikkje meir enn eit par km i lengd (eks; 03, 07). I alle LO har ein god kontakt gjennom heile landskapsrommet og i enkelte av LO kan ein sjå frå botn og ut til fjordmunninga (eks; 02, 04, 05, 07). Dei smale fjordane munnar ut mot dei meir storskala småfjord og storsundlandskap eller mot opne breie fjordløp.</p>	<span>*</span> <span>*</span> <span>*</span>
<b>SMÅFORMER</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Brattkyst</li> <li>*Viker og bukter</li> <li>*Bratte fjordsidar</li> </ul>	<p>I grunnfjellsområda i sør vekslar strandkanten mellom brattkyst med svaberg, småklipper og mindre fjellveggar, og små lune viker og enkelte opne bukter (eks; 01, 02). Ei meir homogen strandlinje med heilt rake og uavbrotnne linjeføringar er typisk i dei nordlege LO (Eks; 04, 05, 06, 07). Her ligg ein bratt strandbrem med blokk- og rullesteinstrand av forvitningsmateriale frå dei bratte fjellsidene. Morene- og fjordavsetningar ligg spreidd langs små strekk ned mot strandlinja, ofte berre på eine sida av fjorden (eks; 04, 05, 06). Sjølvé fjordsida stig rask oppetter frå strandkanten med bratte skogkledde sider. Stadvis står eksponerte fjellveggjar fram, med mindre juv innimellom og bryt opp den elles jamne fjordsida.</p>	<span>*</span> <span>*</span> <span>*</span>
<b>FJORD OG VASSDRAG</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Korte og smale fjordløp</li> <li>*Små elvesletter</li> </ul>	<p>Fjordflata er ofte ikkje meir enn nokre hundre meter brei over lengre strekk og aldri meir ein 1 km brei. Dei korte og samanhengjande fjordløpa gjev god kontakt og heilskap gjennom landskapsområda. Det store mangfaldet av fossar og elvar som er typisk for dei indre fjordstroka manglar i LT her. Fleire små bekkefar og elvekløfter ligg i fjordsida, men vatnet er lite framtredande i landskapsbiletet. I dei aller fleste av fjordbotnane drenerar mindre elvar ut over slake elvesletter, og skapar små strender og gruntvatnområde. Stadvis langs fjordløpet ligg mindre elveavsetningar ut i frå bekkefar og små sidedalar. Småvatn eller anna ferskvatn fins ikkje.</p>	<span>*</span> <span>*</span> <span>*</span>
<b>VEGETASJON</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Liten samanheng mellom LO</li> </ul>	<p>Vegetasjonsbiletet er svært variert og har liten samanheng og fellestrekks gjennom LO. I dei to sørlege LO (01 og 02), står storvoksen lauvskog i nedre del av fjordsida med spreidde granplantefelt. I dei øvre delane tek furua over. Dei nordlege LO har eit meir ytre kystpreg på vegetasjonen, med blandingskog av bjørk og kystfuruskog. Berlepollen (06) har nesten ingen skogsvegetasjon i dei bratte og rasutsette fjellsidene. Området vert også nytta som utmarksbeite som held fjordsidene fri for typisk småvoksen skogsvegetasjon. Fellestrekks i dei fleste LO er mindre elvesletter og deltaflater inst i fjordbotnen. På elveflatene er det vanleg med dyrka mark og beitemark.</p>	<span>*</span>
<b>KULTURPREG</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Små grender og gardsbruk</li> <li>*veksling mellom forfall og velhaldne kulturmiljø</li> </ul>	<p>I alle LO, forutan 06 Berlepollen, ligg mindre gardsgrendar og jordbruksområde inst i fjordbotn. Landbruksareala er småskala, med mindre teigar med gras- og beitemark. Langs fjordsida ligg enkelte gardsbruk i småviker eller langsmed flater i fjordsida. Fleire av desse er no fråflytta. Attgrødde slåttenger og lite skjøtta hus og gardsbygningar, vitnar om forfall. Dette er ofte svært tydeleg langs dei små og lukka fjordløpa. Enkelte LO er likevel godt skjøtta i dag med utstrakt beitebruk og velhaldne kulturmiljø med lange tradisjonar (Eks; 04, 06).</p>	<span>*</span> <span>*</span>
<b>AREALBRUK</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Vegar</li> <li>*Granfelt</li> <li>*Oppdrett</li> </ul>	<p>Forutan dei småskala jordbruksgrendene, ligg alle LO med riksvegnett gjennom seg. I enkelte av LO fylgjer riksvegen langs fjordsida gjennom heile LO (eks; 02, 04, 05). Osstrupen (03) i Flora er einaste LO som ligg med eit urørt preg i sjølve fjordløpet. I enkelte LO ligg mindre oppdretts- og små kai anlegg.</p>	<span>*</span> <span>*</span>
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Homogen</li> </ul>	<p>Dei korte fjordløpa og markerte fjordsidene gjev saman, små og isolerte landskapsrom der ein har god kontakt med heile rommet og der fjordløpet med få brot dannar ein samanhengjande heilskap.</p>	

<b>landform gjev samanhengjande heilskap</b>	
<b>REGIONALE VARIASJONAR</b> <b>*Munnar ut mot storskala rom.</b> <b>*Skrinnare vegetasjonsbilete</b>	<p><b>Landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet.</b>  <b>20T09 Tronge fjordbotnar.</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>20.6 Bremangerlandet/Stad (2 LO)</b></p> <p>Tronge og djupskorne fjordarmar er ikkje typisk i LR 20 i Sogn og Fjordane eller Hordaland. Her fins berre to LO i Selje i nordlig del av fylket. Hovudform og landskapskarakter er lik som for LR 21 beskrive ovanfor. Regionale variasjonar i vegetasjonsbiletet er ein ytre kystkontakt som gjev eit meir ope vegetasjonsdekke med lågvaksen skog og lynchhei. Fjordane munnar ut mot eit storskala og ope fjordbasseng. Dette er eit typisk karaktertrekk for ytre fjordbotnar vidare nordover i Møre og Romsdal, og er svært vanleg frå Nord- Trøndelag og vidare nordover langs kysten av Nordland.</p>



20T09-01 Sørpollen, *Selje*. Ein markert fjordbotn med mindre elveslette med gras- og beitemarker. Småvaksen skogsvegetasjon, med småbjørk, einer og furu. Granplantefelt der nyskudd kjem opp i lynchheia.



21T09-02 Nordpollen, *Selje*. Små grender inst i fjordbotnane. Små kystfjelldalar strekkjer seg slakt opp frå fjordbotn, inn mellom kystfjellheiane. Vestavéret set seg fort fast i fjordbotnane og værskilja kan være raske og korte i mellom LO, her ute.

#### 4.3.3 Landskapstype: 21T05 Elvedalar



21T05-07 Guddalen, *Fjaler*. Øvre del av Guddalen ligg med ei tydeleg V-form både i dalsidene og botn. Lengre ned i dalføret vekslar det mellom open u-form og nedskåren v-form.

S.W.B



21T05-13 Osa, *Flora*. Typisk overgangssone i dalføra mellom to LO, gjennom eit skarpskore gjel.

N.R



21T05-04 Markhusvatnet, *Hyllestad*. I nordleg del av LO drenerar vassdraget ut frå Markhusvatnet gjennom ein mindre terskel/gjel, her i midten av biletet. LO ligg på vasskiljet og renn nord mot Hovlandsvassdraget.



21T05-03 Indredale-Espeland, *Hyllestad*. LO startar med eit ope rom der fossar og småbekkar samlar seg i eit botnvatn, før det drenerar vidare gjennom eit gjel mot neste dalrom. Gjenngroing langs vegane er tydeleg framskride i dei fleste LO.




21T05-11 Strandavatnet, *Fjaler*. U-forma elvedal med ein brei dalbotn. Terraserte elveavsetningar i overkant av noverande elveløp. I enden av dalen tek elveløpet ein pause i møte med vatn, innan terskelovergang vidare ut LO. Granplantefelta kjem godt frem når lauvskogen står kledd i haustfarga.



21T05-11 Strandavatnet, *Fjaler*. Gode jordbruksareal på terraserte elveavsetningar er typisk for alle LO. Gardar og små grender skapar samanhengjande kulturlandskap nedetter dalføra.

S.W.B

	<p><b>Landskapstype: 21 T 05 Elvedalar</b>  <b>Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet</b>   <b>15 landskapsområde i LR21</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>21.6 Fjaler (12 LO), 21.7 Flora/Norddalen (3 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b> <b>*V-form</b> <b>*U-form</b>	<p>Samanhengjande og store elvedalar er ikkje typisk og utbreitt i LR 21 som heilskap. Elvedalar er meir knytt til innlandsregionane 22 og 23. Unnatak for LR 21 i Sogn og Fjordane ligg i <b>UR 21.6 Fjaler</b>. Her ligg fleire mindre elvedalar med samanhengjande LO nedetter vassdraga, der Guddalsvassdraget er det største (samansatt av LO 07, 08, 09). Hovudforma veksler mellom overordna U-form i nedre delar av vassdraga til ei meir klar V-form i dei øvre delar før overgangen mot lågfjellsdalane (15T01). Ned etter dalføra veksler det mellom store opne rom og lukka og markerte overgangssoner der vassdraget pressar seg gjennom markerte gjel over mot neste LO. I <b>21.7 Flora/Norddal</b> ligg to daler fordelt på 3 LO.</p>	  
<b>SMÅFORMER</b> <b>*Gjel</b> <b>*Elvesletter</b> <b>*Tjukke lausmassar</b>	<p>Småformene varierar etter kor i dalen LO ligg. I øvre del byrjar LT ofte i eit mindre gjel eller ope bratt skar, der vassdraga fell ned frå lågfjellsdalane ovanfor. Nedanfor startar elvedalen med ein smal dalbotn med små elvesletter, og store fjellryggar står inn i landskapsromma og delar opp og skapar tronge og lukka rom med ei overordna V-form. Stadvise bergveggar og store sva står fram i dalsidene. Vidare ned dalen opnar landskapet seg gradvis opp med breie elvesletter i dalbotn og jamne, skogkledde dalsider. Eit jamt og stadvise tjukt lausmassedekke av morenejord og elveavsetningar er vanleg i alle LO og fleire stader kan ein tydeleg sjå trinna frå tidlegare tider sine elveløp.</p>	  
<b>VATN OG VASSDRAG</b> <b>*Stryk</b> <b>*Terskel fossar</b> <b>*Terskel sjøar.</b>	<p>Sjølve hovudvassdraget med elva er den sentrale landskapskomponenten. Likevel varierar det kor framtredande elvane er. I øvre del fylgjer elva eit rettlinja løp med strie stryk og små fossefall. Nedetter går det roligare over elvesletter, der elva slyngar seg svakt i møte med opne dalrom og drenerar ut i mot store vatn eller små terskelsjøar. Store elveslynger eller meandrar, er ikkje vanleg, slik ein finn i dei større elvedalene i LR 22 og 23. Størrelsen på dalromma er ofte kortare i LR 21, og vatna ligg tettare nedetter dalen. I dei nedre delane av vassdraget dominarar mellomstore til store innsjøar og elva kjem fram i terskelovergangar, med strie stryk der ho brusar gjennom gjel og klyp, før ho rasar over tersklar med breie fossefall (eks; 04, 05, 07, 09). Små bekkar og fossar er vanleg i dalsidene.</p>	  
<b>VEGETASJON</b> <b>*Blandingskog</b> <b>*Vasskjær skog</b> <b>*Våtmarker</b> <b>*Furu</b>	<p>Det overordna vegetasjonsbilete er tett og samanhengjande blandingskog. I dei nedre delane av dalen dominarar storvakse bjørk i dalsidene, og meir vasskjær skog av gråor, osp, selje og viekratt til sida for elvane og vatna. I bratte dalsider ligg mykje rasmark der det på gunstige lokalitetar veks samlingar av edellauvskog (eks; 06, 07, 12). Granplantefelt er vanleg i alle LO, der dei står godt synleg i klynger inne i bjørkeskogen. Furu er det opphavlege bartreet. Furua står spreidd i dalbotn, og meir samanhengjande i øvre del av dalsidene, i overgang mot åsryggar og kollar. Våtmarksområde er utbreidd i dei mange elveosane ut mot vatna, og i overgangane mot større myr flater i dalbotnen.</p>	 
<b>KULTURPREG</b> <b>*Kulturlandsk.</b> <b>*Stadvis gjengroing og forfall.</b>	<p>Jordbruk er viktigaste kulturpreg og ein sentral landskapskomponent i alle LO. Nedetter dalene ligg små- til storskala jordbruksareal på dei lett dyrkbare elveavsetningane. Gardsbruka ligg anten nedetter elveslettene, skilde mellom gras- og beiteeteigar, eller samla i små grender omkring innsjøane. Fleire av myrane har tidligare vore nytta til slått. Desse er i dag prega av gjengroing og forfall.</p>	 
<b>AREALBRUK</b> <b>*Jordbruk</b> <b>*Skogbruk</b> <b>*Forfall</b>	<p>Kombinasjonsbruk med jordbruk og skogbruk har ein lang tradisjon i fleire LO. Barskog dekker det største arealet av produktiv skog og står tydeleg fram i dalsidene. Jordbruksarealet er for det meste småskala omkring innsjøane (eks; 08, 09) og meir storskala i dei breiare dalbotnane i dei lågareliggende LO. Riksvegar slyngar seg gjennom dalane i alle LO, og små skogsbilvegar ligg i dalsidene. Linjespenn strekk seg mellom bygdene, men vert godt kamuflert i den tette skogsvegetasjonen. LT er ikkje prega av særleg arealpress, snarare det motsett. Nedlagde gardsbruk, og lite beiting gjev rask gjengroing av den frodige skogsvegetasjonen og er særleg synleg ned mot innsjøane og langs vegane, der ein ofte har lite utsyn.</p>	 
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <b>*Bevegelse og ro</b> <b>*Gjengroing</b>	<p>Sjølve hovudforma gjev ein stor variasjon og kontrast mellom bevegelse og dramatikk, til opne rolege rom med innsjøar og samanhengjande kulturlandskap. God heilskap gjennom LO'ane med eit gjentakande mønster i fordelinga av landskapskomponentane. Ein god heilskap gjev gjenkjenning og samanheng mellom LO. Storskala og markerte landskapsrom er sentral eigenskap. Likevel inneheld dei oppdelte LO eit vell av småskala opplevingar, med strie elveløp, mindre fossefall og opne rolege vassflater. Gras- og beitemark ligg på elveslettene og til sida for vatna, og skapar kontrast til det elles tette vegetasjonsbilete. I dei aller fleste LO er det likevel eit tydeleg preg av gjengroing og forfall, spesielt omkring vatna og langsetter vegane</p>	

#### 4.3.4 Landskapstype: 21T06 Sprekkedalar



21T06-05 Ulladalen, *Flora*. Ein karakteristisk og særleg representativ sprekkedal i Ø-V retning. Ein overordna V-form ligg tydleg i landskapet. Skarp og markert innramming, typisk for LT. M.C.



21T06-01 Løvikedalen, *Askvoll*. Inngangen til LO frå øst midt i biletet. Ei overordna v-form med bratt fjellvegg i eine sida er typisk for fleire av LO. S.W.B



21T06-01 Løvikedalen, *Askvoll*. Typisk for fleire av LO er at dei ligg som overgangssonar mellom større LO og kor vegar og infrastruktur påvirkar heile landskapsrommet. S.W.B




21T06-03 Steindalen, *Flora*. I enkelte av områda ligg dalbotn med mellomstore gras- og beitemarker. Ein tett skogkledd dalbotn strekk seg opp mellom avrunda kystfjell. N.R



21T06-05 Ulladalen, *Flora*. Klipper, fjellveggar og mindre fossefall og elvar tilførar dynamikk og bevegelse i dei elles lukka landskapsromma.



21T06-03 Steindalen, *Flora*. Nede i dalbotn renn små og mellomstore elver i rettlinja løp. N.R

	<p><b>Landskapstype: 21 T 06 Sprekkedalar</b>  <b>Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet</b> <span style="color: red;">█</span>  <b>6 landskapsområde i LR21</b></p> <p><b>Fordeling på underregionar:</b>  <b>21.7 Flora/Norddalen (5 LO), 21.8 Hornelen (1 LO)</b></p>	<b>BE-TYD-ING</b>
---	---	-------------------

<b>HOVUDFORM</b>  <b>*V-form</b> <b>*Rettlinja dalrom</b> <b>*Lita stigning i lengdeprofil</b>	<p>Sprekkedalar er LO med ei gjennomgående dalform som dannar eit heilskapleg landskapsrom. I LR 21 er LT berre knytt til <i>UR 21.7</i>. Ein kompleks geologi strekk seg frå øst mot vest med eit mangfold av bergartar, skyvegrenser og forkastingar. Alle LO ligg her langsmed sentrale skyvegrenser eller i skilje mellom bergartssoner. Hovudforma er eit langstrakt dalrom, med ei overordna v-form. Typisk er eine sida bratt til heilt vertikale og storforma fjellveggar. Dalbotn er hellande ned mot eit sentralt elvefar og stadvis glasialt u-forma. Alle LO ligg med anten slak og jamn stigning eller inga stigning i lengdeprofilen. Alle LO ligg med to utgangar, anten open utgang begge vegar (Eks; 01, 05, 04) eller med ein stigande utgang mot to ulike fjellområde på kvar side (eks; 02, 03). Skil seg frå klart frå lågfjelldalane og kystfjelldalane, ved eit rettlinja dalløp, utan utprega U-form og botn.</p> <p>Sprekkedalar, kløfter og skar finst i ei mengd fleire stader i LR 21, spesielt i åslandskap, elvedalar og kystfjelldalar. Her er dei småformer som er del av ein større heilskap og ikkje teke ut til sjølvstendige LO og LT.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>SMÅFORMER</b> <b>*Fjellvegger</b> <b>*Rasmark</b>	<p>Bratte fjellveggar ligg ofte til ei av dalsidene og skapar ei dramatisk innramming. Langsetter dalføret ligg mindre og avlange åsryggar og kollar som strekk seg i lengderetninga. Fleire små klipper og berghamrar står fram i åssidene. Mykje skredmateriale i større og stadvis opne rasmarker inn under fjellveggane er vanleg. To av LO ligg med ei meir open utforming med tynne morenedekker og myr – og torvdekke (eks; 02, 03).</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VATN OG VASSDRAG</b> <b>*Små elvefar</b> <b>*Vass-skilje</b>	<p>Vanleg for LT er rettlinja elvefar, ofte med vasskilje ut i to retningar, eller der to far samlar seg, og drenerar ut over sentralt knekkpunkt midt i dalføret (Eks; 02, 03). Større vassflater er meir uvanleg då hovudforma er hellande, men i LO 05 Ulladalen ligg sprekkedalen med ei djup utforming som har skapt rom for det langstrakte og djupe Haukåvatnet.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>VEGETASJON</b> <b>*Blandings-skog</b> <b>*Tett veg.bilde</b>	<p>Vegetasjonsbiletet er tett blandingsskog der bjørka dominerer mot dalsidene og furu tek over oppetter. Langs dalbotn ligg meir vasskjær lauvskog med selje og gråór. På små flater ligg myr med overgangar mot slåtte og beite bakkar. I rasmarker og øvre del av dalsidene står ofte storbroten bjørkeskog med ein rik flora i botnvegetasjonen m.a. storbregnesamfunn (Eks; 02, 03) I enkelte av LO finn ein edelauvskog i sør vendte brattsider (Eks; 01, 05)</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>KULTURPREG</b> <b>*Lita samanheng</b>	<p>Nokon særprega kulturell samanheng har ikkje LT. Mindre stølssamlingar ligg i øvre delar av nokre LO, men er i dag i gjengroing (eks, 02, 03). Aktivt jordbruk berre i LO 01 og 03 Steindalen.</p>	<span style="color: green;">*</span>
<b>AREALBRUK</b> <b>*Vegar</b> <b>*Småkraft</b> <b>*Små jordbruks-areal</b>	<p>Vekslar frå riksvegnett tvers gjennom LO (eks; 01, 05) til område med lite teknisk inngrep (eks; 02). To av LO ligg med småskala jordbruksareal nede i dalbotn. Småkraftverk i LO 03.</p>	<span style="color: green;">*</span> <span style="color: green;">*</span>
<b>LANDSKAPS-KARAKTER</b> <b>*Lukka landskaps-rom</b>	<p>Markerte dalrom med bratte og ofte dramatiske stor- og småformer, skaper ei skarp og lukka innramming. Bratte dalsider og jamn dalbotn gjev ein god kontakt med heile LO. Samanheng og heilskap i landform og småformar, mindre heilskap i kulturpreg.</p>	

#### 4.3.5 Landskapstype: 21T07 Skog og åslandskap



21T07-09 Gjølanger, *Fjaler*. I Fjaler ligg store LO med høge skogsåsar og dalar der dalbotnen utgjer dels store innsjøar. S.W.B



21T07-16 Holtane, *Askvoll*. Fleire LO ligg på fjordkuldrer i overkant frå fjordsida. Mot nord, over Førdefjorden, LO 18 Kyrkjehaugane. S.W.B




21T07-05 Skinhamrane, *Hyllestad*. I dei ytre stroka ut mot kysten strekk LO seg ut med langsgåande og ofte skarpe ryggar på storforma nes og oddar.




21T07-14 Åsen, *Flora*. Kystfuruskog dominar vegetasjonsbiletet i dei aller fleste av LO. Typisk veksling med store åsryggar og dalforsøkk med mellomstore vatn. N.R.



